

# **Årsrapport 2010**

**Fylkesmannen i Hordaland**

# Innhold

<b>Kapittel 1 - Om embetet</b>	Side 4
<b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer</b>	Side 7
<b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>	Side 17
Kongehuset	Side 17
Miljøverndepartementet	Side 17
Landbruks- og matdepartementet	Side 22
Kunnskapsdepartementet	Side 38
Statens Helsetilsyn	Side 58
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 60
Justis- og politidepartementet	Side 62
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 66
Arbeidsdepartementet	Side 71
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 75
Samferdselsdepartementet	Side 91
Utenriksdepartementet	Side 91
Kulturdepartementet	Side 91
Fomyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 91
Andre	Side 94
Endringer i årsrapporten	Side 96

# Kapittel 1 - Om embetet

## 1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

Årsrapporten frå Fylkesmannen i Hordaland viser bredde og variasjon i oppgåvene med klagesaksbehandling, utøvande forvaltningsmynde, tilsyn og kontroll. Embetet legg stor vekt på kvalitet i saksbehandlinga og kort saksbehandlingstid. Det er viktig at brukarane opplever at det er tilfelle.

Fylkesmannsembetet er eit informasjonspunkt og arrangerer årleg 50-60 konferansar og seminar for kommunar, institusjonar, friviljuge organisasjonar og andre. Dessutan gir nettoppslaga våre grunnlag for mange oppslag i lokal- og regionalpressa.

Fylkesmannen har eit særlig samordningsansvar for all offentleg forvaltning i fylket. Gjennom kommunemøte, regionmøte, konferansar, seminar og regionalt statsettleiarforum i Hordaland utøver vi dette ansvaret på ein aktiv måte.

Dei seinare åra har vore prega av høg økonomisk aktivitet og press på attraktive og verna områder. Embetet har i 2009 hatt særskilt fokus på arbeidet med klagesaker etter plan- og bygningslova og har nytta store ressusar grunna stor auke i saksmengde dei siste åra.

Folketal pr. 1. januar 2011 syner at Hordaland framleis veks godt, men det er store regionale skilnader. Omlandkommunar til Bergen har hatt opp til tosfra prosentvis vekst i folketalet dei siste fem åra, mens innlandskommunanen har hatt ein jamn tilbakegong.

Etter eit svært godt år i 2006 for kommuneøkonomien, fekk vi ei svekking for 2007 og særleg i 2008. Fylket har kommunar med store fond - desse fekk ein bratt nedtur. Ikkje uventa vart 2009 betre, og for fylket u/Bergen må vi tilbake til 2006 for å finne betre netto driftsresultat. Vi er usikre på kva resultata for 2010 vil bringe.

Som nemnt i fjor er det eit uttrykk for den økonomiske stoda at stadig fleire kommunar innfører generell eigedomsskatt. I 2006 var det 26 kommunar med eigedomsskatt på verk og bruk, men berre fire kommunar hadde skatt på bustader med meir (egentleg fem, men ein kommune avvikla). Pr. 2010 er det 15 kommunar.

Bergen, Odda, Voss og Vaksdal kommunar har hatt slik skatt lenge. Såleis kan vi si at 75 - 80 prosent av innbyggjarane i fylket bur i ein kommune med generell eigedomsskatt.

Fylkesmannen legg vekt på tett samkvem med kommunane for ei best mogleg samhandling mellom kommune og stat.

### Interne forhold

Hordaland fekk i 2010 ny fylkesmann. Lars Sponheim tok over etter fylkesmann Svein Alsaker som gjekk av med alderspensjon 1.4.2010.

Fylkesmannen i Hordaland har i 2010 hatt fokus på å vidareutvikle organisasjonen. Det er sett i gang ein stor organisasjonsutviklingsprosess med tre hovudformål:

1. Budsjetttilpassning. Tilpasse talet på tilsette til tildelt budsjett slik at midlar kan frigjerast til lønnsauke og til kompetansetiltak. Embetet er avhengig av så raskt som mogleg å kunne tilby konkurransedyktig lønn for å behalde og rekruttere gode medarbeidarar. Vi har ikkje hatt høve til å leggje egne midlar inn i lønnsforhandlingane, og vi klarer ikkje å konkurrere lønnsmessig med andre offentlege etatar. Dette har mellom anna medført at turnoveren har auka kraftig, og i 2010 var den på 11 %.
2. Omorganisere for å få ein meir effektiv og samordna organisasjon, og slik sikre ei betre oppgåveløysing. Det har i særleg grad vore behov for å sjå på ein meir heilskapleg og samordna organisering av planområdet/plansaker og helse, sosial- og barnevernsområdet. Omorganiseringa har mellom anna medført at vi har samla plansaker, byggesaker, kommunale saker og beredskap i ei stor avdeling. Vi har og samla helse, barnevern og sosiale saker i ei avdeling.
3. Utvikle leiargruppa, m. a. ved at det vert semje om strategiske og prinsipielle saker gjennom drøftingar i leiargruppa.

Omorganiseringsprosessen har vore gjennomført i nært samarbeid med organisasjonane på verksemdsnivå og er no inne i ein slutfase. Organisasjonsendringa trer i kraft frå 1.april 2011.

### **Leiarskaputvikling – Fylkesmannen 2010**

Leiargruppa deltok i 2010 i program for leiarskaputvikling initiert av FAD. Dette har vore eit nyttig tiltak som har gitt leiinga tid og høve til å arbeide med leiarskap, både individuelt og samla som leiargruppe. Embetet vil følgje dette vidare opp i 2011 med eige leiartutviklingsprogram som skal inkludere mellomleiarar. Programmet skal ha fokus på å utvikle ein lokal leiarpattform, samstundes som det vil bli satt i verk fleire utviklings- og kompetansetiltak for leiarar.

### **Medarbeiderundersøkinga – Fylkesmannen 2010**

Medarbeiderundersøkinga synte at medarbeidarane i all hovudsak opplever embetet som ein god arbeidsplass, med varierte og interessante arbeidsoppgåver, og med et godt sosialt og fysisk arbeidsmiljø. Undersøkinga ga oss samtidig tilbakemelding om at vi har fleire område som må betrast, og i særleg grad var det knytt til personalleing, organisering og fordeling av arbeidsoppgåver, og moglegheit for karriereutvikling. Embetet har forsøkt å legge tilrette for å ha ei open, trygg og god dialog med medarbeidarane om korleis ting kan gjerast betre. Det har i heile prosessen vore eit nært samarbeid med organisasjonane og arbeidsmiljøutvalet for korleis undersøkinga skal følgjast opp. Det er semje om oppfølging både på eit overordna embetsnivå og på avdelingsnivå.

Tiltak på overordna nivå:

1. oppfølging i leiarmøta
2. system for medarbeidersamtaler
3. Organisasjonsutviklingprosess
4. Kompetanseplan
5. Leiarutvikling

Det har vore ei utfordring i oppfølgingsarbeidet at undersøkinga ikkje samsvarte med vår organisasjonsstruktur, og at ein del av spørsmåla heller ikkje var tilpassa vår organisasjon. Dette har m.a. ført til nokre tolkingsutfordringar, både i høve til kven som er målt og korleis besvarelsene skal tolkast. Ei viktig tilbakemelding er derfor at utbyttet av undersøkinga hadde vore større om den var betre tilpasset vårt eige embete i form og innhald.

#### Kommuneundersøkinga – Fylkesmannen 2010

Difi-rapporten synte at rådmenn og ordførarar meiner Fylkesmannen i Hordaland kjenner fylket sitt godt og er ein god talsmann for kommunane andsynes nasjonale styresmakter. Som i resten av landet var kommunane i Hordaland mindre nøgde med sakshandsamingstid og handtering av plan og bygningssaker.

Resultatet av undersøkinga var på dagsorden då fylkesmannen hadde sitt årlege møte med ordførarar og rådmenn og andre statsetatar på Solstrand i oktober 2010. Fylkesmannen har sett i gang fleire interne prosessar for å ta tak i nokre av dei utfordringane som kom til syne i kommuneundersøkinga. Her vil og omorganiseringa med konsekvens for arbeid med plan- og bygningsloven, venteleg bety mykje.

## 1.2 Rapportering på ressursbruk

### 1.2 Budsjett 2010

Tildelinga på kap. 1510 post 01 var på 90,6 mill. kroner brutto i 2010 inkl ei overføring frå føregåande år på 0,2 mill. kroner. I tillegg kjem inntekter på kap. 4510 på tilsaman 4.5 mill kroner. Rekneskapa viser eit mindreforbruk på 1,5 mill. kroner. Det var gjennomført strenge innsparingstiltak for å halde budsjetttramma. Eit av tiltaka var krav til vakanse i ledige stillingar. Dette har ført til store utfordringar i høve til resultatoppnåing. Årsaka til mindreforbruket ligg primært i aktivitetar embetet har inngått avtale på i 2010, men først blir effektuert i 2011.

Departement	Kap1510	Fagdep
Miljøverndepartementet	kr 13 181 596,56	kr 3 300 298,93
Landbruks- og matdepartementet	kr 13 729 359,76	kr 0,00
Kunnskapsdepartementet	kr 6 446 039,26	kr 12 638 755,09
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 3 490 333,71	kr 219 018,67
Justis- og politidepartementet	kr 4 492 068,93	kr 94 665,34
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 6 448 168,75	kr 0,01
Arbeidsdepartementet	kr 2 217 803,75	kr 925 557,16
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 13 787 551,62	kr 7 279 466,90
Andre	kr 28 829 856,28	kr 0,00
<b>Sum:</b>	kr 92 622 778,62	kr 24 457 762,10

## 1.3 Andre Forhold

### Miljøtiltak

Fylkesmannen skal følge opp Handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Som eit ledd idette arbeidet har embetet inngått kontrollmedlemskap i Grønt Punkt Norge AS. Vi stiller med dette krav til våre leverandørar om at dei er medlem av ei returordning for emballasje, eller oppfyller vilkåra ved eigen handsaming av emballasje på ein miljøvenleg måte.

Fylkesmannen i Hordaland har og ei sentral rolle som pådrivar og samordnar i arbeidet med Knutepunkt Hordaland. Knutepunkta er etablert som prosjekt for å sikre større gjennomslagskraft for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøpsprosessar, og skal vere ei fagleg støttetjeneste for offentlege verksemdar. Ass.fylkesmann er leiar for styringsgruppa i Knutepunkt Hordaland, medan den praktiske gjennomføringa er lagt til Innkjøpsavdelinga i Bergen kommune.

Internt i Statens Hus arbeider fylkesmannen saman med huseigar Entra Eigendom AS om miljøleingsystem. Vi har idag høg sorteringsgrad på avfall, og vurderer å innføre ei tredjeparts sertifisering tilpassa verksemda, til

dømes Miljøfyrtårnet si ordning.

## **Innkjøp**

Embetet har føremålstenlege rutinar og støttesystem i eigen organisasjon som sikrar at risikoen er låg for brot på regelverket i samband med innkjøp. Embetet har eigen innkjøpskoordinator som og er medlem av innkjøpsforum. Embetet har tatt i bruk Merzell KGV løysing, og vi har i fleire år hatt eit innkjøpssamarbeid med Bergen kommune.

## Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

### 2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornyning av offentleg sektor

Fylkesmannen i Hordaland har i 2010 fortsett arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen og å rettleie kommunane i forvaltning og forståing av lovgrunnlag og økonomi for å styrke rettstryggleiken og medverke til en stabil kommuneøkonomi.

Det er oppretta et eige statsetatsleiarforum som vert samla med jamne mellomrom. Forumet organiserar også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. I år var kommunane sine krav og ønsker overfor fylkesmannen og andre statsetatar samt statleg samordning tema for dag ein. Dag to var klimatufordringar, og moglegheiter for fiskeri og landbruk, statleg-kommunalt samarbeid om barnevern, samfunstryggleik og beredskap viktige tema. Det var lagt opp til gode debattar rundt dei ulike tema.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve, og for 2010 kan nemnast at vi fortsatt har arbeidd med tema som barn- og unge sitt oppvekstmiljø, samfunnstryggleik og beredskap, samordna informasjonsstrategi og samordning innan plansaker. Kvar 14. dag blir det halde internt møte med avdelingsleiarane – noko som medverkar til samordning inner og utetter.

Embetet har i 2010 utvida leiarmøta for å betre organet si evne til styring av embetet. Det vert også satt i verk ei større omorganisering for å "spisse" embetet mot viktige saker og auke effektiviteten. Denne omorgnsneringa vil verte implementert i første halvdel av 2011.

Embetet deltek på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatar. Fylkesmannen deltar i regionstyret for Innovasjon Noreg, og deltek aktivt i fylkeskommunen sitt arbeid med regional utviklingsplan og regional næringsutvikling.

Det eksisterer ei tverrfagleg gruppe for plansaker internt på embetet.

Fylkesmannen orienterar vidare kommunen om rettar og plikter på dei ulike saksfelt, og gir rettleiing om generell sakshandsaming og bruk av lovverk for å sikra kvaliteten på sakshandsaminga.

Embetet arrangerer årleg 50-60 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har òg kvalitetssikra data når vi har funne dette naudsynt og nytta KOSTRA i vår kommunikasjon med kommunane for å syne brukarnytten. Det hjelper - dei fleste kommunar nyttar nå KOSTRA aktivt. Nokre kommunar er sårbare på personalområdet og har ved høve ikkje overhalde fristar for rapportering av førebelse tall. Fylkesmannen i Hordaland har teke dette opp med kommunane.

Fylkesmannen har også i år utarbeidd ein samanfattande rapport om den økonomiske stoda i alle fylket sine kommunar. Rapporten strekker seg tilbake til 2005. I tillegg er det lagt ut 2009-tal for den einskilde sektor i den einskilde kommune i form av rapportgeneratorar. Rapporten er publisert på heimesida vår og marknadsført overfor kommunane.

Som tidligare år er fylkesmannen invitert ut til kommunar og fylkeslag for å gjennomgå kommuneøkonomien ved hjelp av KOSTRA og statsbudsjett/kommuneprp. m prognosar.

For 2010 har Fylkesmannen fordelt ein skjønnsnett på kr. 140,0 mill. Av desse vart kr. 4,5 mill gitt i prosjektskjønn. Fylkesmannen har gitt prosjektstønad til interkommunale prosjekt.

Av ramma på kr. 135,6 mill. for 2011 er kr. 17,5 mill. førebels ikkje fordelt mellom kommunane. Fylkesmannen vil auke delen til fornying og prosjekt.

Fylkesmannen er initiativtakar eller medverkar i ei rekke med prosjekt, til nytte for kommunar og offentleg forvaltning elles. Eit av desse, Prosjekt ulovlege byggetiltak, med støtte frå Miljøverndepartementet, har som mål å redusere ulovleg bygging ved å styrke kompetansen til kommunane og gje råd og rettleiing slik at kommunene på ein trygg måte kan gripe fatt i og følgje opp slike saker. Prosjektet har ei aktiv nettside som i 2010 vart nytta av nesten 150 byar/tettstader og samtlege fylke i landet. Prosjektet er blitt "nasjonalt". Det er forventa vidare auke i

bruken av denne informasjonskjelda, [www.fmho.no/ulovleg](http://www.fmho.no/ulovleg)

Det har vore halde 3 møte i Tilsynsforum. Det har vore nedsett ei gruppe som skal syte for at embetet og Statens Helsetilsyn i Hordaland harmoniserer tilsynet sitt overfor kommunane. Dette gjeld metode. Det er verdteke at det skal utvekslast kontrollopplysningar med Hordaland fylkeskommune. Kontrollsjefen i fylkeskommunen skal være med på eitt møte i Tilsynsforum pr år.

Embetet er blitt engasjert av Statens Kartverk til å forestå opplæring i tilsyn som systemrevisjon etter matrikkellova.

## 2.2 Velferd, helse, personleg tenesteyting og likestilling

Arbeidet med Omsorgsplan 2015 og dei fire hovudstrategiane blei vidareført i samarbeid med KS og Husbanken, undervisningsheimetenestene og undervisningssjukeheimen m.fl. Kommunane og spesialisthelsetenesta har oppretta møteplassar, sett i verk samhandlingsprosjekt og arbeider med planar for fleire. Fylkesmannen er kjend med og har gitt tilskot til fleire desse tiltaka.

Tilsyn med helse- og omsorgstenester til eldre har vore prioritert i fleire år. Eldretilsynssatsinga blir følgd opp med tilsyn innan fleire tenesteområde, formidling av tilsynserfaringar i møte med kommunane og spesialisthelsetenesta og kartlegging av korleis kommunane bruker tilsynserfaringar til forbetring. Tilbakemeldingar frå kommunane om dette arbeidet blir brukte til å styrkje og utvikle dialogen med kommunane.

Resultatkravet for planlagde tilsyn med helsetenestene i 2010 blei oppfylt. Oppgåver som følgjer med kontaktfylkeslegefunksjonen og tilsynet med fylkesovergripande helseføretak blei utført.

I løpet av siste fireårsperiode har talet på klage- og tilsynssaker til Helsetilsynet i Hordaland auka med 85 %. Aktivitetsnivået i avdelinga er høgt, men med så stor auke i enkeltsaker er det svært krevjande å halde fristane for saksbehandlingstid. I 2011 vil avdelinga mest sannsynleg ikkje oppfylle resultatkravet for planlagde tilsyn.

Kommunane vidarefører i hovudsak arbeid som blei sett i gang i opptrappingsplanen for psykisk helse. Det er behov for møteplassar og vidareutvikling av samarbeid imellom kommunale tenester, med andre velferdstenester og med spesialisthelsetenesta. Det gjeld spesielt tilbod til rusmiddelavhengige.

Oppgåvene som følgjer med pasientrettslova kapittel 4A er omfattande. Rettleiing og undervisning til helsepersonell er ei prioritert oppgåve. Ressursinnsatsen på dette feltet er vesentleg større enn tilskotet frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Vi har fulgt opp oppdrag og satsingar i folkehelsepolitikken, først og fremst i samarbeid med fylkeskommunen og kommunane som er med i partnerskapen for folkehelse.

## 2.3 Oppvekst, barnehagar og utdanning

### Barnehageområdet

Etter at alle kommunane har oppfylt kravet om full barnehagedekking etter fastlagt norm og planer, har fylkesmannen sett fokus på dimensjonering og vedlikehald av naudsynt kapasitet.

Hordaland er eit stort barnehagefylke med mange private barnehagar. FM har hatt eit omfattande arbeid med tilskottsforvaltinga.

Eit komplisert regelverk og ofte små ressursar i kommunane til å gjere sin del av arbeidet, har gjort FM sitt arbeid svært tidkrevjande både når det gjeld vegleing og omfattande oppfølging og kontrollverksemd. Klagesakene når det gjeld likeverdig behandling har vore omfattande og kompliserte, og ekstra krevjande fordi rettstilstanden ofte har måtta bli avklara undervegs. Når det har vore behov for prinsipiell avklaring gjennom KD, har dette forseinka saksbehandlinga fordi ein har måtta vente lenge på svar og har måtta purra på svar. Det gjeld generelt når det gjeld regelavklaringar. I klagesaker om opne barnehagar har det teke lang tid før svaret har komme, og framleis er det ei klagesak som ikkje er behandla etter tre kvart år. Dei opne barnehagane tek kontakt med oss for få vite svar på klagehandsaminga, og det er lite tilfredstillande å ikkje kunne få sluttbehandla sakene..

Når tilskotta no er innlemma i rammetilskottet til kommunane frå 2011, krev dette eit stort informasjonsarbeid.

FM har hatt det nye regelverket opp på fleire kommunesamlingar, både i høyringsperioden og heildagssamling då regelverket kom, seint på hausten. FM har organisert ein beredskap på området slik at kommunane alltid skal få umiddelbar respons når dei ber om hjelp. Det er også tilbod om oppfylgjingskurs i regionane.

FM har hatt merksemd på at ambisjonsnivået om kvalitet i barnehagane skal vere høgt og at kravet om kvalitet blir fylgt opp i kommunane som har tilsynsmynde, hos barnehageeigarar, både offentlege og private. Fokus har vore med utgangspunkt i St.meld. nr. 41 (2008-2009 ) Kvalitet i barnehagen, rammeplanen og NOU 2010 Med forskertrang og lekelyst. Særleg viktig er det at barnehagane har nok tilsette og har krav til kompetanseheving både blant ufaglærte og førskolelærarar og at det blir rekruttert nok førskolelærarar.

FM har gjennomført årlege kartleggingar for å avdekke talet på dispensasjonar i fylket. Talet er relativt stabilt.

Tilsynet med kommunane som barnehagemynde er blitt styrka som fylgje av auka ansvar for kommunane, og fokus på at krava i barnehagelova skal oppfyllest og såleis medverke til at kvalitetskrava blir etterlevd.

Kommunane er i all hovudsak positiv til den måten FM har gjennomført tilsyn på. og uten unntak rapportert om lukking av avvik innan fristen.

### Skuleområdet

FM har fylgt opp dei ulike tiltaka som låg i embetsoppdraget.

Tiltak knytt til Kompetanse for kvalitet, Strategi for vidareutdanning av lærarar, og tildelinga av midlar til etterutdanning, er utført i høve til oppdraget. Arbeidet blei koordinert i ei samarbeidsgruppe for kompetanseutvikling, ei gruppe som er breitt samansett av dei ulike aktørane frå skoleeigarar og kompetansemiljø: Kommunane, fylkeskommunen, dei fire utdanningsinstitusjonane i fylket, representant frå lærarorganisasjonane, KS og FM.

GNIST-satsinga i fylket er koordinert i ei eiga arbeidsgruppe som fylgjer opp dei ulike elementa. Grappa er samansett av samarbeidsaktørane, forutan FM er følgjande med: representant frå KS, Utdanningsforbundet, lærarstudentane og representant frå utdanningsinstitusjonane i fylket.

FM arrangerte på oppdrag frå Udir ein regional konferanse om skole/læringsmiljø som fekk gode tilbakemeldingar.

Når det gjeld det generelle arbeidet for å fremja likestilling, mellom kjønn, etnisk likestilling og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne, tek FM opp tema i ulike fora og i dialog med barnehage- og skoleeigarar.



Arbeidet med universiell utforming blir prioritert. Utdanningsavdelinga har vore representert i arbeidsgruppe på embetet og informert om tiltak som må gjennomførast for at det skal vere ein reelt inkluderande barnehage- og skole.

Tilsyn har vore hovudoppgåva for FM på utdanningsområdet. FM har oppnådd målsettinga på tilsynsområdet, iberekna tidsbruk til medarbeidarar i to samarbeidsprosjekta med Udir for å utvikle felles nasjonalt tilsyn 2010 og 2011 og rundskriv på § 9a-3.

Å utarbeide, gjennomføre og fylgje opp tilsyn etter ein felles metodikk og detaljert gjennomføringsplan er krevjande, både for tilsynsmyde og for objekta. Merksemda omkring tilsyn på utdanningsområdet generelt, og resultatet av dei tilsyna som har vore gjennomført, særleg det landsomfattane, har tydeleggjort skoleeigarane sitt ansvar for at grunnopplæringa er i samsvar med gjeldande lovverk og tilhøyrande forskrifter.

Om tilsyn fører til betre praksis og betre læringsmiljø for elevane, trengs det forskning for å ha noko meining om. Også tidsbruken og den detaljerte sentralstyringa må kritisk evaluerast for å få fram om dette er den mest effektive og tenlege måten å få til nødvendige forbetringar i skoleverket på.

Skuleeigar er i hovudsak positiv til tilsynet og den måten FM har gjennomført oppdraget på, men ynskjer ei sterkare kobling opp mot krav om og tiltak for å sirka kvaliteten i opplæringa, og dermed fokus på det som fremmar god læring for alle elevar.

### Opplæring innenfor kriminalomsorgen

Tre årsverk på kontoret er knytt til dette området. Eit av årsverka er eit engasjement som går ut 31.12.2011.

Fylkesmannen i Hordaland er delegert det nasjonale ansvaret for opplæring innanfor kriminalomsorga. På dette området gjeld det administrasjon og oppfølging av tilskottsmidlane, fagleg/pedagogisk oppfølging og utviklingsarbeid og ein viss grad av internasjonal kontakt. Fylkesmannen er vidare delegert ansvaret for å følgje opp Plan for oppfølging av St.meld.nr. 27 (20042005).

#### **1 Vidare oppfølging av St.meld.nr.27 (20042005):**

Fylkesmannen i Hordaland har sett i gang følgjande på dette området:

**Realkompetansevurdering.** Eit nasjonalt 3årig prosjekt om realkompetansevurdering som Fylkesmannen har delegert til Vox blei avslutta 31.12.2009. Sjå rapport nr 2/10 "*Din tur til å bevis*". Oxford Research AS har evaluert prosjektet. Sjå rapport nr 4/10 "*Med blikket rettet fremover*".

Arbeidet med vidare implementering av prosjektresultata starta hausten 2010 og går fram til desember 2012.

**IFI (Internett for innsette) fjernundervisning/nettstøtta læring.** Fylkesmannen i Hordaland har eit prosjekt om nettstøtta læring i opne fengsel og ved oppfølgingsklassene. Oxford Research evaluerer prosjektet. Prosjektet blei avslutta 31.12.2010.

Når det gjeld IFI løysinga (Internett for innsette) har utdanningsstyresmaktene (Udir og FMHO) i samarbeid med kriminalomsorga (KSF – Kriminalomsorgens sentrale forvaltning, KITT – Kriminalomsorgens ITteneste) utvikla ei nasjonal løysing med kontrollert tilgang til internett. I samarbeid med KSF og KITT har vi arbeidd vidare med å utvikle og implementere løysinga. Arbeidet heldt fram i 2010 og i 2011 skal alle fengsla vera knytta opp mot denne løysinga.

**Kartlegging av innsette sin utdanningsbakgrunn** Universitetet i Bergen har etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland gjennomført ei ny kartlegging av innsette sin utdanningsbakgrunn, behov, ønsker og arbeidssituasjon våren 2009. Sjå rapportane nr 1/10 "*Innsette i norske fengsel: Kompetanse gjennom utdanning og arbeid*" og nr 3/10 "*Innsette i norske fengsel: Motiv for utdanning etter soning*".

**Høgare utdanning.** St.meld.nr.27 (20042005) gjekk inn for at *Fengsel, Aetat og skole lokalt må finne frem til løsninger som i minst mulig grad skaper unødige praktiske hindringer, og som i størst mulig grad legger til rette for deltakelse i høyere utdanning.* Fylkesmannen gav Institutt for kriminologi og retts sosiologi, UiO og Grønland Voksenopplærings senter i oppdrag å kartlegge situasjonen for norske innsette som ønskjer å ta høgare utdanning. Denne kartlegginga ligg føre i rapporten "*Fange og student? Et utredningsprosjekt om universitets og høyskoleutdanning i norske fengsler.*" Fylkesmannen vil i 2011 setje ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med problemstillingane knytta til høgskole- og universitetsutdanning for innsette.

#### **2 "Informere og se til at skoleeiere ivaretar sitt ansvar for innsatte i henhold til opplæringslova".**

Strategiane vi nyttar i høve til dei ulike aktørane er tildelingsbrev, møte, fagsamlingar, prosjekt og vidare implementering av prosjektresultata.

I førebels tildelingsbrev og i tilskottsbrev til fylkeskommunane kvart år blir skoleeigar gjort merksam på dei overordna politiske styringsdokument som gjeld for dette området og for skoleverket generelt. Skoleeigar blir gjort særleg merksam på i førebels tildelingsbrev og tildelingsbrev at innsette med rett og plikt til gs og innsette med rett til vidaregåande opplæring skal prioriterast.

I tildelingsbrev for 2009 blei fylkeskommunane bedne om å lage ein ny plan for opplæringa innanfor kriminalomsorga med dei overordna politiske styringsdokumenta som rettesnor. I dette arbeidet blir fylkeskommunen beden om å ha med samarbeidspartar frå dei aktuelle skolane, kriminalomsorga (lokalt og regionalt), NAV og eventuelt andre aktuelle samarbeidspartar. Dette arbeidet har halde fram i 2010.

Fylkeskommunane, skolane, kriminalomsorga har blitt gjort særleg merksame på Rundskriv G1/2008 frå JustisogKunnskapsdepartementet om *Forvaltningssamarbeid mellom Opplæringssektoren og Kriminalomsorgen*

Fleire Fylkesmenn har gjennomført tilsyn med fylkeskommunen på dette området med særleg vekt på om dei innsette som har ein rett til opplæring, får retten sin innfridd.

### **3. Stimulere til samarbeid og nettverk tverrfaglig og tverretatlig mellom skoleeiere, universitet/høgskoler og andre aktuelle organisasjonar og fagmiljøer**

Fylkesmannen i Hordaland har engasjert fleire universitetsmiljø til å gjennomføre evaluering og kartlegging på dette området, til dømes: Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Oxford Research AS og Arbeidsforskningsinstituttet.

Rapporten *Innsatte i norske fengsler Utdanning, utdanningsønske og motivasjon*

TemaNord 2008:592(Nordisk Ministerråd) Det er den første kartlegginga nokonsinne i nordisk samanheng som er gjennomført om innsette sin utdanningsbakgrunn. Initiativet til denne nordiske kartlegginga kom frå Nordisk nettverk for fengselsundervisning. Fylkesmannen i Hordaland har administrert prosjektet og den faglege koordineringa har administrert prosjektet og det faglege koordineringa har vore lagt til Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen, i samarbeid med Eikeland forskning og undervisning. Cirius NordPlus Voksen har gitt økonomisk støtte til prosjektet. Denne rapporten blei med støtte frå Nordisk Ministerråd omsett til engelsk *Education in Nordic Prisons Prisoners' Educational Backgrounds, Preferences and Motivation* TemaNord2009:508. Med støtte frå dei nordiske kriminalomsorgs- og utdanningsstyresmaktene blei rapporten *Nordic Prison Education A Lifelong Learning Perspective* revidert og oppdatert i høve til forskning, kartlegging og utvikling i nordisk kriminalomsorg og fengselsundervisning TemaNord 2009:536.

Som ei oppfølging av rapporten TemaNord 2008:592, gav NordPlus Voksen i 2009 midlar til å utvikle eit kartleggingsverktøy/ein intervjuguide som skal nyttast for ein nordisk kartlegging av utlendingar sin utdanningsbakgrunn, behov og ønsker for utdanning. Dette kartleggingsverktøyet blei utvikla i 2010 av forskarar frå dei nordiske landa. Det faglege arbeidet blei leia av UiB og Fylkesmannen leia den administrative delen. Dette arbeidet blir følgt opp med nasjonale kartleggingar i 2011 og med ein samanfattande nordisk rapport i 2012.

Fylkesmannen i Hordaland er kontaktperson for Nordisk nettverk for fengselsundervisning.

I Koordineringsgruppa for opplæring innanfor kriminalomsorga møter Kriminalomsorgens sentrale forvaltning og Fylkesmannen i Hordaland 3-4 gonger i året for å drøfte overordna problemstillingar innanfor området (tidlegare var også Utdanningsdirektoratet representert i Koordineringsgruppa).

I nokre kriminalomsorgsregionar innkallar regionen Fylkesmannen i Hordaland, fylkeskommunane og fylkesmennene for å drøfte opplæringstilboda i regionen. I tillegg er det i ein del fylkeskommunar eit Fagleg forum som drøftar opplæringstilboda i fylkeskommunen.

### **4. Videreføre KrAmiprojektet i henhold til prosjektplanen.**

Fylkesmannen i Hordaland har fått i oppdrag å prøva ut ein ny modell for tilbakeføring av straffedømde som er etablert i Troms og i Rogaland – TUA (Tilbakeføring gjennom utdanning og arbeid. Det er vidareutvikling av KrAmiprojektet i Sverige). Prosjektet kom i gang hausten 2008 og etter godkjenning av styringsgruppa er prosjektperioden blitt forlenga til 31.12.2012. Arbeidsforskningsinstituttet har fått ansvar for å evaluere prosjektet.

## 5. Relevante fagkonferansar som Fylkesmannen har hatt ansvar for eller vore med i planlegginga av:

- IFagsamling. Målgruppe: Lærarar i opplæring innanfor kriminalomsorga
- I Utrulling av IFI (Internett for innsette) Regionsksamlingar. Målgruppe: fengselsleiarar, fengselspersonale, skoleleiarar og lærarar.
- I Nordisk IKT møte: Målgruppe: Ansvarlege for skole, IKT og tryggleik i dei nordisk landa.
- I Seminar om nettstøtta læring.
- I Erfaringssamling for bruk av IKT/Internett: Fengsels- og skolepersonale i dei fengsla som har fått på plass IFI løysinga.
- Nordisk konferanse om fengselsundervisning
- Konferanse om Entreprenørskap
- Europeisk konferanse i februar 2010 om fengselsundervisning i Ungarn i regi av EU-kommisjonen. I EU kommisjonen bad Fylkesmannen i Hordaland vera med i ei ekspertgruppe som fekk i oppgåve å planlegge denne konferansen.

Elles viser Fylkesmannen til eigen nasjonal rapport for området.

## 6. Forvalte tilskottsordning kap 225 post 68 Tilskudd til opplæring innanfor kriminalomsorga jf resultatområde 31.7 Tilskotsforvaltning

I dette arbeidet har Fylkesmannen kontakt med Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, Justisdepartementet, dei seks kriminalomsorgsregionane. Budsjettet som blir tildelt fylkeskommunane kvart år , blir fordelt etter visse kriterier. Framlegg til budsjettfordeling blir drøfta i Koordineringsgruppa (representantar for Fylkesmannen i Hordaland og Justisdepartementet v/Kriminalomsorgens sentrale forvaltning) for opplæring innanfor kriminalomsorga. KSF sender også forslaget til budsjett til kriminalomsorgsregionane for å få innspel til budsjettfordelinga. Fylkesmannen reviderer reknskap og gjennom årsrapporteringa får vi eit bilete av om ressursane blir nytta i høve til føresetnadene. I 2010 måtte Fylkesmannen gripe inn i høve til Hedmark fylkeskommune fordi vi såg at skolen ved Kongsvinger fengsel hadde altfor få innsette i høve til tildelte midlar. Prosessen førte til at ein annan vgs fekk ansvaret for opplæringa ved fengslet, og vi har no tru på at ressursane blir utnyttta til beste for den innsette og institusjonen.

## 7. Oppfølging av St.meld.nr. 37 (2007-2008) *Straff som virker*, herunder tilrettelegging av opplæringstilbod for unge lovbrutarar

Fylkesmannen har nær kontakt med Kriminalomsorgens sentrale forvaltning (KSF) på dette området. Som ei oppfølging av stortingsmeldinga skal KSF lage ein ny strategisk plan for arbeidsdrifta. Fylkesmannen er representert både i arbeidsgruppa og i styringsgruppa for prosjektet.

Når det gjeld opplæringstilbodet for unge lovbrutarar (Ungdomseininga - UE), er Fylkesmannen representert i Fagrådet for UE i Bergen. Fylkesmannen er med i utarbeiding av romprogrammet for nybygget av UE i Bergen. Fylkesmannen har nær kontakt med KSF når det gjeld utvikling av UE både i Bergen og Oslo.

**Oppsummering.** Det er ein omfattande aktivitet på dette området. Regjeringa har sagt at det no er etablert opplæringstilbod i dei fengsla som skal ha skole. I 2010 blei Halden fengsel opna med eit omfattande opplæringstilbod. Vi har lagt ein strategi og nytta ein metodikk for å nå resultatmåla på ein god måte. Vi meiner det er samsvar mellom våre planar og resultatmåla. Elles meiner vi at Fylkesmannen i Hordaland har eit team med god kompetanse som gjer at vi arbeider med dette området på ein fagleg forsvarleg måte i høve til dei overordna nasjonale måla.

Området med klare krav til budsjettstyring, fagleg/pedagogisk utvikling, oppfølging av St.meld.nr.27 (20042005) og St.meld.nr.37 (2007-2008) og internasjonal kontakt, krev fleire faste årsverk enn det som er tildelt.

## 2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Innsatsen på plansida har vore stor i Hordaland også i 2010. Her er framleis mange plan- og dispensasjonssaker. Mengda av regulerings-planar har blitt redusert med 1/3 fra 2009, mens dispensasjonssakene berre er noko

reduert. Her er saksmengda framleis svært høg, rundt 1600 dispensasjonar til høyring. Strandsona er framleis hovudgrunn for motsegn, sjølv om RPR for areal og transport samt barn og unge også er sentrale tema.

Fylkesmannen har også i 2010 deltatt aktivt i samarbeid med fylkeskommunen om vidare opplæring/formidling av PBL2008. Plangruppa med representantar frå beredskapseininga, miljøvern-, landbruks-, helse-, utdannings- samt justis- og forvaltningsavdelinga deltek i månadlege møte i regionalt planforum i tillegg til at vi er medarrangørar av plannettverk som tek for seg ulike faglege tema innan planlegging etter pbl.

Det har vore avvikla 20 meklingsmøter i 2010. I 10 av desse vart partane samde. 4 motsegnssaker vart sendt til Miljøverndepartementet.

Det er stort fokus på areal/transport og parkering i Bergensområdet. Fleire motsegner er knytt til parkeringsdekning og samanheng med lokal luftforurensing i Bergen, også kommuneplanens arealdel i Bergen.

Prosjektet ulovlege byggjetiltak er vidareført i 2010 med støtte frå Miljøverndepartementet. Eigen nettside med regelmessige oppslag og tett kontakt med media er ein viktig del av arbeidet. Fleire kommunar har vist at dei får ulovlege bygg ført tilbake til lovleg tilstand. Det er framleis svært mange ulovlege byggjetiltak, så det er viktig at arbeidet mot ulovlege tiltak held fram. Les meir på heimesida til prosjektet: [www.fmho.no/ulovleg](http://www.fmho.no/ulovleg).

Justis- og forvaltningsavdelinga handsamar klagesaker etter plan- og bygningslova - både klager i byggesaker og klager på kommunane sine vedtak om reguleringsplanar. Talet på innkomne saker auka i 2010 i høve til 2009. Det kom i 2010 inn 718 klagesaker mot 630 i 2009.

Avdelinga har i 2009 hatt mindre ressursar til klagehandsaming enn året før. Dette har gjort at det i 2010 vart handsama færre klagesaker enn i 2009. Avdelinga handsama i 2010 548 klagesaker mot 763 i 2009. De mindre ressursane har også medført at embetet på dette saksfeltet har fått ein stor auke i restansar - frå 88 ubehandla saker pr. 31.12.09 og 52 ubehandla saker i slutten av januar 2010 til 258 ubehandla saker pr. 31.12.10. Som følgje av dette oppfyller ikkje embetet lenger fagdepartementa sitt krav om at saksbehandlingstida ikkje skal overstige 3 månader. Ved inngangen til 2011 ligg saksbehandlingstida på klagesaker etter plan- og bygningslova på mellom 5 og 6 månader.

Etter oppmoding frå Kommunal- og regionaldeprtementet arrangerte avdelinga i april 2010 konferanse for veiledere m.m. og i mai 2010 konferanse for kommunane om byggjesaksdelen i ny plan- og bygningslov som vart sett i kraft 01.07.10. Konferansene vart halde i Bergen og kvar gjekk over 2 dagar. Etter avtale med fylkesmannen i Sogn og Fjordane utvida vi konferansen til også å omfatte dei 26 kommunane der - i tillegg til dei 33 kommunane i Hordaland. Til saman dekte såleis dette konferanseopplegget for kommunane 59 kommunar.

Arbeidet med kjernekartlegging blei vidareførte i 2010. Arbeidet vil fortsetja i 2011. Målet er at alle kommunar i Hordaland skal ha kartlagt kjerneareal landbruk. Kjernearealarbeidet er eit sentralt verktøy som vi har samarbeida med kommunane om å gjennomføre. Pr.31.12.10 har 28 kommunar gjennomført eller er i prosess med kjernearealkartlegging i ein eller annan form. Bergen kommune har gjennomført ei kartlegging etter eit eige system. I nokre tilfelle er kartlegginga og politisk handsama i kommunen. Fylkesmannen og kommunane har hatt stor nytte av kartlegging i kommuneplanarbeidet.

## **2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern**

Fylkesmannen har eit aktivt samarbeid med næringa sine fagorganisasjoner og det regionale partnerskapet knytt til å utnytte landbruket og bygda sine ressursar i næringsssamheng. Det er samarbeid på leiarnivå i Regionalt Næringsforum gjennom jamlege møte og tett samarbeid på sakshandsamarnivå innan enkelte tema og bransjar, t.d. reiseliv, lokalsamfunns- og entreprenørskapsarbeid. At fylkeskommunen har vorte tildelt roller inn mot tradisjonelt landbruk, aukar samhandlinga og fokuset på landbruket regionalt.

Partnerskapen er godt koordinerte på verkemiddelbruk og planar, mellom anna gjennom Regionalt utviklingsprogram (RUP) og temaplanar (klima, reiseliv, næring osv) som etter kvart tek over for fylkesplan. Fleire fellesprosjekt knytt til landskapsparkear, Livoglyst, beitenæringa er med å sette fokus på fylket sine utfordringar og styrker.

Innafor skogbruket blei det i 2010 etablert skognæringsforum der entreprenører, industri, næringa, kommunane, fylkeskommune og fylkesmannen deltek. Skogstrategien " ta hordlandsskogen i bruk" er førande for det arbeidet næringsforaet skal jobbe med.

Det regionale partanarskapet fekk gjennomslag i KRD for å satse vidare på å utvikle kommunane som gode utviklingsaktørar. I 2010 har det vore gjennomført både kurs og samlingar innefor dette området.

Fylkesmannen har ei viktig rolle i å støtte og følgje opp nettverket Fagforum Inn på tunet i tillegg til informasjonsarbeid og kunnskapsformidling. Dette har vi jobba aktivt med gjennom heile 2010. Fylkesmannen har også medverka til informasjon i kommunane i Hordaland når det gjeld Inn på tunet-løftet. Vi har delteke på møte i kommunane. Det har vore køyrt gode prosessar for å få på plass politis, administrativ og tverretatleg forankring i både Voss, Odda, Ullensvang og Eidfjord. Desse kommunane med fleire kjem, til å søkje om IPT-løft midlar, og dei har gode føresetnader for å lukkast med sine IPT-løft prosjekt.

Miljøvernavingdelinga følgjer opp hovudprioriteringene. Søkjelyset og forvaltingsinnsatsen på naturforvaltningsområdet generelt aukar og med det talet på enkeltsaker og oppfølging av tiltak i forvaltingsplanane. Auka rammer til naturforvaltning, eigne prosjektstillingar innan vassforskrifta, Vosso-laksen og grunnforurensning har gjort at vi har behalde aktivitetsnivået frå 2009. Innan tilsyn er også aktiviteten auka sjølv med redusert kapasitet ein periode. Eigne prosjektmidlar og gebyrinntekter er heilt nødvendig for å gjennomføre faste oppgåver frå direktorata. Vi har bedt Klima- og forurensningsdirektoratet sjå på sammensetninga av gebyrinntektene for å auke gebyrsatsane innan tilsyn.

Den fyrste forvaltingsplanen for Vassregion Vestlandet vart godkjent i statsråd i juni 2010. Fyrste møte i nytt vassregionutvalg arrangerte fylkeskommunen i april. Vi er igang med karakteriseringsarbeidet i fleire kommunar.

Redingsaksjonen for Vosso-laksen starta opp i 2009, og vi har eigen prosjektleiar. Forskningsfangsten av Vossolaks i sommar viser ein klår auke. Det er ein overvekt av kultivert fisk i fangstane. Utsettingspålegg i regulerte vassdrag er også fylgt opp.

Ny stilling innan grunnforurensning legg tilhøva til rette for auka satsing på dette feltet. Opprydding i forurensa sediment i Bergen er i gang i to prosjekt.

Vi legg inn ressurser i å halde Miljøstatus oppdatert. Nettsidene til Fylkesmannen vert og nytta for nyhend, i sakshandsaminga og i rettleiing mot kommunane.

Kommuneundersøkelsen har levert resultat frå ein landsomfattende gransking på avløp og motorferdsel i tre kommunar.

Per 1. juli dreiv alle avfallsplassane etter krava i deponiforskrifta. Vi har fått mange henvendingar om ulike avfallsfraksjoner avfallsplassane kan ta i mot.

Fylkesmannen vart i 2010 styrkt over Miljøverndepartementet sitt budsjett i høve til arbeidet med å sikre naturmangfaldet. Styrkinga medførte at vi makta å slutføre arbeidet med forvaltningsplanar for Folgefonna med tilhøyrande landskapsvernområde, samt revisjon av forvaltningsplan for Hardangervidda. Vidare vart det utarbeidd forvaltningsplan for Vollom og Tjeldstømarka Naturreservat. Vi har og andre planar i arbeid, men ressursane strekk ikkje til for å halda ønska framdrift. Ikkje minst fordi utarbeiding av forvaltningsplanar krev at oppfølgingstiltak og må gjennomførast.

Naturmangfoldlova er teken aktivt i bruk og kommunane er gjevne første innføring gjennom kursing i samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning.

Hovedfokuset i arbeidet med nytt vern har elles vore friviljug skogvern, der vi i 2010 har kome i dialog om to nye område med svært stort vernepotensiale, samt gjennomføring av marin verneplan.

Vi er i rute i høve til ordninga for lokal forvaltning av verneområde.

Arbeidet med å sikre truga, sårbare og spesielt verdifulle naturtypar og artar, mellom anna gjennom handlingsplanar, var høgt prioritert i 2010. Fylkesmannen i Hordaland har vore ansvarshavande for handlingsplan for dvergålegras, og i 2010 har ein del oppfølgingstiltak blitt gjennomført. Vi vart tildelt midlar for to nye handlingsplanar, men av kapasitetsomsyn måtte deler av dette, i samråd med DN, utsetjast til 2011. Gjennom deltaking i nasjonal prosjektgruppe har vi medverka til utvikling av overvakingismetodikk for verneområde.

Det er gjennomført kartlegging, overvaking, informasjon og andre tiltak for å hindre negative effektar og spreiding av framande organismar. I 2010 har vi fokusert på Vestamerikansk hemlokk og kjempespringfrø, i tillegg til det løpande arbeidet med fjerning av ikkje stadeigne treslag frå verneområde.

Gjennom høyringsinnspel og ved å fremme motsegn, har Fylkesmannen sett fokus på at kommunane tek

klimatemsyn i høve til mellom anna utbyggingsmønster og transport.

## 2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har ei sentral rolle ved kriser og katastrofar i fred, som samordnar av samfunnstryggleiksarbeidet i fylket. Fylkesmannen prioriterar planlegging for å sikra at samfunnet er best mogleg budd på å handtera kriser og ulukker m.a. med arbeid med risiko- og sårbarheitsanalysar, beredskapsplanar, øvingar og opplæring.

### Risiko- og sårbarheitsanalyse for Hordaland

Oppfølging av konkrete tiltak i FylkesRos er berre i noko grad følgd opp. Denne oppfølginga vil uansett gå over fleire år.

Kommunane har framleis ikkje gode nok overordna kommunale ROS- analysar. I tilsyna får kommunane merknad på dette og med forventning om å prioritera dette.

Endringane i plan- og bygningslova gjeldande frå 1.7.2009 har vore ei medverkande årsak til større fokus på området. Det same kan og seiast om lov om kommunal beredskapsplikt.

Kommunane i Hordaland er minna på at dei må vedta akseptkriteria til bruk i ROS-samanheng. Fleire av kommunane har alt gjort slike vedtak, men det store fleirtalet vil venteleg få dette på plass i 2011. I tilsynssamanheng har og manglande ROS bruk vore avvik eller merknadsårsak. Fylkesmannen har ellers gjennomført 2 kurs i ROS-analyse for kommunane i løpet av 2010.

### Øvingar i 2010

Det er gjennomført 2 beredskapsøvingar: Ei for "Objektberedskap - Olje/gass installasjonar" (Table-Top). og ei for **Fylkesberedskapsrådet og Atomberedskapsutvalet** (Table-Top). Tema var ei uønsk hending med reaktorartøy i innseglingssleia til Haakonssvern. I tillegg til naudetatane si deltaking deltok også 6 kommunar og Statens Strålevern.

For alle kommunane i Hordaland er det gjennomført varslingsøvingar. Dette også i og med det nye krisestøtteverktøyet DSB/CIM.

Det er vidare gjennomført samling/øving for embetet si kriseleing når det gjeld SBS kriseplanverket.

### DSB/CIM krisestøtteverktøy

Nokre kommunar har delteke i brukaropplering. Sjølv om at det er forventningar frå DSB til at dette verktøyet skal verta operativt i løpet av 2011, slit vi med at dette er frivillig for kommunane, i tillegg til at fylkesmannen har signalisert at bruken av dette skal tonast ned i embetet.

### Status i kommunane

Fylkesmannen har i 2010 ført beredskapstilsyn med 8 av kommunane i Hordaland. Kommunane si evne til krisehandtering og beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga, ROS og politisk forankring var prioriterte tema.

### Samfunnstryggleik i arealplanlegginga

Som høyringsinstans i arealplansaker legg Fylkesmannen vekt på å sjå til at det vert teke omsyn til risiko og sårbarheit i arealplanlegginga. Det vart i løpet av 2010 naudsynt å retta fleire motsegner mot kommunale arealplanar/del/kommuneplanar, i hovudsak grunna manglande ROS-analyse. Kommunane vurderer i aukande grad risiko og sårbarheit i arealplansaker og gjer det synleg i saksframlegga. Likevel er det eit godt stykke att til at alle kommunane har dette som faste og gode nok rutinar.

### Beredskapsvarsel

I 2010 fekk vi 17 varsel og meldingar om ulike krisehendingar eller krisesituasjonar frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, Meteorologisk institutt, Statens strålevern og andre.

### Atomberedskap

26. oktober vart det arrangert samling for 6 av kommunane uønskt hending med reaktorartøy i innseglingssleida til Haakonssvern. Fleire av kommunane har oppdatert sine atomberedskapsplanar. Utplassering av jodtabletter i dei resterande 4 av 6 kommunane er starta opp og vil venteleg verta fullført i 2011. Før utplassering må mellom anna det vera utarbeidd ein lager- og distribusjonsplan. Dette arbeidet har gått noko tregt.

### Ressursberedskap/NARRE

Hordaland har vore med i eit pilotprosjekt med oppbygging og utprøving av eit Nasjonalt ressursregister for redning og beredskap (NARRE). Fylkesmannen har saman med naudetatane og andre delteke i prosjektet, som har

til mål å utvikla eit felles nettverkty for registrering av rednings- og beredskapsressursar.

Grunna m.a. manglande økonomi i prosjektet frå sentralt hald, vart dette prosjektet avikla i 2010. "Rest" NARRE har Bergen Brannvesen teke over.

## **Kapittel 3 - Resultatområder**

### **Kongehuset**

#### **00.1 Kongelige besøk**

I 2010 hadde Hordaland følgjande besøk fra Kongehuset:

12. februar: H.M. Dronning Sonja åpner Ole Bull-jubileet i Bergen (DNS).

26. mai: DD.MM. Kongen og Dronningen åpner Festspillene i Bergen. Arrangementet omfatter Kongeparets møte med befolkning og korpsbevegelse, den høytidelige åpning, Bergen kommunes festspillunsj og Festspillenes åpningskonsert.

27. mai: H.M. Dronning Sonja åpner årets Festspillutstilling i Bergen Kunsthall og deltar på markering av Ole Bull-jubileet på Lysøen i Os kommune.

3. juni: H.M. Dronning Beatrix av Nederland og DD.MM. Kongen og Dronningen besøker Bergen i anledning det Nederlandske statsbesøk i Norge.

22. juni: H.M. Dronning Sonja åpner Bybanen i Bergen.

29. september: H.K.H. Kronprins Haakon besøker Bergen i anledning Global Dignity Day. Kronprinsen deltar senere på Røde Kors sin Blodbankstafett fra Haakonsvern til Bryggen. Programmet avsluttes med besøk ved blodbanken på Haukeland Universitetssykehus.

#### **00.2 Tildeling av ordener og medaljer**

Det vart i 2010 tildelt 34 Kongens fortjenstmedalje i sølv og tre Kongens fortjenstmedalje i gull.

### **Miljøverndepartementet**

#### **Resultatområde 01 Naturens mangfold og friluftsliv**

Hovudprioriteringane i embetsoppdraget er følgde, jfr kap 2. Viser elles til halvårs-/ årsrapport til DN som lekk i styringsdialogen.

#### **01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurse**

Redingsaksjonen for Vosso-laksen starta opp i 2009 og vi har eigen prosjektleiar. Forskningsfangsten av Vossolaks sommaren 2010 viser en klar auke. Det er ein overvekt av kultivert fisk i fangstane.

Vi har i 2010 laga nye nettsider om fiskereglar i Hordaland. Her finn ein informasjon om fiske etter laks- og sjøaure i vassdrag og sjø. Det er òg informasjon om fiske etter innlandsaure. Fredingssoner, og fisketider med ulike garnreiskap er kartfesta. Sida er ein av dei mest leste hos oss. Vi merkar at det blir mindre telefonar om fiskereglar etter at fiskesidene vart publisert. Det er òg lettare for andre å svare på spørsmål om temaet etter at



nettsidene vart publisert.

Vi er i ferd med å oppdatere sjøfangstregisteret. Registeret fungerer ikkje optimalt, då fiskarane sender inn ufullstendige data. Systemet burde ikkje godtatt ufullstendige opplysningar. Då får vi jobben med å innhente meir opplysningar, bl.a kartfesting av fiskeplassane. Vi sender no ut kart til alle fiskarane som ikkje har kartfesta fiskeplass, og vil i løpet av året legge desse inn i sjøfangsregisteret.

Kalking skjer i samsvar med planar både når det gjeld lokale og nasjonale kalkingsprosjekt.

Utsettingspålegg i regulerte vassdrag er også fulgt opp.

### **01.3 Fremmede arter og GMOer**

## **Resultatområde 03 Rent hav og vann og giftfritt samfunn**

### **03.1 Helhetlig hav- og vannforvaltning**

Den første forvaltningsplanen for Vassregion Vestlandet vart godkjent i statsråd i juni. Første møte i nytt vassregionutvalg vart arrangert av fylkeskommunen i april og utvalget er igang med arbeidet. Vi har starta arbeidet med karakterisering i tre kommunar.

Hordaland fylkeskommune har brukt 2010 til å tilsette personar som skal arbeide med vannforskrifta. Vassregion Hordaland er inndelt i 5 vassområde. Vi har starta arbeidet med karakterisering og ventar på etablering av dei fem vassområdeutvala der kommunane peiker ut faglege kontaktpersoner.

### **03.2 Overgjødning og nedslamming**

Avløpsaksjonen frå 2008 vart følgd opp hausten 2010 for alle dei anlegga som ble kontrollert for to år siden

### **03.3 Oljeforurensning**

Vi arbeider med å oppdatere MOB-kartet for Bergen og omland.

### **03.4 Miljøgifter**

For skipsverft er varsel om pålegg om tiltaksplan på land og i sjø sendt til alle aktuelle i 2010. Vi har hatt høg aktivitet på dette området. Alle verfta med trong for tiltak fekk ikkje pålegg om tiltaksplan innan fristen 30. november 2010. Dette skuldast at fire av verfta har levert mangelfulle granskingar, og synfaring/møte/ytterligere granskingar må gjennomførast før vi eventuelt kan sende pålegg om tiltaksplan. Fire av lokalitetane er i tiltaksplanområdet for Bergen havn, og framdrift vil bli koordinert med det arbeidet. To verft fikk ikke medhald i klage på pålegg om å gjennomføre granskingar, og skal derfor gjennomføre de no. I to av områda, er det og andre store forureiningskjelder som vi vil pålegge å gjennomføre granskingar. I desse områda vil det vere best å koordinere framdrifta med dei prioriterte verfta.

Klima- og forurensningsdirektoratet finansierer ein prosjektstilling hos Fylkesmannen i Oslo og Akershus og ein hos Fylkesmannen i Hordaland over to år for å arbeide med prioriterte grunnforureiningsaker i eige og andre fylke.

Arbeidet består i å avslutte dei attverande sakene (ca 130 B-listesaker) som ikkje vart avslutta i Prosjekt "Grunnforurensning 2005". Det vart tilsett ein person i Hordaland 1. november 2009. Framdrifta i prosjektet har vore hindra dels av ein hard vinter med store snømengder som hindra synfaring og sein avklaring fra Klif om den praktiske framgangsmåten ved saker utenfor eige fylke.

Det er nå tre saker til handsaming i Hordaland, ein i Finnmark og ein i Nordland

### **03.5 Avfall og gjenvinning**

Per 1. juli dreiv alle avfallsplassane etter krava i deponiforskrifta. Vi har fått mange henvendinger om ulike avfallsfraksjonar avfallsplassane kan ta i mot.

Vi har gjennomført 4 tilsyn på deponi for å kontrollere gassoppsamling. Vi har og kontrollert 7 massetipper i Bergensområdet hausten 2010

Vi gjennomført 8 tilsyn med anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall

Vi har gjennomført 10 tilsyn med forhandlere med EE-avfall.

Vi har og gjennomført Aksjon returmetall. Det er langt færre tilsynsobjekt enn listene fra Klif inneholder

## **Resultatområde 04 Et stabilt klima og ren luft**

### **04.1 Klimaendringer**

Regional klimaplan vart vedteken i fylkestinget i juni 2010.

Vi kommenterer kommunale klimaplaner og tar klima med som tema i andre uttaler og innsigelser i plansaker.

### **04.4 Lokal luftkvalitet og støy**

T-1442 er godt kjent i bykommunane, men mindre både kjent og brukt i omegnskommunane.

Bergen har hatt ein positiv utvikling og kvaliteten på støyrapportene i plansakene er vorten betre.

Bergen har med krav til støy i sine kommuneplanbestemmelser

Bergen er i gang, vi er ikke kjent med at andre kommuner arbeider med et slikt kart.

## **Resultatområde 05 Internasjonalt miljø samarbeid og miljø i nord- og polarområdene**

### **05.3 Miljø samarbeid i nord- og polarområdene**

Vi deltek med ein person i eit prosjekt i Arkhangelsk region leia av Klima- og forurensingsdirektoratet.

## **Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling**

Innsatsen på plansida har vore stor i Hordaland også i 2010. Her er framleis mange plan- og dispensasjonssaker (se 06.2). Mengda av reguleringsplanar har blitt redusert med 1/3 fra 2009, mens dispensasjonssakene berre er noko redusert. Her er saksmengda på rundt 1600 dispensasjonar til høyring. Strandsona er framleis hovudgrunn for motsegn, sjølv om RPR for areal og transport samt barn og unge også er sentrale tema. Fleire av medarbeidarane på plansida har slutta i 2010. Det har gitt utfordringar ift kapasitet og oppfølging.

Av kapasitetsgrunner har vi ikkje gitt uttale til dispensasjonssaker etter juni 2010 og har ikkje igangsatt planlagt dispensasjonsprosjekt.

Prosjektet ulovlege byggjetiltak er vidareført i 2010 med støtte frå Miljøverndepartementet. Eigen nettside med regelmessige oppslag og tett kontakt med media er ein viktig del av arbeidet. Fleire kommunar har vist at dei får ulovlege bygg ført tilbake til lovleg tilstand. Det er framleis svært mange ulovlege byggjetiltak, så det er viktig at arbeidet mot ulovlege tiltak held fram. Les meir på heimesida til prosjektet: [www.fmho.no/ulovleg](http://www.fmho.no/ulovleg).

## 06.1 Ansvar for at nasjonal politikk formidles og ivaretas

Stort fokus på areal/transport og parkering i Bergensområdet. Fleire motsegner er knytt til parkeringsdekning og samanheng med lokal luftforurensing i Bergen, også kommuneplanen sin arealdel i Bergen.

Strandsona er framleis hovudfokus i reguleringssakene i Hordaland og i 2010 har ein del av sakene frå 2009 vorte slutført. Desse prosessane er krevjande og fleire saker er sendt til endeleg handsaming i MD. Handtering av strandsona på kommuneplannivå og arbeid med avgrensing av funksjonell strandsona har vore tema for samarbeidsprosjekt med kommunane i Sunnhordland. Arbeidet vert vidareført i interkommunal plan og pilotprosjekt

FDP små kraftverk i Hordaland vart i 2010 sendt til MD for endeleg handsaming i forhold til at INON og rødlisteartar vert tatt ut av retningslinene til planen i den politiske handsaminga. Saka er ikke avgjort.

MVA har hatt leiaransvar for plangruppa der tverrfaglege plantema har vore ein viktig del. Frå 2011 vert organiseringa endra med oppretting av eigen Kommunal- og samfunnsplanavdeling. På den nye Plan- og samfunnstryggleiksseksjonen her vert ressursar frå miljøvern- og landbruksavdelinga samt beredskapseininga samla. Helse er ikke innlemma ennå.

06RA1. 2 planeksempel som viser gode miljøløysingar v/bruk av ny PBL:

Lindås kommune har utarbeidd ein reguleringsplan for Kvamsvågen. Planen skal mellom anna sikre eit offentleg friluftsområde. Friluftsområda er regulert som friområde under den nye arealkategorien ”grønstruktur”. Friluftsområdet ligg i tilknytning til eldre bygningsmiljø med naust, kvernhus og ein husmannsplass. Omsynssone for kulturmiljø blir brukt for å sikre kvalitetane her. Omsynssone for naturmiljø er nytta for å sikre eit våtmarksområde som også ligg innanfor planområdet.

Det har vore motsegn og mekling knytt til annan arealbruk i planområdet. Meklinga har ført fram og motsegna er trekt. Etter kva Fylkesmannen kjenner til er ikkje reguleringsplanen endeleg vedteken enno, men vi reknar med å få vedteken plan tilsendt om ikkje lenge. Planen har planid 1263-25082004 i braPLAN:

<http://braplan.geoweb.no/braplan/> .

Kommunedelplan for Huglo i Stord kommune vart vedtatt i kommunestyret 16.12.2010. Hovedmålsetninga med planarbeidet har vore å utvikle øya Huglo til eit robust, berekraftig og triveleg lokalsamfunn. I planarbeidet har det vore fokus på kartlegging av funksjonell strandsona med aktiv bruk av omsynssoner og tilpassa byggegrenser. I Hordaland har dette planarbeidet vore eit utviklingsarbeid i høve til bruk av planføremål, føresegnar og plankart/SOSI-koder. Dette gjeld særleg for strandsona. Planframlegget hadde konflikter i høringsfasen, men etter god prosess vidare, er ein kome fram til omforente løysningar. Les mer om planen her: [Huglo – Kommunedelplan - Stord kommune](#)

## 06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist

**06SO4:** Fylkesmannen har også i 2010 deltatt aktivt i samarbeid med fylkeskommunen om vidare opplæring/formidling av PBL2008.

**06RA3:** FMHO har i 2010 hatt 122 reguleringsplanar til offentlig ettersyn og 190 til oppstart. Vi har hatt 25 kommune- eller kommunedelplaner til handsaming. 15 av desse var planprogram.

**06RA4:** Det er fremja motsegn til 44 planer. 39 var motsegn til reguleringsplan. Nokre motsegner går på flere tema. Strandsona er hovudgrunn og går att i 18 motsegner. ATP: 11, barn og unge :8, landskap: 5, fjellområda: 2, beredskap :4 og landbruk: 7.

**06RA5:** Tal på saker til uttale nær 1600 (1592) i 2010, dvs ca 100 færre saker enn i 2009. Dei aller fleste høringssakene er etter ny pbl. Vi klaga på 228 vedtak i 2010, mot 331 i 2009. Det er klaga på totalt 114

vedtak, der 18 vart handsama hos FM i Rogaland og 96 hos FM i S & Fjordane. Vi fekk medhald i 100 saker og ikkje medhald i 14 saker. Landbruksomsyn var 19 av klagene, strandsone var 55 av desse.

**06RA6:** 20 avvikla meklingsmøter i 2010. For 10 av desse vart partene samde. 4 saker vart sendt til MD i 2010.

**06RA7:** 6 saker frå Hordaland vart handsama i MD i 2010. For 4 av desse vart motsegnene tatt til følge og ein vart delvis tatt til følge (Kplan Bergen). 1 reguleringsplan; Kvernuri i Jondal; vart stadfesta.

### **06.3 Samordning av statlige interesser**

Fylkesmannen har gjennomført årleg samling med statsetatane og kommunane (Solstrandsamlingen) der mellom anna samordning på planområdet og ny organisering ved embetet var eit tema. Samordningsoppdraget er elles ivareteke ved sektorvise møter og ved deltaking i regionalt planforum. Embetsleiinga var også representert i arbeidet med regional planstrategi.

### **06.4 Kart og geodata**

Fylkesmannen leier Geodatautvalet i fylket. Ny geodataplan er godkjent. Digitale planregister er under arbeid i fleire regionar og dette vert teke opp særskilt i møter med kommunane. Utover dette arbeidet har vi ikkje kapasitet til å arbeide med kompetanseutvikling på kart og geodata i kommunen. Det må kommunane sørge for selv.

Plan- og temadata har vore prioritert i 2010 i eit eige prosjekt under Geodatautvalet.

## **Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver**

### **07.2 Kunnskapsoppbygging og miljøinformasjon**

Vi prioriterer oppdatering av Forurensning og Miljøstatus høgt. Oppdraga på Forurensning er utført. Oppdatering av Miljøstatus vert gjennomført tidleg i 2011.

Vi har ikkje prioritert å delta i prosjektet Livskraftige kommunar.

### **07.3 Virkemidler og prosesser**

Tilsyn har hatt eit omfang på omlag 2,5 årsverk. Sjukemeldingar førte til at vi ikkje klarte å auke innsatsen frå 2009. Ein ny tilsatt starta i august. Gebyrinntektene auka noko til omlag 1,5 millionar kroner.

Tilsyn er ei fast oppgåve for Fylkesmannen. Klima- og forurensningsdirektoratet må sjå nærare på samansetninga av gebyrinntektene i dei einskilde fylke. Mange tilsyn gjev lite inntekter og færre søknader gjev mindre inntekter.

Det har i 2010 vore færre søknadar om løyve etter forureiningslova enn tidligere etter at fleire bransjer vart forskriftsregulert. Vi rydder opp i gamle løyve etter tilsyn.

Alle IPPC verksemdar i Hordaland har oppdatert løyve.

Kommuneundersøkelsen har levert resultater fra en landsomfattende undersøkelse på avløp og motorferdsel i tre kommuner.

## **Ressursrapportering**

Vi gjør merksam på at ca. to årsverk ikkje er komen med i ressursrapporteringa fordi utgiftene er utgiftsført på kap. 1510 post 21 og denne posten ikkje er teken med her. Utgiftene som er rapportert på resultatområde 099 Andre oppgaver under MD gjeld i hovudsak resiseutgifter.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01 Naturens mangfold og friluftsliv	kr 3 747 788,88	kr 813 623,99
03 Vannforurensning, miljøgifter og avfall	kr 2 703 422,21	kr 1 552 455,21
04 Luftforurensninger og klima	kr 5 398,00	kr 0,00
05 Int. miljø samarbeid i nord- og polarområdene	kr 0,00	kr 0,00
06 Planlegging for en bærekraftig utvikling	kr 3 511 134,87	kr 2 954,62
07 Andre virkemidler	kr 2 955 710,85	kr 931 265,11
Andre oppgaver under MD	kr 258 141,75	kr 0,00
Sum:	kr 13 181 596,00	kr 3 300 298,00

## Landbruks- og matdepartementet

### Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

Fylkesmannen har ein leiande funksjon i mange prosessar knytt til ulike fagområde innanfor landbruket i fylket. I 2010 blei det gjennomført dialogmøte med organisasjonane i landbruket ( Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Skogeiarlaget). Møte med landbruksrådgjvinga i fylket vert gjennomført kvart år for å koordinere arbeidet og vidareformidle kompetanse. Fylkesmannen har faste arbeidsmøte med Innovasjon Norge for å koordinere arbeidet på ein god måte og orientere kvarandre.

Utover dette har landbruksavdelinga gode relasjonar og nettverk med ei rekke formelle etatar/organ og ideelle organisasjonar som tangerer vår interessessfære og våre målsettingar. Vi har utvikla gode kontaktar til dei ulike forskingsmiljøa i Bergen der det er eit mål å finne forskingsprosjekt som er retta mot sentrale utfordringar i vestlandslandbruket.

I 2010 blei det arrangert ein stor, fellesskap landbruskkonferanse for næringa som hadde både politisk - og landbruksfagleg innhald. Innafor skogbruket blei det i 2010 etablert skognæringsforum der entreprenører, industri, næringa, kommunane, fylkeskommune og fylkesmannen deltek. Skogstrategien " ta hordlandsskogen i bruk" er førande for det arbeidet næringsforaet skal jobbe med.

Det regionale partanarskapet fekk gjennomslag i KRD for å satse vidare på å utvikle kommunane som gode utviklingsaktørar. I 2010 har det vore gjennomført både kurs og samlingar innefor dette området.

#### 21.1 Jordbruk

Jordbruket i Hordaland er trass nedgang i tal bruk, ei aktiv næring der det skjer stor utvikling. I juni 2010 var talet på føretak som søkte om produksjonstilskot 3246, ein nedgang på under 1 % frå 2009. I 2010 var det 701 bruk som dreiv med mjølkekyr. Det var til saman 11474 mjølkekyr i fylket. Nedgangen av bruk med mjølk var på 41 ift året før – nedgangen i tal kyr er 181. Tal mjølkebruk med geit var på 34 føretak, ein nedgang på 2 frå året før. Det var 2781 mjølkegeiter i 2010, ein nedgang på 276 geiter frå året før.

Samla var det 81905 vinterfora sauer i fylket fordelt på 1887 bruk. Nedgangen i tal føretak med sau var på 10, tal vinterfora sauer auka med 1504 siste året. Det var 17144 utegangarsau, ein auke på 165 frå året før.

Geografi, topografi og klima på Vestlandet gjev utfordringar for moderne, rasjonell produksjon. Utviklinga går likevel i retning av meir samarbeid og fleire samdrift, spesielt i mjølkeproduksjonen. Innanfor fruktproduksjonen er rekrutteringa fortsatt god og vi ser ein aktiv modernisering av frukthagane. Her har rettleiarar frå utlandet vore inviterte til å gje ny retning i fruktdyrkinga - dette gjeld spesielt tettplanting.

Mangfaldet i produksjon, aktive og levedyktige bygder og flott kulturlandskap fører til gode høve og aktiv satsing på mellom anna reiseliv og tenesteproduksjon. Fjordstroka på Vestlandet vart igjen kåra til verdas beste reisemåla av National Geographic Traveler , dette betyr mykje for det landbruksbaserte reiselivet. Det vert satsa aktivt både ift å nytte ut kulturlandskapet, men også aktive bygdemilø i reiselivssamanheng.

Samarbeidet med Mattilsynet, regionkontoret , er godt. Vi har faste møter der vi diskuterer felles utfordringar og

aktuelle fellesprosjekter. Samarbeidet med autorisasjonsordninga for kjøp og bruk av plantevernmiddel, fungerer også godt.

## **Beitebruk**

Investeringsstilskotet i organisert beitebruk vart teke ut av SMIL dette året og lagt tilbake til Fylkesmannen. For å få ein best mogleg forvaltning av desse midlane, valte vi å opprette eit nytt beiteutval som rådgjevande organ. Dette var på plass i juni 2010 og består av representantar frå Hordaland Sau og Geit, Hordaland Bondelag og Hordaland Bonde- og Småbrukarlag.

I 2010 var 103 beitelag tilslutta organisert beitebruk (OBB) i Hordaland. Det vart slept 135.068 dyr i beitelag tilslutta ordninga. Dette er ei auke i tal slepte dyr med vel 3.000 dyr frå 2009. Oppgangen er ei kombinasjon av reel dyretalsauke i beitelag og beitelag som ikkje leverte søknad førre beitesesong.

Tap av sau og lam på beite har gått ned 0,4% frå i fjor og ligg no på 3,4%. Snitt tap i landet ligg på 6,3% sau og lam. Berre to fylker har lågare tapsprosent enn Hordaland (Rogaland og Østfold). Totalt tapte dyr på beite (i OBB) i fylket utgjør 4.442 dyr.

Det har nok vore ein middels beitesesong totalt sett. Det har stort sett vore god beitekvalitet på forsommaren og utover sommaren. Men dette året hausta beitene mange stader tidleg og det var ikkje all verdens beitekvalitet utover hausten. Mange dyr har dermed anten blitt henta tidleg heim, eller hatt ein svak tilvekst utover hausten. Storparten rapporterer om middels beitesesong totalt sett, men enkelte beitelag melder om både god og dårleg slaktetilvekst.

Storparten av dyra som vert tapt i utmarka i Hordaland døyr av snyltare og sjukdom/svakheit som følgje av dette. Mange beitelag har felles organisering av førebyggjande behandling – dette sjåast på som svært positive tiltak. Mange lag rapporterer at dei ikkje veit noko om tapsårsakene, då dei ikkje finn att dyra. Flått, alveld og flugemakk er nemnd i ein del rapportar. Fleire lag melder og at ein eller nokon få buskapar står for stordelen av tapet i laget.

Når det gjeld rapportering om tap knytt til rovdyr, vert ørna nemnd i så mykje som ¼ av rapportane, fleire lag merkar og at bestanden aukar i beiteområdet. 3 beitelag (i Etne og Eidfjord) fortel om gaupe og meiner at gaupa står for ein del av lammetapet. Jerv er observert i nærleik til beiteområdar (i Ulvik og Modalen), men ingen dyr er mistenkt tapt til jerven. Elles er fortel fleire lag at dyr vert tapt pga laushund og rev. Nokre få lag fortel om mistenkelege tap kort tid før sanking. Her er det mistanke om tjuvslakt, men ingen av laga har hatt prov til å gå vidare med dette.

I 2010 vart det søkt om rovvilt-erstatning for 259 dyr (4 søyer og 255 lam). Det vart utbetalt erstatning for 20 dyr (2 søyer og 18 lam) under denne ordninga. Alle desse var teken av kongeørn. Det vart søkt om erstatning under ordninga *tap av sau på beite* for 55 dyr (19 vaksne og 36 lam). Det vart utbetalt erstatning for 45 dyr (11 vaksne og 34 lam) under denne ordninga.

### *Tilsyn*

Det er sjølsagt at godt tilsyn er viktig. Mange beitelag har godt samarbeid med jegarar, turgåarar og andre som melder frå ved behov. Det skal vere tilsyn minimum ein gong i veka, men mange lag har tilsyn oftare enn dette. I store lag/beiteområder er det utfordrande å halde oppsyn med dyra. Nye sporingsteknikkar som radiobjeller og merkeavlesare er på marknaden. Nokre få beitelag og besetningar har tatt dette i bruk og vi vonar at fleire får anledning til å nytte slikt utstyr framover.

### *Løyvde tilskot til organisert beitebruk i Hordaland 2010*

Driftstilskotet for kvart heimsanka dyr småfê kr. 17,- og storfê kr. 30,-

Driftstilskott (stipulert) kr 2 360 000

Investeringsstilskott (løyvd) kr 250 000

### *Landskap i drift – ope landskap gjennom aktiv drift*

Det gror att fleire plassar i fylket – samstundes aukar etterspurnaden etter godt beiteareal, meir kjøt og eit levande landbruk. Prosjektet landskap i drift er no koma i sitt tredje prosjektår og har gjeve midlar til samarbeidstiltak innan for beite og beitebruk for at beiteområda kan utvidast og at ein kan setja på fleire beitedyr. Vidare var det delt ut midlar til utviklingstiltak, kompetanse og kunnskapsbygging. I tillegg til dette kan det løyvast midlar til entreprenørskap, dvs vidareforedling på garden eller tilbod av teneste med forankring i kulturlandskapet og primærproduksjon.

Samarbeid med lokallag, skular eller reiseliv er nokre døme på korleis ein kan tenkja nytt i samband med

attingroing. 11 område har så langt koma med sidan prosjektet starta i 2008. Så langt er det opna opp og gjera inn omlag 4460 daa, dvs 2270 fleire daa meir enn året før. Budjettet er på 1,2 mill kr og består av midlar frå Fylkeskommune, Innovasjon Norge og FM sine BU midlar.

Eit nytt delprosjekt blei starta opp for å jobba meir med rekrutering og kompetansebygging blant nye brukarar. Dette er kalla fadderprosjektet og skal vare fram til desember i 2011. Her skal nye brukarar få hjelp av erfarne naboar i ein oppstartsfase, det gjeld både praktisk og fagleg. I tillegg vert det tilbod om kurs innan ulike fagområde slik dei nye, unge brukarane får både kompetanse og nettverk. Etterspurnaden har vist seg å vere stor.

Meir info: landskapidrift.no

### ***Storfeprosjektet***

Storfeprosjektet i Hordaland er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, Tine, Nortura, Felleskjøpet, IN , Hordaland Bondelag og Hordaland bonde- og småbrukarlag. Tine eig prosjektet og har prosjektleiar. Prosjektet er 3-årig og vart igangsett august 2009. Fylkesmannens landbruksavdeling er leiar av styringsgruppa og deltek i arbeidsgruppa for prosjektet. Prosjektets hovudmål er å få ein framtidretta mjølk- og storfeproduksjon i fylket.

Hovudaktivitetar i prosjektet er;

Informasjon og rettleiing til dei som vurderar nybygg/påbygg/samdrift

- Oppfølging/kartlegging hjå dei med relativt nye fjøsar/samdriftar
- Generelt informasjonsarbeid
- Ungdom (samarbeid for rekruttering)
- Kompetanseheving prosjektleiar
- Byggeleiing
- Fôrdyrking

I 2010 har det vore mest fokus på dei to fyrste punkta. Det er m.a. laga ein plan for å analysere korleis utviklinga har vore, både økonomisk og driftsmessig, for dei som har bygd ut store samdrifter. Denne erfaringa skal nyttast i det vidare arbeidet i prosjektet.

### ***Geit i vekst***

I 2007 starta eit treårig prosjekt "Geit i vekst" som omfatta fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Hovudmål med prosjektet var å sikre ein framtidretta geitmjølksproduksjon og oppnå status som ein sjukdomssanert geiteregion. Prosjektet genererte mykje aktivitet og satsning.

I 2010 gjekk "Geit i vekst" inn i ein ny prosjektperiode og vil halde fram til 2014. Prosjekteigar og leiing er framleis TINE Meieriet Vest. FMLA tek del i styringsgruppa i prosjektet og bidreg med BU-midlar. I prosjektperioden no vil det vere fokus på å følgje opp prosjekt som er igangsett og under planlegging, og komme i møte trong for rådgjeving innan sjukdomssanering og driftsutbygging.

### ***Beiteprosjekt***

Seinhaustes 2010 starta FMLA ein prosess med å søkje midlar frå nasjonalt beiteprosjekt. Hovudmåla vil vere kartlegging av tapsårsaker og tapsreducerande arbeid i utmarksbeite.

### ***Ny Giv for sauehaldet i Hordaland***

Hordaland Sau og Geit starta seinhaustes planlegging av eit saueprosjekt i samarbeid med FMLA og slakteria med fleire. Det er betydeleg negativ trend i sauenæringa i Hordaland. Ein ser at dette verkar som ein dempar på motivasjon og framtidssatsing. Med bakgrunn i dette ynsker vi å starte eit motivasjons og kompetanseprosjekt med oppstart hausten 2011.

### ***Hagebruk***

Det er optimisme og engasjement i hagebruksnæringa i fylket, særleg for frukt- og bær dyrkarar. Fruktdyrkarane tek i bruk nye, intensive dyrkingssystem, med mål om større avling på arealet. Marknaden for plommer er god og det viser att i auka plommeareal. Vi ser ein tendens til utskifting frå moreller til plommer i enkelte stader i Hardanger. Det økologiske fruktarealet aukar òg som eit resultat etter satsinga med Hordaland som eit av dei økologiske føregangsfylke. Det vert frå ulike hald tatt initiativ for å auke bærproduksjonen i fylket, dette ser vi spesielt rundt Bergen.

Satsinga "Frukt og bær rundt neste sving" er eit fellestiltak mellom Hordaland og Sogn& Fjordane, det har etterkvart fått god oppslutnad i vårt fylke. Fruktnæring har gjennom denne satsinga høve til å få støtte til gjennomføring av m.a. viktige prosjekt innanfor frukt-/bærforedling eller andre reiselivsprosjekt

Veksthusnæringa møter store utfordringar knytt til høge kostnader på t.d. energi og låge priser på produkta . I 2010 var det 22 medlemmer av veksthusringen, ein nedgang på 10 frå 2005. produksjone er stort sett knytt til sommerblomster og potteplanter. Det er stort underskudd på produksjon av blomster i Hordaland, og nesten ingen produksjon av grønnsaker.

#### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2010	2009
FMHO	49717	79363	62	2,18	4,13	3,38	3,78
<b>Sum</b>	<b>49717</b>	<b>79363</b>	<b>62</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

## 21.2 Skogbruk

Hordaland har store skogressursar som etterkvart er hogstmoden. Hogsten av denne nådde nye høgder i 2010 med om lag 122.000 kbm. andel gran aukar mest, eller med 44% frå året før. Dels kan ein forklare dette med at tømmerprisane har vore vesentlig høgare enn året før som var preget av finanskrisen og låge prisar på råvarer. Ein annan forklaring er at no begynner Hordaland å føle resultatene av skogreisningen etter krigen og det er venta at auken skal fortsetja i åra framover.

Skogkulturarbeidet auka i 2010. Det vart planta om lag 1340 daa i 2010 (tilsvarande 740 daa i 2009 og 970 daa i 2008). Ein reknar med at skogkulturen vil fortsetja å auka i framtida i samsvar med auka hogst av gran. Dessverre har ungskogpleie ikkje fått same auken som hogst og tilplanting. Til saman var det stelt om lag 450 daa ungskog i 2010 som er ein nedgang frå 2009 på over 60% frå 2009 og har aldri vore så låg, med unntak av 2003. Denne utviklinga er bekymringsverdig der dette vil resultere i lengre omløpstid, noko dårlegare kvalitet og følgjeleg dårlegare økonomi for neste generasjons skogeigarar.

Hordaland fekk i 2010 tildelt Kr 1 150 000,- til særskilde midlar til kystskogbruket. Fylkesmannen i Hordaland saman med fylkesmannen i Rogaland og skogeigarlaget Vestskog BA oppretta i 2009 "Prosjekt hovudplan veg" for Hordaland. Prosjektet har gått heile 2010 og er venta ferdig i slutten av 2011, formålet med prosjektet er å få oversikt over alle eksisterande skogsvegar og forslag til nye skogsvegar i komande 20 års periode. Til dette prosjektet er det av desse midlane i 2010 brukt kr 600 000,-. Resten av midlane er brukt til dei sentrale prosjekt i kystskogbruket, taubaneprojektet og vegprosjektet. I 2010 starta også prosessen med å få etablert skognæringsforum i Hordaland, dette vil vere knytt opp mot eit felles næringsforum på tvers av alle kystskogbrukfylka.

Til saman 12900 meter skogsveg vart ferdiggodkjent i Hordaland 2010. Av desse var 5516 meter bilvegar nyanlegg, 3040 meter ombygging bilveg og 4344 meter traktorvegar nyanlegg. Desse vegane hadde ein samla kostnad på kr 7530716,- Det vart utbetalt kr 4189047,- i tilskot til desse vegane, noko som utgjer 55 % av kostnaden.

Sommaren 2010 gjennomført fylkesmannen vedlikehaldskontroll av skogsvegar i 6 kommunar i Hordaland. Det var i kommunane: Voss, Granvin, Ulvik, Ullensvang, Kvinnherad og Lindås desse kontrollane vart gjennomført. Ca 30 km, i hovudsak skogsbilvegar vart kontrollert, dette var vegar som vart ferdiggodkjent i 1995 og 1996, berre vegar som hadde motteke statstilskot vart kontrollert. Veglaga som tek i mot statstilskot til bygging av skogsvegar får også eit vilkår/pålegg om at vegane skal haldast vedlike i den standard dei er bygde i. Det er på denne bakgrunn at fylkesmannen no gjer ein systematisk vedlikehaldskontroll av tidlegare bygde vegar. Alle veglaga som det vart gjennomført vedlikehaldskontroll hos, var utan unntak sær positive til å få besøk frå fylkesmannen for å få kontrollert vedlikehaldet av skogsvegane sine.

Fylkesmannen saman med skogeigarlaget Vestskog BA er no inne i det tredje året i prosjektet områdeplan for skogsvegar. Vestskog BA har ein person tilsett på heiltid i prosjektet. Fylkesmannen bidreg med Kr 600 000,- pr år, desse midlane går frå posten NMSK- midlar, tilskot til vegbygging. Prosjektet har som mål ;

- Grovplanlegga veganlegg som gjev best mogleg løysingar og totaløkonomi for området.



- Sikra at offentlege tilskotsmidlar til vegbygging vert nytta på best mogeleg måte for skogbruket.

Gode prisar og dyktige taubanefolk ga rekordhogst med taubane i 2010. 13.700 m<sup>3</sup> tømmer vart drive ut i dei bratte liene, for det meste i Sørfjorden i Hardanger. Kvantumet utgjer ca. 11% av det totale hogstkvantumet i fylket. Heile kvantumet er gran frå dei fyrste åra av den store skogreisingsplanen for Vestlandet. Det er sers god kvalitet på dette tømmeret som er vakse opp i tette bestand. Det vart gjeve tilskot til driftene frå NMSK-midlane.

### **Utsiktsrydding langs veg:**

Utsiktsrydding langs veg er eit tiltak som gir god effekt og viser godt igjen i landskapet. Det er sers populært mellom både lokale og turistar og auka innsats er sterkt etterspurd. Ryddemannskap må ha sikkerhetsopplæring og godkjenning for å kunna operera langs riksvegar. Av 6 grupper som fekk tilskot til utsiktsrydding gjennomførte 4 dei omsøkte planane i løpet av året. Dei 2 siste vert truleg ferdige i fyrste halvår 2011.

### **Juletreproduksjon**

Denne produksjonen er omtrent den same som i fjoråret, om lag 15.000 tre. Ein kan sei at produksjonen har dobla seg på ti år som er i og for seg godt. På den andre sida har produksjonen av juletre i Rogaland tidobla seg i same periode.

## **21.3 Bygde- og næringsutvikling**

Næringsarbeidet i regi av FMLA har følgd linene frå den regionale næringsstrategien for landbruket 2010-11, i påvente av ny nasjonal landbruksmelding 2011.

Samstundes som FMLA gjennom BU-midlane bidreg på saksområde utover reine landbruksinteresser, får landbruket og bygdene gjennom Regionalt utviklingsprogram (RUP) og Innovasjon Noreg medfinansiering til gode utviklingsprosjekt. I 2010 rapporterte avdelinga til LMD at kvar UTM-krone løyvd i Hordaland i 2008-2009 i gjennomsnitt utløyste 9 andre regionale og statlege kroner til relevante prosjekt for landbruk og bygdeutvikling.

Frå *utviklings- og tilretteleggingsmidlane (UTM)* er det i 2010 løyvd drygt 4,5 mill. i 45 saker, derav kr. 770 000 i 7 saker under praktikantordninga i landbruket. Av disponible, *bedriftsretta midlar* har Innovasjon Noreg løyvd 17,7 mill. i tilskot til 92 prosjekt innan tradisjonelt landbruk (fleire, men mindre prosjekt enn i toppåret 2009), medan nye næringar er løyvd tilskot for 6,7 mill til 40 prosjekt. I tillegg er det løyvd 1 mill. under Grønt Reiseliv, berre 0,4 mill. under Verdiskapingsprogrammet for Mat, 0,5 mill. under Trebasert innovasjonsprogram men heile 2,6 mill. under Bioenergiprogrammet i 2010.

### **Matområdet.**

Fylkesmannen bidrar fortsatt til økt verdiskaping for primærproduzentane.

FMLA og Kompetansenavet vest har eit nært samarbeid om utvikling og gjennomføring av kurs og kompetansehevande tiltak i Hordaland og Sogn og Fjordane. I tillegg til kurs og veiledning er besøksordninga ei god hjelp for nye etablerarar og dei som ynskjer å revitalisera eiga verksemd. I 2010 har FMLA og kompetansenavet hatt fleire prosjekt saman, som Solundmat og Hjorteprosjektet på Svanøy. Det er stor interesse for dette feltet og så i hjortekommunane i Hordaland, spesielt i Kvinnherad.

FMLA vil også framover arbeide for å sikra kompetansmiljøa i fylke, som Vestnorsk Kulturakademi og andre som vil fremje den lokale matkulturen og matproduksjonen. Vi har styrkja samarbeide også med andre mataktrørar som Bama, lokalgrossistar og matvareleverandørar for å sikre distribusjonen av lokale matvarer frå butikk fram til forbrukaren.

Hordaland har eit stort nettverk av småskalaproduentar, mange nye er kome til og nokre har valt å konsolidera stillinga si. Ca 150 av desse er aktive og fordeler seg på alt frå enkel råvareforedling, slakteri til avansert osteproduksjon.

Ei viktig årsak til at produsent miljøet er så sterkt i Hordaland er satsinga på lokale marknader og matfestivalar. Dette har gitt marknadstilgang lokalt og regional og har bidrege til auka interesse for lokal matproduksjon og stoltheit over eigne varer. Matfestivalen i Bergen er den viktigaste marknadsplassen for mange av desse lokale produsentar. Det har elles i 2010 vore gjennomført lokale festivaler både i Kvam, Kvinnherad, Voss, Bømlo, Nordhordland og Etne. Her har Fylkesmannen si landbruksavdeling bidrege med både kompetanse og støtte.

## Landskapsparkar

Også året 2010 har vore eit travelt år i prosjektet landskapsparkar i Hordaland. I alle landskapsparkar jobbar aktørane godt i styre og utval med dei arbeidsmål og tiltak dei har planlagt. Dei ulike prosjekta har fokus på samarbeid, reiseliv, enkeltbedriftsetablering, kulturlandskap, vandring, mat og kultur. Mange prosjekt er langsiktige og vil gå over fleire år. Enkeltrapportane til kvar landskapspark gir prosjektstyret hjå Fylkesmannen i Hordaland oversikt over framdrift, suksessar og feilslåtte delmål.

For å trekkje fram nokre få delprosjekt kan vi nemne opninga av Herand Kulturhistoriske senter tidleg i 2010. Fylkesmannen Lars Sponheim fekk æra av å opne dette formidlings- og informasjonssenteret for historie og kulturlandskap i Herand landskapspark. Senteret vil både bli ein viktig stoppestad for turistar som ynskjer naturbaserte opplevingar i Herand, men og eit formidlingsplass for lokalhistorie.

Stalheim Oppleving AS vart starta av 10 grunneigarar rett før summaren. Den første testsesongen med traktorsafari, guida turar og kulturelle arrangement var kort, men eit godt utgangspunkt for vidare satsing i 2011. Nettsida vart lansert rett over årsskifte: [www.stalheimoppleving.no](http://www.stalheimoppleving.no)

I løpet av summaren hadde Ulvik og Stalheim Landskapspark besøk frå 27 internasjonale kunstnarar som vart utfordra på å sjå bygdene med eit kritisk og kunstnarisk skråblikk. Målet for prosjektet Colours of the Fjords var og er å få impulsar til endring, ned- og framtoning av viktige element i bygdelandskapet slik at fleire turistar stopper i landskapsparkane. [www.coloursofthefjords.com](http://www.coloursofthefjords.com)

Eit viktig arbeidsmål for parkane er skilting langs vegane. I 2010 jobba vi med ein omfattande skiltplan for Herand som er slutført og som vert satt ut i livet summaren 2011. Infotavlar vart produsert og satt opp i samarbeid med Nasjonale Turistvegar og Statens vegvesen.

Hausten vart det brukt mykje tid på rundreisekonseptet Bergen1,5 som vart offisiell lansert på IGW Grüne Woche jan.2011 i Berlin. Tre landskapsparkar er involvert i arbeidet og resultatet er synleg på [www.fjordtours.com/de](http://www.fjordtours.com/de). Mange gardsbaserte tilbydarar på overnatting, mat og aktivitet vert no betre tilgjengelege for reiselivet.

## LivOGlyst – program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland

LivOGlyst - program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland, starta opp i 2008 og vert leia av Hordaland Fylkeskommune. I tillegg til partnerskapen bidreg Sparebanken Vest med økonomisk støtte til utviklingsprogrammet. I 2010 vart programmet ytterligare styrka med finansiering frå KRD sitt bulyst-program og LUK-program (Lokal samfunnsutvikling i kommunane).

Pr. dato får ni treårige og fem eittårige prosjekt finansiering frå livOGlyst – programmet. I tillegg er 22 lokalsamfunn registrert som aktive nettverksmedlemmar. Deltakande prosjekt får tett oppfølging av ei operativ arbeidsgruppe frå FMLA, HFK og IN, og det vert jamleg arrangert nettverksamlingar, workshops og lokalt tilpassa kurs og samlingar. Landbruksrelatert verdiskaping i form av reiseliv, gardsmat, tilrettelegging av turområde og stiar, samt inn på tunet verksemd står sentralt i mange lokale LivOGLyst-prosjekt.

## Kom-an.no

I 2010 opna, vidareutvikla og marknadsførte partnerskapen nettportalen [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no). På nettportalen kan førstelinetenesta, entreprenørar og lokale utviklingsaktørar finna samla informasjon om lokal og regional rådgjeving, pågåande utviklingsprogram, finansieringsordningar, arrangement og kompetansegevande kurs. Alle LivOGLyst-prosjekt får opplæring i og tilbod om å utvikle eige nettside på kom-an portalen ([http://kom-an.no/index.php?option=com\\_content&view=article&id=9&Itemid=453](http://kom-an.no/index.php?option=com_content&view=article&id=9&Itemid=453)).

## Ungdomssatsing

I 2010 vart ansvarsområdet rekruttering til og likestilling i landbruket overført til fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune, saman med partnerskapen har utvikla ein ny og samlande strategi for rekrutterings- og

likestillingsarbeidet i fylket ([http://kom-an.no/index.php?option=com\\_content&view=article&id=825&Itemid=1110](http://kom-an.no/index.php?option=com_content&view=article&id=825&Itemid=1110)).

Som ledd i strategiarbeidet gav HFK finansiering til vidareføring av FMLA sitt prosjekt Unge, bygda og landbruket. Glade Bønder i Nordhordland hadde oppstart i 2010, og ytterlegare to lokale ungdoms-/rekrutteringsprosjekt vil starta opp i 2011. I tillegg vil det bli arrangert ein ny ungdomskonferanse og innført tilbod om mentor til unge bønder.

### **Landbruks- og bygdebasert reiseliv**

Fylkesmannens landbruksavdeling har hatt som rettesnor for sitt arbeid å utvikle denne delen av reiselivsnæringa gjennom klyngevis prosesser. Avdelinga ser gode resultat og er tilfreds med at lokale aktørar etter kvart vel å kommersialisere sine tilbod ved å samarbeide om å utvikle og komplette aktivitets- og opplevingspakkar. Det er gjennom slike former for samarbeid at me vil kunne lykkast i å profesjonalisere den nisjebaserte delen av denne bransjen.

Landbruksavdelinga har i sitt arbeid sett stadig meir verdien av å gå aktivt inn i prosessane i dei ulike nærmiljøa. Det vert tidvis opplevd både av lokalbefolkning og av avdelinga som problematisk at vårt mandat i så sterk grad er knytt til landbruksverksemd. Mange sær verdifulle prosessar og lokale prosjekt stoggar som direkte følgje av at avdelinga ikkje har ressursar som kan nyttast. Det er fleire eksempel på at gode tiltak fell utanom både fylkesmannen og Innovasjon Norge/fylkes-kommunen sin stønadsordningar. Sær problematisk vert dette i dei tilfella me ser at tiltaket vil ha stor nytte for gardsbruk og kulturlandskap, men som altså ikkje har direkte landbrukstilknytning.

Dei fire fylka som utgjer vestlandsregionen vart tildelt rolla som nasjonalt kompetansesenter innan reiseliv i 2010. Landbruksavdelinga i Hordaland har teke initiativ til at dei fire landbruksavdelingane i sterkare grad samordnar sine strategiar og slik samla bidreg til at NCE Tourism Fjord Norway når sine mål.

Den regionale partnerskapen i Hordaland (FMLA, I.N. og HFK) har regelmessige møter for å dele informasjon om kvarandre sine prosjekt og arbeidsoppgåver. Vidare arrangerar partnerskapen fellesmøte for destinasjonsselskapa i fylket, "Forum Reiseliv". Her vert relevante problemstillingar diskuterte i plenum samt aktuelle tema belyst av ulike føredragshaldarar. Partnerskapen inviterar årleg til ein todagars reiselivskonferanse. Det er inga særskilt målgruppe, men ein har i Hordaland valt å rette eit særskilt fokus på det bygde- og nisjebaserte reiselivet. Ansvaret for den praktiske gjennomføringa av konferansane vert gjeve til dei ulike destinasjonsområda i fylket. Dette sikrar at alle kan få sette sitt lokale preg på konferansen og løfte fram særskilte utfordringar og moglegheiter.

### **Inn på Tunet**

Fylkesmannen og Innovasjon Norge skipa til eit todagars kurs for nyetablerarar innan Inn på tunet våren 2010. Vi hadde med NAV Hordaland, Høgskulen i Bergen og to erfarne Inn på tunet-tilbydarar til å halde innlegg på den teoretiske delen av kurset. Dette er eit ledd i oppfølginga av regional handlingsplan for Inn på tunet for Hordaland for 2009 - 2012.

Fylkesmannen ved landbruksavdelinga har også sett HMS innanfor Inn på tunet på dagsorden. Vi skipa til kurs der landbrukets HMS var fagleg ansvarleg hausten 2010. KSL verktøyet for IPT er ferdigstillt frå Norges Bondelag si side. Hordaland er medverkande til å teste ut verktøyet januar 2011.

Fylkesmannen har ei viktig rolle i å støtte og følgje opp nettverket Fagforum Inn på tunet i tillegg til informasjonsarbeid og kunnskapsformidling. Dette har vi jobba aktivt med gjennom heile 2010.

Fylkesmennene i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har i samarbeid gjennom 2010 lyst ut anbodskonkurranse for å få på plass høgskulekurs innan Inn på tunet. Vi har fått svar frå 3 regionale høgskular. Vi har valgt å gå vidare med samarbeid med Høgskulen i Molde om å utarbeide kurs for Inn på tunet tilbydarar. Vekttsalgjevande kurs frå hausten 2011. Dette er viktig for å bidra til kvalitetssikring, nyetablering og vidareutvikling av eksisterande bruk av garden som pedagogisk ressurs. Dette er også ei oppfølging av Handlingsplan for Inn på tunet for Hordaland 2009 - 2012.

Fylkesmannen har også bidrege til informasjon i kommunane i Hordaland angående Inn på tunet-løftet. Vi har delteke på møter i kommunane. Det har vore køyrt gode prosessar for å få på plass politisk og administrativ og tverretatleg forankring i både Voss, Odda, Ullensvang og Eidfjord. Desse kommunane med fleire kjem til å søkje om IPT-løft midlar, og dei har gode forutsetnader for å lukkast med sine IPT-løft prosjekt.

### **Prosjekt Ny bruk av ledige landbruksbygg.**

Prosjektet er eit av 3 landsdekkande delprosjekt med føremål å ta vare på ein del ledige landbruksbygg. Landbruksbygg er ein viktig del av kulturlandskapet og den norske arkitekturarven. Stadig utvikling i landbruket faser ut bygg på bruka. Føremålet med prosjektet er å inspirera til ny bruk av desse husa med næringsverksemd som i det minste kan forsvare vedlikehaldskostnadane og med det hindra eit raskt forfall. Landbruksavdelinga starta i 2010 arbeidet med å lage eit rettleiingshefte om korleis koma gjennom det offentlege byråkrati med dei planane ein har på dette feltet. Heftet vert landsdekkande og skal distribuerast til alle fylker.

### Næringsutvikling knytt til verna områder

Landbruksavdelinga ser i sitt arbeid at det byr på store utfordringar for lokalbefolkninga å etablere næringsverksemd i nærleiken av verna område. Ein har sett ein tendens til at verneføremålet i ei rekkje høve vert trekt ut over grensene som er sett for verneområdet.

Kring Folgefonna nasjonalpark er det store behov i dei mange bygdene om å utnytte dei natur- og kulturgjevne føremonane som er typisk for dette området. Her er det mellom anna sett i gong store lokale prosessar for å styrke bygdekjensla og å leggje til rette for næringsutvikling (Landskapsparke, Liv og Lyst, div. reiselivsprosjekt). Midlar frå DN vert i 2010 nytta til å målstyre forvaltninga av verneområde Hardangervidda vest. Her har landbruk, miljø og SNO samarbeidet for å sjå nærmare på effekten av tilretteleggingen av auka ferdsel inn i verneområdet.

Som for Folgefonna halvøya ser me tilsvarande utfordringar knytt til landskapsvernområdet i Nordfjella og Hardangervidda nasjonalpark.

## Resultatområde 22 Klima og miljøtiltak i landbruket

Klimaplan for Hordaland blei ferdigstilt i 2010. Hordaland fylkeskommune hadde ansvar for dette arbeidet, men Fylkesmannen bidrog med fagkompetanse både frå jord- og skogsektoren. I planen ligg det konkrete tiltak innafor reduserte utslipp av klimagassar frå jordbruk som Fylkesmannen har fått ansvar for å dra vidare .

Landbruksavdelinga har eit tett samarbeid med Bergen kommune og skognæringa ift bruk av tre. Det vert også jobba mot enkelte kommunar for å få opp bruken av bioenergi og biogass.

Hordaland og Sogn og Fjordane fekk i 2010 status som føregangsfylke innafor økologisk frukt og bær. Dette har ført til stor merksemd ute i næringa og har vore positivt i dialogen med det konvensjonelle dyrkarmiljøet.

### 22.3 Miljøprogram og miljøplan

#### Regionalt miljøprogram

Utfordringa er å ivareta areal som er eit særpreg for fylket, har særskilt verdi for biologisk mangfald eller for å ta vare på kulturminne. Midlane gjennom regionalt miljøprogram er spissa for å sikre skjøtsel av til dømes kystlynghei, gamle slåttemarker, stølslandskap, fomminne og steingardar. Som ein del av satsinga på ivaretaking av biologisk mangfald er det også etablert ei tilskotsordning for gamle husdyrassar med regional tilknytning. Store nedbørmengder på ugunstige tider av året er ei utfordring for handtering av husdyrgjødsla. Forvaltninga fokuserer på å løyse utfordringane gjennom gjeldande regelverk, eventuelt med SMIL tilskot til ekstraordinære tiltak.

#### SMILordninga

Alle kommunane har godkjende strategiar for arbeidet med SMIL og NMSK. Etterspurnaden etter tilskot er større enn løyvinga til Hordaland. På tross av at fylket har fleire kulturlandskapsverdiar enn andre fylke, har vi ikkje fått auka løyvingar. Konsekvensane er at tilskotsatsane vert lågare enn andre fylke. I Hordaland har vi ei stor aktivitet knytt til restaurering av freda og verneverdige bygg, kor 35% av potten på SMIL vert løyvd til denne type tiltak, men berre 2% av ordninga vert løyvd til biologisk mangfald. Etter at RMP vart revidert og spissa opp mot biologisk mangfald, kulturminne og friluftsliv er målet å auka søknadene på desse ordningane. Det er eit mål om at RMP skal nyttast til årleg skjøtsel og SMIL til restaurering.

**Vurdering av tilstand og utvikling ift kulturlandskapet**

Arbeidet med kulturlandskap er prioritert opp mot satsinga på biologisk mangfald knytt til auka kunnskapstilfang for kulturmarkstypane kystlynghei, slåttemark og stølslandskap. På grunn av endringar i driftsformar og at drift opphørar, er det ei utfordring for å ta vare på fylket sine særmerkte kulturmarkstypar.

Vi har hatt stor aktivitet i fylket knytt til informasjonsarbeid, nytte av økonomiske verkemidlar knytt til SMIL, RMP og Handlingsplan for slåttemark. Gjennom prosjekt som Landskap i drift og Landskapspark haustar vi erfaringar om korleis vi kan få til modellar for samarbeid om driftsformer og næringsutvikling, for å sikre og utvikle verdiane i kulturlandskapet.

**Kystlynghei**

Det er under arbeid ei kartlegging av kystlynghei i Midt og Nordhordland med støtte frå, og i samarbeid med Fylkesmannen. Når denne er ferdigstilt vil vi ha ei samla kystlyngheikartlegging for heile fylket. Den vil vera svært nyttig både sett opp mot tilskotsforvaltninga av SMIL og RMP, oppdatering og kvalitetssikring når det gjeld kartlegging av biologisk mangfald og naturtypar, og i samband med arealsaker på ulike nivå. Kartlegginga vert nytta til oppfølging av Handlingsplan for kystlynghei som startar opp i 2011.

**Slåttemark og lauveng**

Hordaland var i 2009 og 2010 eitt av pilotfylka for Handlingsplan for slåttemark/Utvalde naturtypar i regi av DN. Arbeidet er i 2010 følgt opp med utarbeiding av skjøtelsesplanar og –kontraktar for 9 område i fylket. I tillegg er Hordaland sitt Utvalde kulturlandskap, Gjuvslandslia eit av fylkets si mest verdifulle slåttemarks lokalitet.

Garden Ulvund i Voss kommune med dei særmerkte kulturmarkstypane slåttemark og lauveng fekk i Hordaland si kulturlandskapspris for ivaretaking av verdiane i kulturlandskapet. Det er oppretta ei regional ressursgruppe for dette arbeidet, der landbruksavdelinga har vore aktivt medverkande.

**Informasjonsmidlane kulturlandskap og miljøvennlegdrift**

Midlane har vore nytta til informasjonstiltak om tradisjonelle driftsformer knytt til slåttemark og kystlynghei. Gjennom dette informasjonsarbeidet gjer vi gardbrukarane kompetanse om kor og korleis legge opp til driftsformer som tek vare på verdiane.

**Vassdirektivet**

Fylkesmannen har delteke aktivt i arbeidsgruppa for implementering av Vassforskrifta i Hordaland og forvaltningsplan med tiltaksprogram for Nordåsvannet vassområde. Erfaringene fra arbeidet har vore trekt inn i arbeidet med RMP og SMIL. I arbeidet med inndeling av vassområde vert no Hordaland og Sogn og Fjordane delt som to vassområde. I det vidare arbeidet med utvikling av handlingsprogram og tiltaksplanar vil landbruket få meir kunnskap om miljøtilstanden i våre vassdrag. Avrenning frå jordbruket til vassdrag i Hordaland er i dag minimal sidan det meste av jordbruksareala i Hordaland er grasdekt.

**Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2010 etter søknadsomgang 2009 - kroner utbetalt til hovedområder**

Embeter	Gjengroing	Avrenning til vassdrag	Kulturminneverdier	Tilgjengelighet og friluftsverdier	Verdifulle kulturlandskap	Plantevernmidler	Avfallsinnsa
FMHO	13475000	0	2800000	200803	2155656	0	0
<b>Sum</b>	<b>13475000</b>	<b>0</b>	<b>2800000</b>	<b>200803</b>	<b>2155656</b>	<b>0</b>	

**22.4 Økologisk landbruk**

Fylka Sogn og Fjorden og Hordaland har felles handlingsplan for økologisk landbruk som skal gjelde framover mot 2012. Ifm med felles handlingsplan har det har vore gjennomført samlingar og arbeidsgruppemøte der næringa, rettleiinga, forskning og omsetningsledda som alle har vore aktive og kome med innspel og tiltak i arbeidet. Prosessen og samarbeidet viser aukande prosjektaktivitet og vi ser eit auka engasjement spesielt i frukt og bærsektoren. Det vil vere viktig for at dersom vi skal lukkast i å nå målet om 15 % økologisk produksjon, at fagorganisasjonane involverar seg og tar tema inn på deira møter og andre fora. Utfordringa for Hordaland og Sogn og Fjordane i forhold til utvikling av økologisk landbruk, er framleis knytt til låg omleggingstakt spesielt på mjølk og kjøtsida. Handlingsplanmidlane har i stor grad vore knytt opp mot dei to områda og retta inn mot informasjonsarbeid, kompetansebyggjande tiltak for næringa og samarbeidspartar på Vestlandet.

I den siste handlingsplanperioden har vi vidareført arbeidet med Kunnskap og Nettverk, Produksjons og Foredling og Omsetning innan våre satsingsområde:

Med våre satsingsområde innanfor mjøl, kjøtt, frukt og bær hadde vi følgjande tiltak i 2010:

Fruktproduksjon/ grønnsaksproduksjon:

Oikos Vest & Økoringen Vest = Økogrønt på fleire bord!

NB. I 2010 år gjekk det midlar frå prosjekt føregangsfylke til aktivitet knytt til frukt- og bær.

Grovfôrbasert kjøtt produksjon/ melk

Proteinrikt grovfôr basert på nitrogen fikserande planer under ulike klimaforhold - Bioforsk Tjøtta/ Fureneset

Registrering av grovfôravlning og næringsstoffrekneskap på økologiske bruk i Sogn og Fjordane og Hordaland - Norsk landbruksrådgjeving Hordaland

Luserne som godt alternativ til tradisjonelle belgvekstar - Norsk landbruksrådgjeving Hordaland

Utarbeiding av kart for område i Voss kommune som er eigna til økologisk drift - Norsk landbruksrådgjeving Hordaland

Utarbeiding av kart for område i Voss kommune som er eigna til økologisk drift -Norsk landbruksrådgjeving Hordaland

Registrering av grovfôravlning og næringsstoffrekneskap på økologiske bruk i Hordaland - Norsk landbruksrådgjeving Hordaland

### Kunnskap og nettverk

Kartlegging av det økologiske matvaresystemet rund Økoløftkommunane Voss og Kvam - UMB

Informasjonsarbeid (VL), Økopris Vestlandet, Bergen matfestival - Oikos Vest

Fagnettverk for økoprodusentar med grovfôrproduksjon - Norsk landbruksrådgjeving Hordaland

### Foredling og omsetning

Videreføring av ØkoProfil Vestlandet - Oikos Vest

Reklamefilm for økologisk landbruk på Vestlandet - Farmhouse AS

Fagtur til BioFach 2010 i Nürnberg for storkjøkken og kantiner - FMLA

Kursseminar i økologisk kantine og storkjøkkendrift - FMLA

Det har vore færre, men økonomisk sett større prosjekter enn det som blei gjennomført i førre handlingsplanperiode ( 2006- 2009). Totalt har det vore brukt 425.000 kr i tiltaksmidlar.

### **Føregangsfylke frukt- og bær**

Føregangsfylke for økologisk frukt og bær (Hordaland og Sogn og Fjordane) gikk inn i eit år kor det var høg aktivitet i frukt og bær-miljøet på Vestlandet, og har drege nytte av dette i oppstartsåret. Hovudmålet har vore å få fleire dyrkarar til å dyrke økologisk og å få dei som allereide dyrkar økologisk, til å dyrke meir. Samstundes har det vore viktig ikkje å misse dei som allereide dreiv økologisk, difor har prosjektet gjeve tilbod om ekstra rådgjeving til desse dyrkarane. Det har så langt ikkje vore utmeldingar, men ein negativ trend til økologisk i marknaden og reduksjon i tilskot til nyplanting Hordaland, har gjort at det har vorte færre nye dyrkarar enn venta. Det er klart fleire økologiske dyrkarar tilkomne frå Økolyft-kommunane, men me ventar gode resultat av systematisk arbeid med å ta personlig kontakt med øko-nysgjerrige konvensjonelle dyrkarar i begge fylka.

På marknadssida har det vore eit tydeleg mål å få omsett all økologisk produksjon som økologisk. Variasjonen i kor dyktige dei einiskilde fruktlagra har vore til å få god kvalitet og varene ut til grossistane, har vore stor. Det vil oppmodast til betre kontakt mellom rådgjevingstenesta og fruktlagra i 2011. Samstundes har Føregangsfylke og gått inn i samarbeid med OIKOS om demo i butikk på fruktsida, og det vil og skje ei målretta satsing for å få omsett bringebær frå større produsentar på Vestlandet.

På FoU-sida har Føregangsfylke økologisk frukt og bær støtta fleire eksisterande prosjekt og nye prosjektsøknadar i 2010. Rognebærmøllangrep vart varsla med frykt og Føregangsfylke støtta både forskingsarbeid og informasjonsmøte knytt opp mot rognebærmøll. Næringsforsyning er ein utfordring både bær- og fruktnæringa slit med, og vart støtta med FoU-midlar. For å bygge eit betre fundament knytt til jordkultur i frukt- og bærhagar, vart eit kompostprosjekt på Vestlandet kopla med arbeidet i føregangsfylke Buskerud "Levande Matjord". Dette har vore eit inspirerende samarbeid og grunnleggande agronomisk prosjekt, og kvalitetskompost vil no nyttast i praksis i dei to nyetablerte øko-frukthagar i dei to fjordane: på Ernes i Ullensvang, på Njos i Leikanger. Desse øko-vindauga vil i framtida fungere som inspirasjonsfelt for både nye øko-sortar og moderne dyrkingssystem med tett-plantingsprinsippet som modell. Dette i tillegg til det eksisterande eplefeltet hjå Sogn jord-og hagebruksskule, som er retta mot produksjon til industriell bearbeiding.

Prosjektleiar har vore aktiv på produsentmøtar, skrive i relevante fagblad som Norsk frukt og bær og Økologisk Landbruk og synleg på matfestar på Vestlandet i den norsk frukt- og bærseongen i 2010. I tillegg har det vorte etablert ein blogg for å nå øko-produsentar utanfor fylket og gje eit bilete av aktivitetane i Føregangsfylke:

<http://okofruktogbar.blogspot.com> Ynskjet har heile tida vore å integrere informasjonarbeidet i eksisterande nettkanalar i frukt- og bærmiljøet, og i 2011 vil det bli inngått eit samarbeid både med [www.lr.no](http://www.lr.no) (Norsk Landbruksrådgjeving) og truleg også med [www.agropub.no](http://www.agropub.no).

Det har vore god kontakt mellom føregangsfylka, bra å kunne søke støtte frå dei andre prosjektleiarane i eit kanskje overoptimistisk, men inspirerende oppstartsår.

### **Økoløft i kommunane**

I Hordaland er Kvam og Voss økolløftkommunar og dei hadde i 2010 felles prosjektleiar for å drive fram dette arbeidet. Kommunane jobber sjølvstendig, men Fylkesmannen har bidratt med kompetanse på kurs og samlingar ift produksjon og marknadsføring av økoprodukt. Det var også gjeve økologiske handlingsplanmidlar inn i dette arbeidet. I det eine prosjektet var studentar frå UMB engasjert til å kartleggje nu og framtidssituasjonen i begge økolløftkommunane Voss og Kvam. Det er også nytta handlingsplanmidlar til fagtur (BioFach) for deltakarar i desse kommunane.

Fylkesmannen følgjer opp og nyttar desse to kommunane som ambassadørar / pilotar for økoarbeidet opp mot dei andre kommunane i fylket.

Det har vore gjennomført informasjon til forbrukar gjennom demonstrasjon og artiklar. "Vossaspyd" er eit prosjekt der økologiske produkt vert presentert i samband med festivaler eller andre samlingar. Under siderfestivalen i Øystese blei mange nye økologiske bruk heidra, både sau og fruktprodusentar har vist interesse



og tillit og har lagd om. Det er viktig å halde engasjementet opp i dei kommunane som har fått økoløftstatus og ser at det er viktig å bygge vidare på det arbeidet som er gått føre seg.

Det er ønskeleg at store økologisk satsing viser igjen både ift turisme, bygdeutvikling, landbruk og økologi i kommunane. Voss og Kvam ynskjer difor vidareføringa av satsinga slik at dette er mogleg å få til.

## 22.5 Tre og miljø

### Bioenergi

Arbeidet på dette feltet har vore å anbefale planlegging og prosjektering av bioanlegg, men samstundes vore klar på å åtvare mot større investeringar med dei rammevilkår som gjeld per i dag. Resultatet av denne strategien er at me i Hordaland har fleire som har og er i gong med planlegging og som vil vere klare til å investere når rammevilkåra opnar for at denne næringa kan verte lønsam.

Sjølv om dette er det generelle biletet har Fylkesmannen i dei tilfelle der lokale styresmakter har vist vilje til å ta lokale grep, jfr. lokale klima- og miljøtiltak, støtta opp om ein skilde bioenregisatsingar. Det er etablert eit mindre tal biovarmeanlegg, gardsvarmeanlegg og produksjonsanlegg for biobrensel (flis). Fylkesmannen si landbruksavdelinga har og saman med Innovasjon Norge teke initiativ til at ein nå er i gong med ein pilotsatsing knytt til biogass frå husdyr i Etne kommune.

### Prosjekt Tre i sentrum

Prosjektet "Tre i sentrum" har også i 2010 hatt eit godt samarbeid med Innovasjon Noreg og det nasjonale trenettverket. Prosjektet har vore ein aktiv part, nettverksbygger og pådrivar for eit samarbeid mellom ulike aktørar. I 2010 har og Hordaland fylkeskommune koma med på laget. Prosjektet vart forankra som tiltak i klimaplanen for Hordaland og har difor fått støtte derfrå. Prosjektleiaren har vore involvert i fleire potensielle trebyggeriprojekt.

Samarbeidet med politisk leiing og administrasjon i Bergen kommune har også i 2010 vore eit viktig arbeidsfelt for prosjektet. Under satsinga "Fremtidens byer" har Bergen kommune i samarbeid med oss, Husbanken og Fylkeskommunen gjennomført fleire frukostmøtar der trebyggeri har vore eit viktig tema. Fleire potensielle kommunale og private byggeprosjekt skal utviklast som forbildebygg innanfor materiale og energibruk. Eit første bygg, omsorgsbustader på Rådalslien, er oppført som massivtre- og passivhusbygg.

Prosjektleiaren deltek aktivt i det nasjonale TREnettverket

## Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Det blei gjort vesentlige endringar i lovverket på dette området i 2009. Fylkesmannen som kompetanseorgan er oppteken av at kommunane får god oppfølging i endringane i regelverket, og tek dette i vare gjennom dialog med kommunane. Hausten 2010 arrangerte vi samling for kommunane der prisfastsetting av landbrukseigedomar etter konsesjonslova var tema. Fylkesmannen ser behovet for ytterligare kompetanseoppbygging i kommunane, og vil skipe til regionale samlingar i fylket som utdyper og klargjer kommunane sitt handlingsrom og nasjonale føringar.

Fylkesmannen er også tillagt ansvar for å føre kontroll med kommunane si praktisering av regelverket på området. I særleg grad vil vi fokusere på at kommunane har forsvarlege rutinar for oppfølging av buplikt/driveplikt og av andre vilkår som er satt i vedtak etter jordlov/konsesjonlov. Det same gjelder kommunane sin delingspraksis og handsaming av priskontroll med konsesjonspliktige landbrukseigedomar. Driveplikta og spesielt praksis vedrørande leiekontraktar er eit område det kommunane etterspør mykje råd. Fylkesmannen har i 2010 venta på avklaring i høve til praksis på dette punktet frå departementet/SLF, og har derfor ikkje kunne gjeve kommunane den oppfølginga dei har hat trong for på dette området. Fylkesmannen har ikkje nytta sitt mynde i jordlova § 3 til å innhente fortløpande vedtak frå kommunar etter jord- og konsesjonslova. Det er likevel i 2010 sett i verk tiltak mot kommunar (kommunedialog/bilateral opplæring) der det er ein føresetnad at fylkesmannen vil nytta denne føresegna, dersom dei tiltak som er sett i verk i 2010 ikkje har den verknaden vi ønskjer.

Fylkeslandbruksstyret blei lagt ned med verknad frå 010110, og fylkesmannen har teke over styret si mynde frå same tidspunkt. Talet på klagesaker og andre saker som er handsama etter særlovene har gått ned samanlikna med tidlegare år. Fylkesmannen har freista å følgje eiga arealstrategi tett, slik at praksis skal vere mest mogleg forståeleg og forutsigbar.

Følgjande saker blei handsama etter landbruket sine eigedomssærlover i 2010:

Disse fordeler seg slik: (tall for 2009 i parentes)

Delingssaker:	12 (24)
Omdisponering:	1 (1)
Konsesjon:	7 (11)
Boplikt:	1 (5)
Landbruksveier:	2 (1)
Odelsfrigjøring:	2 (1)
Diverse	2 (5)

Følgjande dispensasjonssaker som rører ved landbruksinteresser blei handsama av landbruksavdelinga etter plan- og bygningslova i 2010:

Høyringsuttaler:	74
Klager:	25

I dispensasjonssakene freistar vi å synfare alle tiltaka som vi vurderer å klage på.

Motsegn reguleringsplaner?

Motsegn kommuneplaner: Osterøy (1), Bergen (?).

## Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Det vart oversendt 12 klagesaker for produksjonstilskot til SLF. Av desse var 2 klage på avslag på søknad om dispensasjon og 10 klage på fylkesmannen sin overprøving av kommunen sitt vedtak i produksjonstilskot.

**Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2010 - antall**

### Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
1	3	0	0	0	0

### Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
30	0	9	0	0	0	19	0	1

### Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2010

#### 1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,3



Antall personer: 3

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	<b>Austrheim kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, sjukeavløysing, RMP, arealsaker
Registrerte avvik:	2 avvik, 2 merknader
Oppfølging av avvik:	Ingen tilbakemelding frå kommunen. Kommunen hadde frist 1. februar 2011 på å komme med tilbakemelding.

Kommune:	<b>Bømlo kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, sjukeavløysing, RMP, arealsaker.
Registrerte avvik:	4 avvik, 4 merknader
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding frå kommunen om at avvika er lukka.

Kommune:	<b>Eidfjord kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, sjukeavløysing, RMP, arealsaker
Registrerte avvik:	1 avvik, 1 merknad
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding frå kommunen om at avviket er lukka.

Kommune:	<b>Fedje kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, sjukeavløysing, RMP, arealsaker
Registrerte avvik:	Ingen avvik, 2 merknader
Oppfølging av avvik:	Ingen tilbakemelding frå kommunen. Kommunen hadde frist 1. februar 2011 på å komme med tilbakemelding.

Kommune:	<b>Fitjar kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, sjukeavløysing, RMP, arealsaker
Registrerte avvik:	5 avvik, 6 merknader
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding frå kommunen om at avvika er lukka.

Kommune:	<b>Odda kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, sjukeavløysing, RMP, arealsaker
Registrerte avvik:	2 avvik, 5 merknader
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding frå kommunen om at avvika er lukka.

Kommune:	<b>Stord kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, sjukeavløysing, RMP, arealsaker
Registrerte avvik:	4 avvik, 5 merknader
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding frå kommunen om at avvika er lukka.

Kommune:	<b>Tysnes kommune</b>
Orninger/omfang:	Oppfølging av forvaltningskontroll
Registrerte avvik:	
	Landbruksdirektøren har hatt møte med kommunen om den manglande

Oppfølging av avvik:	tilbakemeldinga på kontrollen i 2009. Kommunen lova å komme med tilbakemelding, men har ikkje gjort det. Fylkesmannen følgjer opp saka i 2011.
Kommune:	<b>Ullensvang kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, sjukeavlysning, RMP, arealsaker
Registrerte avvik:	1 avvik, 1 merknad
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding frå kommunen om at avviket er lukka.

**3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.**

Foretak:	<b>A</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot og RMP
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Kontroll på garden, inkludert gjennomgang av miljøplan.
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	<b>B</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot og RMP
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Kontroll på garden, inkludert gjennomgang av miljøplan.
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	<b>C</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Kontroll på garden, inkludert gjennomgang av miljøplan og rekneskap. Foretak C er ei samdrift, foretaka D og E er enkeltmannsforetaka til deltakarar i samdrifta.
Registrerte avvik:	Manglar miljøplan
Oppfølging av avvik:	Kommunen følgjer opp avviket.

Foretak:	<b>D</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Kontroll av rekneskap og miljøplan.
Registrerte avvik:	Manglar miljøplan
Oppfølging av avvik:	Kommunen følgjer opp avviket.

Foretak:	<b>E</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Kontroll av rekneskap og miljøplan.
Registrerte avvik:	Manglar miljøplan
Oppfølging av avvik:	Kommunen følgjer opp avviket.

Foretak:	<b>F</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Kontroll på garden, inkludert kontroll av miljøplan.
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	<b>G</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	KOntroll på garden, inkludert gjennomgang av miljøplan.
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

#### 4. Andre kommentarer/ innspill:

## Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

Fylkesmannen har stor fokus på rolla som fag- og utviklingsaktør på landbruksområdet. I visjon og mål for arbeidet ved avdelinga skal vi vere aktive mellom anna ved å arrangere ulike typar fagkonferansar og møteplassar for kommunane og næringa.

Vi hadde i 2010 fagkompetanse på dei fleste viktige områder for å kunne vere ein samarbeidsaktør både ift næringa og kommunane, men også for andre. Fagkompetanse vert nytta i mange prosjektgrupper og faggrupper knytt til interne og eksterne prosjekter.

Vi arbeider etter informasjonstrategien som vart vedteken i 2009 der fokus blei lagt til formidling på nett. Vi har i tillegg bidrege inn i embetet sin informasjonsstrategi. Vi leverte informasjonsstoff til LMD's Fylkesnytt to gonger i året. Fagbladet Vestlands Landbruk vart lagt ned i 2010, og med det mista vi ein informasjonskanal til næringsaktørane i fylket.

Avdelinga har i 2010 auka aktivitet innan informasjon gjennom internett og fylkesmannen si nettstad. Det har og blitt laga egne nettstader for prosjekt. I 2010 bygga vi opp ei eiga nettportal for bygdeutvikling, lokalsamfunnsutvikling og entreprenørskap saman med Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Norge. Portalen: [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no).

FM gjennomførte ein større landbrukspolitisk konferanse på Voss i 2010, der organisasjonane, politisk og administrativ leiing i kommunane og det regionale partnerskapet var samla. Dette er eit viktig fora for formidling og diskusjon rundt utfordringane knytt til landbruket i fylket. I tillegg blei det gjennomført 2 samlingar for kommunane innanfor tilskotsforvaltning, ei samling om taksering av landbrukseigedomar og fagsamlingar knytt til skogbruk og miljøvirkemidlane.

I samband med Jordvernåret som Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet sendte ut hausten 2010, har vi satt fokus på jordvern i kommunedialog og i planprosessar med kommunane.

Avdelinga har kommunedialog med administrativ og politisk leiing i kommunane. På disse møta er det fast agenda knytt til utfordringar kommunen har som landbrukspolitisk aktør. Det vert lagt vekt på å diskutere kapasitet og ressursbruk knytt til landbruksområdet i kommunen i tillegg til areal- og næringssspørsmål. Kommunen sine ressurser på landbruksområdet er eit viktig tema på desse møtene. Det er lagt vekt på å prioritere besøk i dei kommunane der vi ser det er behov for å sette fokus på jordbruk- eller skogkompetansen. For nokre kommunar er det naturleg å samarbeid om å skaffe eit godt fagleg kompetansemiljø, dette gjeld kommunane Ullensvang- Eidfjord - Odda, Stord - Fitjar, Os-Fusa-Samnanger, Vaksdal-Modal. I 2010 gjorde kommunane i Nordhordland ein vurdering om samarbeid. Løysinga er at Radøy- Fedje-Austrheim går inn i samarbeid. Vi ser at felleskontora har betre kapasiteten og meir ressursar tilgjengeleg til dei oppgåver som skal løysast.

### Kommuneprosjektet

Kommuneprosjektet hadde oppstart i 2008 og har vore utvikla og drive av partnerskapet i samråd med KS og regionråd. Ved utgangen av 2010 har 26 av 33 kommunar signert samarbeidsavtalen med partnerskapen. I avtalen inngår tilbod om ulike kompetansetilbod, konferansar, kurs, etableraropplæring osv, og kommunane skal avklare korleis dei vil arbeide med og synleggjera si rolle som næringsutviklingar (inkludert landbruk) og i entreprenørskapsarbeidet. Kommunane skal også sikre god integrering og samarbeid mellom landbruk og det øvrige næringsutviklingsarbeidet. ([http://kom-an.no/index.php?option=com\\_content&view=article&id=758&Itemid=1433](http://kom-an.no/index.php?option=com_content&view=article&id=758&Itemid=1433)).

I 2010 deltok 32 representantar frå kommunane på det studiepoenggevendende høgskulekurset i etablerarrettleggning. Samla har nær 70 representantar frå førstelinetenesta delteke på og avlagt eksamen i kurset. Det har også vore brei og stor deltaking på dei regionale etablerarkursa og på den årlege entreprenørskapskonferansen og landbrukskonferansen.

## **LUK- lokal samfunnsutvikling i kommunane**

Hordaland fylkeskommune saman med partnerskapen fekk i 2010 støtte frå KRD sitt program Lokal Samfunnsutvikling i Kommunane ([http://kom-an.no/index.php?option=com\\_content&view=article&id=905&Itemid=1733](http://kom-an.no/index.php?option=com_content&view=article&id=905&Itemid=1733)). I Hordaland vil LUK-midlane verta nytta til ein ny stillingsressurs og til å styrka og koordinera pågåande programsatsingar i regi av partnerskapen (LivOglyst, Kom-an.no og kommuneprosjektet)

### **Samarbeid med KS:**

Samarbeidsavtalen mellom KS og LMD er fylgt opp gjennom kontakt mellom landbruksavdelinga og KS. Vi har hatt kontakt/informasjonsmøte og samarbeidd om om å setje landbruk på dagsorden i kommunane.

## **Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging**

Vi har arbeidd for å oppnå jorvernålet i 2010 gjennom ei differensiert arealforvaltning og dialog med kommunane. Gjennom strategien for arealarbeidet (Arealstrategi for Hordaland, revidert 01.01.10) vel vi å ha større restriksjonar i pressområde og i område med særskilt verdfullt jordbruksareal/kulturlandskap. Strategien skal bidra til forutsigbar og framtidretta arealforvaltning.

Fylkeslandbruksstyret vart lagt ned frå 01.01.10 og vi har i 2010 hatt færre arealsaker. Det har og vært færre kommuneplanar til handsaming og vi har hatt færre motsegn. Vi er tidligare inne i prosessane med kommunale og har ein betre dialog. Fleire kommunar har tilpassa planane i fht den politikken som fylkesmannen har fronta. Kommunane tar i større grad omsyn til dyrka mark og kulturlandskapet i si planlegging

### **26.1 Jordvern og kulturlandskap**

#### **Kjerneområde landbruk**

Arbeidet med kjernekartlegging blei vidareførte i 2010. Arbeidet vil fortsetja i 2011. Målet er at alle kommunar i Hordaland skal ha kartlagt kjerneareal landbruk. Kjernearealarbeidet er eit sentralt verktøy som vi har samarbeida med kommunane om å gjennomføre. Pr.31.12.10 har 28 kommunar gjennomført eller er i prosess med kjernearealkartlegging i ein eller annan form. Bergen kommune har gjennomført ei kartlegging etter eit eige system. I nokre tilfelle er kartlegginga og politisk handsama i kommunen. Fylkesmannen og kommunane har hatt stor nytte av kartlegging i kommuneplanarbeidet.

#### **Utvalde kulturlandskap i jordbruket**

I 2010 har samarbeidsgruppa arbeidd vidare med Utvalde kulturlandskap i jordbruket. I samarbeidsgruppa er det med representantar frå kulturminnevernet i Hordaland Fylkeskommune, miljøvern og landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen, og frå Naturhistoriske samlingar ved Universitetet i Bergen. Landbruksavdelinga er koordinator og Kulturlandskapsgruppa er referansegruppe. Forvaltningsplan med skjøtelsplan for Gjuvslandslia har vore grunnlaget for årets arbeid med drift, skjøtsel og istandsetting. Det er utarbeidd grunneigaravtale, og tilskot er utbetalt med utgangspunkt i skjøtelsplanen og i samarbeid med grunneigarane.

### **26.2 Samfunnsplanlegging**

## Geovekstsamarbeidet i 2010

Fylkesmannen i Hordaland har ein aktiv rolle i organiseringa av Norge Digitalt i fylket. Fylkesmannen leiar Fylkesgeodatautvalet og er deltakar i arbeidsgruppene for basis geodata og tematiske geodata. Prosjektet ”Plan- og temadata i Hordaland” vart starta opp i 2007 og skal etter planen avsluttast i 2010. Ein har her oppnådd gode resultat, både med omsyn til kompetanseheving i kommunane og etterkvart fleire kommuneplaner i kvalitetssikra standardar på digitalt format som kan nyttast i forvaltninga. Det er realistisk å satse på at dei fleste kommunane har digitale kommuneplanar på plass i løpet av 2010.

Fylkesmannen påverkar prioriteringane i fylket gjennom innspel til geodataplanen for Noreg digitalt Hordaland. Samarbeidet med dei andre partane, t.d. Statens kartverk Bergen og Hordaland fylkeskommune fungerer svært godt.

Innanfor fagutvalet for basisdata, Geovekst, har det i 2009 blitt ferdigstilt full dekning av ortofoto for alle kommunane i ulike bildemålestokkar. Det har vore ein særleg satsing på etablering av laserdata for større område enn tidlegare, noko som vil vere spesielt viktig for rasjonell skogtaksering i skogbruket.

Internt på embetet har det også i år vore mest bruk av kartdata og GIS innen landbruks- og miljøvern avdelingane men ein satsar på auka bruk også hos fleie andre store avdelingar fremover. For å oppnå dette er det særleg viktig å kunne vidareutvikle den interne innsynsløysinga og tilpasse denne til dei ulike avdelinganes spesielle fagfelt.

## Ressursrapportering

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
21 Landbruksbasert næringsutvikling	kr 5 469 540,69	kr 0,00
22 Klima- og miljøpolitikk i landbruket	kr 1 555 327,67	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 929 965,70	kr 0,00
24 Forvaltning av inntekts- og velferdspol. tiltak	kr 1 139 818,72	kr 0,00
25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør	kr 1 876 181,71	kr 0,00
26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging	kr 2 576 911,60	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 181 613,67	kr 0,00
Sum:	kr 13 729 359,00	kr 0,00

## Kunnskapsdepartementet

### Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

#### 31.1 Tilsyn

Avdelinga hadde i 2010 sjukefråver og permisjonar som bidrog til redusert kapasitet med konsekvens for tilsynsoppgavene. Hordaland har som landets nest største fylke mange innkomne saker, både klagesaker og andre førespurnader som i sum tek mykje av dei disponible ressursane i avdelinga. I høve storleiken på embetet, har avdelinga avgrensa ressursar, sjå punkt om ressursrapportering.

Avdelinga nytta monalege store ressursar til pilotering av felles nasjonalt tilsyn 2010, som omfatta både utarbeiding av metode, tilsynsinstruks og av pilotering av dette ved stadlege tilsyn.

Overordna strategi for tilsynsarbeidet i 2010 var

å utarbeide opplegg for felles nasjonalt tilsyn, herunder å gjennomføre stadlege tilsyn med tema elevane sitt psykososiale miljø.

å gjennomføre tilsyn basert på risikovurdering/hendingar

Første halvdel av året hadde avdelinga eit omfattande arbeid med å utarbeide eit opplegg for felles nasjonalt tilsyn 2010-2011, etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Ein person tok del i Udir si arbeidsgruppe og tre andre tilsette på avdelinga tok del i dette arbeidet og i piloteringa av 4 stadlege tilsyn. Etter avtale med Udir inngjekk arbeidet med å formulere rettslige krav og utvikle metode for tilsyn etter kap 9a inn som del i oppfylging av tilsynskravet for 2010. Avdelinga brukte det meste av tilgjengeleg kapasitet frå januar til mai på tilsynsarbeid knytt til førebuing og pilotering av felles nasjonalt tilsyn.

Avdelinga gjennomførte piloteringa som stadleg tilsyn med tre kommunar i 2010, i tillegg til felles nasjonalt tilsyn. Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, prioriterer stadleg tilsyn framfor skriftlege ut frå erfaringar om at desse har større gjennomslagskraft også i eit rettleiingsperspektiv. Avdelinga kan ut i frå konkrete tilbakemeldingar frå kommunane slå fast at dialogen mellom FM og skoleeigarane er svært god, med aksept for dei ulike rollene partane har.

I dei fire pilottilsyna med tema elevane sitt psykososiale miljø, blei det prøvd ut ulik metodikk. Mellom anna blei det innhenta opplysningar frå alle skolane i dei utvalte kommunane, slik at FM fekk eit breiare innblikk i arbeidet i kommunen.

Kommunane blei valt ut i høve krav frå Udir ved at data frå Skoleporten og GSI låg til grunn for utvalet. Funn frå desse tilsyna svarar til funn som er gjort i det felles nasjonale tilsynet i 2010.

I høve to kommunar, Sveio og Odda, hadde avdelinga skriftleg tilsyn med møteverksemd i tillegg. Dess tilsyna kom i stand på bakgrunn av klager frå brukarar og på grunn av sak i lokalavis (alternativ opplæringsarena for segregert gruppe). Det blei gitt pålegg i alle tilsyna. Alle tilsyna er avslutta, med unntak ev eitt, der kommunen er purra for endeleg tilbakemelding.

Eit felles kjenneteikn for skoleeigarane som har fått avvik/lovbrot, med pålegg om retting av dette, er at dei ikkje har tilstrekkeleg forvaltningskompetanse. Avdelinga har ikkje grunnlag for å konkludere om funna er knytt til skoleeigar sin storleik, organisering eller økonomi. Vi har ikkje hatt tilsyn med skoleeigar som har hatt avvik to eller fleire gongar i perioden 06-09.

Stortingets føresetnader vedkomande gruppestorleik har vore grunnlag for særskilt oppfølging. Arbeidet starta før oppdragsbrevet frå Utdanningsdirektoratet kom 25.01.2010. På dette tidspunktet var det igjen ti skolar som måtte følgjast opp. Resultata viser at det var for det meste feilføringar i GSI.

Hausten 2010 har avdelinga gjort grunnarbeidet for ei undersøking av sakshandsaming knytt til retten til spesialundervisning, spesialpedagogisk hjelp og tideleg innsats. Undersøkinga blir gjennomført i kommunar og private skolar tidleg i 2011, og vil vere grunnlag for eventuelle tilsyn i 2011.

Avdelinga bidrog med utredning av typiske kjenneteikn ved enkeltsaker knytt til det psykososiale miljøet til eleven og framførte det på samling Udir heldt om dette.

Basert på resultat av tilsyn, klagesaker og kontakt med skoleeigarar og brukarar, har avdelinga indikasjon på at både ressursar og kompetanse knytt til lov og regelverk er noko mangelfull hos skoleeigarane. Dagleg informasjon og rettleiing gjennom telefon og epost tek mykje tid, men fører til god dialog med skoleeigarane.

Avdelinga hadde faste samlingar med kommunane også i 2010: To-dagarssamling i mars, juni og desember. Tilsyn var eit gjennomgangstema der avdelinga orienterte kommunane om tilsynsystema med utgangspunkt i tilsynsrapportar frå pilottilsyna og anna relevant regelverk, som lovendringar og nye rundskriv frå Utdanningsdirektoratet. Skoleeigarane ønsker ikkje berre tilsyn, men også erfaringsspreiing og vurderingar knytt til tilsynsinstituttet. Dei fleste skoleeigarane ser tilsyn som ein av mange brikker i sitt kvalitetsarbeid. Dei meiner formalia er viktig men at det i seg sjølv ikkje må overskygge det overordna faglege kvalitetsarbeidet når det gjeld til dømes skolemiljø og spesialundervisning. Slike synspunkt blir formidla på fellessamlingar Fylkesmannen arrangerer.

Avdelinga har hatt fleire møter med Hordaland fylkeskommune vedkomande inntak til vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen har no endra den lovstridige praksisen den hadde i mange år knytt til inntak for elevar med særskilte behov.

Avdelinga hadde i 2010 nokre svært omfattande einskildsaker som starta som klagesaker, med heimel i § 9a-3. Nokre av sakene er komplekse, utan ei eintydig løysing. Slike saker kan også starte med andre problemstillingar enn eleven sitt psykososiale miljø, men kan undervegs dreie seg mot § 9a-3 når kontakten mellom elev/føresette og skole/kommune er vanskeleg.

I høve føresetnadene i avdelinga i 2010, har arbeidspresset knytt til tilsyn vore høgt. Avdelinga har no sær god kompetanse på tilsyn med kap 9a i opplæringslova, både erfaringsmessig, juridisk og pedagogisk. Når det gjeld rapporteringspunkt a-d frå Udir kan desse svaras på samla. Vi har som avdeling god kompetanse, men få ressursar, jfr også styringsmøte. Det er ikkje rom for meir effektivisering. Direktoratet har for stor detaljstyring, sjølv om samordning er bra. Det er lite fylkesmannen som embete å ha eigne prioriteringar

Ressursrapportering er tatt med i rapportens siste

Tilsynsobjekt:	<b>Odda kommune - Alternativ opplæringsarena OppMot</b>
Paragraf(er):	§§ 5-1, 8-1, 8-2
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	Nei
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Stord kommune - Hystad skule, Langeland skule , Stord ungdomsskule</b>
Paragraf(er):	oppl kap 9a og 11, §§ 2-9 og 13-10
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Sund kommune - Stranda skule, Tofterøy skule, Sund ungdomsskule</b>
Paragraf(er):	Oppl kap 9a og 11, §§ 2-9 og 13-10
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Sveio kommune - Førde skule</b>
Paragraf(er):	Oppl §§ 2-8 og 13-5
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	Nei
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Ulvik kommune - Brakanes skole</b>
Paragraf(er):	Oppl kap 9a og 11, §§ 2-9 og 13-10
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	Kommunen har sendt en foreløpig bekreftelse på korrigerings FM purret i oktober på endelig bekreftelse.

## 31.2 Klagesaksbehandling

Avdelinga hadde i 2010 sjukefråver som bidrog til redusert kapasitet. Hordaland har som landets nest største fylke har mange innkomne saker, både klagesaker og andre førespurnader som i sum tek mykje av dei disponible ressursane i avdelinga. I høve storleiken på embetet, har avdelinga avgrensa ressursar, sjå punkt om ressursrapportering.

Strategi for arbeidet er:

Internt på avdelinga har vi prioritert god kompetanse kombinert med eit erfaringsarkiv.

Vi har eit mål for sakshandsamingstid på 6 veker.

Omfattande rettleiing er god førebygging og kvalitetssikring.

God service til både brukarar og skoleigarar er prioritert

Samla sett har det vore ei auke i talet på og arbeid med klager. Utdanningsavdeling har handsama 43 fleire klagesaker i 2010 enn året før. Nokre av klagene er svært krevjande, både i innhald og omfang. Nokra saker kan ressursmessig ha same omfang som tilsyn. I den samanhengen må nemnast at auke i talet på saker som gjeld elevane sitt skulemiljø har vore arbeidskrevjande. Det må ofte hentast inn fleire opplysningar før sakene kan handsamast hjå Fylkesmannen.

Omfanget av klager er størst på standpunktkarakterar i grunnskolen. Avdelinga har i 2010, som tidlegare år, brukt tid på at avgjerd i desse sakene skal ha høg kvalitet og god informasjonsverdi i eit rettleiingsperspektiv. Klagene på rett til skyss er samansette saker, som i nokre tilfelle krev synfaring for å trekke skille mellom vanlege tilhøve og særleg farleg og vanskelege tilhøve. Utdanningsavdelinga har i år hatt auke i talet på klagesaker som gjeld introduksjonslova

Fleire av reglane i opplæringslova er, eller blir oppfatta som rettar for elevane. Difor er det også mange, særleg foreldre, som tek kontakt om regelverket. Det er ikkje kapasitet til å utføre dette rettleiingsarbeidet i høve til det registrerte behovet.

Avdelinga klarer i nesten alle saker å halde den interne fristen for sakshandsaming. Unntak er kompliserte saker, som krev arbeid over lang tid. I fleire saker krevst det innhenting av fleire opplysningar. Arbeidet på avdelinga er organisert slik at same personar må nyttast til fleire oppgåver, til dømes sakshandsaming, tilsyn og eksamen og rettleiing. Fordelen er at medarbeidarane får ein brei kompetanse, ulempene er at oppgåvene kan kollidere i tid. All den tid klager har rett til både å få handsama klagen og rett til vegleiing, må avdelinga organisere sakshandsaminga på denne måten. Klagesakshandsaminga må prioriterast, då desse sakene gjeld individuelle rettar.

Det er stor skilnad på kommunane i høve til skulefagleg kompetanse. Dette gjer seg utslag i etterspurnad til vår avdeling, også direkte frå skulenivå. Avdelinga har erfaring og kompetanse innanfor området, men avgrensa ressursar.

Vi har i 2011 ei undersøking ute hjå alle kommunane knytt til spesialundervisning. Noko av bakgrunnen for undersøkinga er erfaringar frå klagesaker over fleire år. Resultat frå denne undersøkinga vil også nyttast i arbeid med tilsyn

FM vurderer kvaliteten på vedtak til å vere gjennomarbeidd i høve til dei krava lova set. Når det gjeld reppoteringspunkta a-d frå Udir kan desse svaras på samla. Vi har som avdeling god kompetanse, men knappe ressursar, jfr også styringsmøte. Klagesaker har etter opplæringslova høgare prioritet enn tilsyn.

### Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Vurdering (standpunkt), kap 5 i 208 forskriften	6		39	163	
Vurdering (muntlig eksamen), kap 5 i	3	1	2	0	



forskriften				
Særskilt				
språkopplæring, § 2-11	0	7	4	
8				
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	7	0	5	2
Spesialundervisning, § 5-1	20	8	5	7
Skyss, § 7-1	24	5	11	8
Skoleplassering, § 8-1	16	0	13	3
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	1	0	0	1
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	1	0	0	1
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	7	3	2	2
Spesialundervisning, § 5-1	5	0	2	3
Spesialundervisning, § 5-1	5	0	2	3
Annet	30	8	13	9
Sum	338	31	101	206

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	4	0	1	3	
Spesialundervisning, § 5-1	5	2	0	3	
Sum	9	2	1	6	

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	3	2	1	0	
Sum	3	2	1	0	

### 31.3 Grunnskolen informasjonssystem, GSI

Resultatkrava er innfridde.

Kontoret har brukt om lag 12 veker til arbeidet med GSI i 2010. Ein stor del av denne tidsressursen er brukt til utviklinga av GSI. FM Hordaland representerer embeta på sørvestlandet i Utdanningsdirektoratet si faggruppe. Kontoret utarbeider konkrete framlegg til skjema, tekster til rettleiingane, framlegg til rapportar og kontrollar m.m. Vi har egne samlingar for sørvestfylka og samanfattar erfaringar og innspel frå desse. Tilbakemeldingane frå direktoratet på faggruppa sitt arbeid er gode. Ein annan indikator på resultatet av faggruppa sitt arbeid, er tilbakemeldingar frå kommunane. Dei opplever at spørsmåla i GSI er blitt meir presise og at rettleiingstekstane til grunnskoleskjemaet no er til god hjelp.

Dei første månadene av 2010 var det mykje opprettingsarbeid, spesielt på data om fysisk aktivitet som skular og kommunar rapporterte på for første gong. Parallelt med dette vart det arbeidd med oppfølginga av skular som såg ut til å bryte føresetnadene om ressursar frå Stortinget. Då oppdragsbrevet frå Utdanningsdirektoratet kom, hadde vi allereie ein prosess med desse skulane/kommunane. Den elektroniske rapporten blei levert innan den oppsette fristen.

Gjennom året er data frå GSI lagt til grunn for tilsyn.

På grunn av sjukdom klarte vi ikkje å samle kommunane og dei private skulane før GSI-innsamlinga dette året, men etter vår meining har vi kompensert for dette gjennom oppfølgingsarbeidet i perioden etter at kommunar og privatskulane meldte seg ferdig. Strategien har vore å ha særleg merksemd på skular og kommunar der anten nye personar har hatt ansvar for rapporteringa, der systemet viser at det er svært mange åtvaringar som ikkje er kommenterte eller der rapportar over år viser store endringar i tala.

Kommunane og dei private skulane er følgt opp i særleg grad når det gjeld leverte data for grunnskulen. Det reviderte skjemaet for rapportering av tal frå vaksenopplæringa har gjort at også oppfølgingsarbeidet har blitt betre frå vår side. Når det gjeld oppfølging av data som kommunane rapporterer i skjemaet for musikk- og kulturskolar, har vi tatt utgangspunkt i dei spørsmåla som Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, som har eit særskilt ansvar for desse skolane, har vidareformidla til oss.

Kontoret meiner å ha bygd opp god kompetanse på GSI, mellom anna gjennom kontinuitet i personalet frå første innsamlinga i 1992. Likevel er vi sårbare då ressursituasjonen gjer at vi berre har ein person på arbeidsområdet.

## 31.4 Informasjon og veiledning

Strategi for arbeidet er:

Høg kompetanse kombinert med eit erfaringsarkiv på avdelinga skal nyttast i arbeidet.

Omfattande rettleiing er god førebygging og kvalitetssikring.

God service til både brukarar og skogeigarar er prioritert

Oppdaterte heimesider på feltet

Utdanningsavdelinga har eit hyppig og tett samarbeid med Utdanningsdirektoratet når det gjeld informasjon og rettleiing i lov og regelverk. Dette nyttar vi i samarbeidet med skoleeigarar og brukarar. Nettsidene til Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen har høgaste treffprosent i embetet, og kompetansen i avdelinga blir jamleg nytta av skoleiagarar og brukarar, både via telefon og e-post, men også som eksterne forlesarar.

Kommunane blir informert om resultatata frå tilsyn på alle kommunesamlingane, og tilbakemeldingane etter slike samlingar er gode.

Når det gjeld rettleiing til skoleeigarar i samband med utarbeiding av tilstandsrapport og funksjonalitet i Skoleporten, viser vi til rapportering under resultatområde 32.3. Under same punktet er konferansen om bruk av verktøy for skoleutvikling omtalt.

Arbeidet med statleg rettleiarkorps er rapportert under punkt 32.4.

På konferansen som Utdanningsdirektoratet arrangerte i Bergen i mai om Betre læringsmiljø, deltok Fylkesmannen i Hordaland med faglege innlegg, og vi nyttar og andre samlingar og møte med skuleeigarane og andre til å informere om "Betre læringsmiljø" som ressurs i arbeidet.

Kontoret ønskjer å ha ei heilskapleg tilnærming til arbeidet med læringsmiljøet, til dømes gjennom informasjon om lov- og regelverk, tilsyn, klagebehandling, statleg rettleiarkorps og utviklingsarbeid. Fem kommunar og Hordaland fylkeskommune har fått statlege midlar frå Utdanningsdirektoratet til lokalt utviklingsarbeid for eit inkluderande læringsmiljø. Vi finn det beklageleg at kontoret ikkje fekk lov å vera til stades på oppstartsamlinga som direktoratet hadde lokalisert til Bergen. Det gjer vår tilnærming til feltet vanskelegare, og kommunane forstår ikkje kvifor vi ikkje er til stades på samlingar i eige fylke.

### *Vidaregåande opplæring*

Fylkesmannen registrerer at det framleis er eit stort behov for informasjon og rettleiing om regelverket innan vidaregåande opplæring og brukar ganske mykje tid på dette området. Problemstillingane gjeld i særleg grad vurdering, dokumentasjon og vitnemål og overgangsordningar mellom Reform 94 og Kunnskapsløftet. Mange skular vender seg direkte til Fylkesmannen med spørsmål, dette gjeld både dei offentlege og dei private skulane. Fylkesmannen har god kompetanse på området, og vi opplever også eit godt samarbeid med Utdanningsdirektoratet når det er behov for avklaringar. Ein viktig strategi er å auke kompetansen hos skuleeigar og skulane. Derfor har vi mellom anna vore med å arrangere samlingar om dokumentasjon og vitnemål saman

med fylkeskommunen og Utdanningsdirektoratet.

### *Nettsidene*

Nettsidene til utdanningsavdelinga spelar ei viktig rolle i arbeidet med informasjon og rettleiing om lov og regelverk, både overfor skuleeigarane og andre. Totalt har avdelinga hatt om lag 100 oppslag i 2010 på fagsidene, og 30 av desse omhandlar direkte spørsmål om lov og regelverk. Utdanningsavdelinga er også den avdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland som har hatt flest treff i løpet av 2010.

Vi har stor etterspurnad om å informera meir til aktørane på i grunnopplæringa. Vi kan også gjera meir informasjonsarbeid på nett, men det er lite tid til auka innsats

## **31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver**

Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

### *Ressursbruk, kompetanse og strategi*

Avdelinga har tre saksbehandlarar på området. Etter vår vurdering har Utdanningsavdelinga høg kompetanse og lang erfaring i høve til dei oppgåvene vi skal løyse på dette området. Totalt bruker vi om lag 1,5 årsverk. Saksbehandlere på eksamen er også nytta til klage og tilsyn, og dette gjer føringar for tidsbruk.

Vår hovudstrategi er å følgje opp skuleeigarane. Nasjonale prøver har vore tema på samling med skolefagleg ansvarlege i kommunane. På grunnskuleområdet har vi delteke på 5 av 6 regionssamlingar og informert om det som er relevant for lokalt gitt eksamen i kap 3 i forskrift til opplæringslova.

I vidaregåande opplæring har vi møte med fylkeskommunen og alle skulane to gonger i året om PAS og PGS og gjennomføring av eksamen, samt kartleggingsprøver. Dette har ført til betre oppfølging og ansvarleggjering av skuleeigar, men framleis vender ein del skular seg direkte til oss for hjelp. Omfanget av etterpåmeldingar er for stort, og det er eit klart mål både for Fylkesmannen og fylkeskommunen å få redusert dette.

Vi har ikkje hatt møte med skuleeigarane i kommunane om PAS og PGS i 2010, men planlegg eit møte i februar 2011 for dei kommunane/skulane som enno ikkje har nytta PGS-A for digital levering av elevsvar ved eksamen i grunnskulen.

### *PAS og PGS*

PAS/PGS har gjort arbeidet med eksamen meir effektivt, men det går framleis med mykje ressursar til brukarstøtte, og då særleg i høve til sensorar når det gjeld eksamen og kommunar/skular når det gjeld nasjonale prøver. PAS-hjelpen til direktoratet fungerer bra.

Vi ser at det framleis er behov for å gjera IKT-basert eksamen betre på elektronisk levering av elevsvar både når det gjeld konvertering av dokument og levering av elevsvar. PAS/PGS-A må ha eit kontrollsystem som sikrar at eleven leverer det han/ho har planlagt å levera på prøva. Dette inneber også betre opplæring og oppfølging av eksamensvakter i korleis digital levering av elevsvar fungerer.

Det er framleis ein del skular som slit med tekniske problem knytt til gjennomføringa av dei nasjonale prøvene i engelsk og rekning, elektroniske prøver.

Fellessensuren i grunnskulen fungerte som den skulle, men har fått ein meirkostnad på grunn av nettsupport og nettilgang for alle sensorane.

Fellessensuren i videregående opplæring våren 2010 baud på store utfordringar på grunn av dårleg serverkapasitet i Utdanningsdirektoratet. Eit resultat av dette var at sensorane brukte lang tid for å få lagt inn karakterane sine, noko som førte til forsinkingar i sensureringa og frustrasjonar for sensorar og Fylkesmannen. Sensuren vart trass i dette gjennomført etter dei sentrale retningslinene.

Fellessensuren hausten 2010 gjekk utan problem.

### *Nasjonale prøver*

Nasjonale prøver vart gjennomført etter sentrale retningslinjer.

Ein del kommunar hadde elevar som var registrerte i Pas med "Fritatt" for nasjonale prøvar i 2009, og som i

prosent av elevtalet på trinna, låg godt over gjennomsnittleg fritak på nasjonalt nivå. Vi bad dei sju aktuelle kommunane om skriftleg å grunngje kvifor fritaksprosenten i kommunen i 2009 låg over gjennomsnittet. Alle dei sju kommunane sende inn sine rapportar innan 15. februar. Vi planlegg å ha tilsyn med gjennomføringa av nasjonale prøver i 2011 i tre kommunar. Dette tilsynet er ein del av ei pilotering som vert gjennomført i sør-vest fylka.

Når det gjeld registrering av fritak av elevar for nasjonale prøver, vil vi visa til tidlegare rapportering. Med rolle i PAS som "Skoleadministrator" har rektor framleis ikkje tilgang slik at han/ho får sjå kva enkeltelevar som er registrerte med status "Fritatt" i PAS.

Trass i påminning var det ein del skular som ikkje fekk med seg frist for registrering av resultat frå leseprøvene. Dette problemet vart teke opp med kommunane på samling i desember.

#### *Elektroniske kartleggingsprøver*

Elektroniske kartleggingsprøver vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. Utvidinga av prøvene - særleg i vidaregåande opplæring - har ført til meir arbeid med brukarstøtte og oppfølging av skuleeigar og skular.

#### *Sentralt gitt eksamen i grunnskulen*

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. I Hordaland har vi ansvar for sentralt gitt eksamen i norsk, engelsk og matematikk. Det er god tilgang på sensorar til skriftleg eksamen i grunnskulen. Det var til saman 7770 påmelde kandidatar til sentralt gitt eksamen i vårt fylke, og vi hadde ansvar for 108 sensorar.

Sensorskolering. Vi hadde ei dagsamling for faglærarar i engelsk i mars. Tema var skriftleg eksamen i engelsk; erfaring, utvikling, vektlegging, førebuing og vurdering. I tillegg hadde vi fagsamlingar for alle sensorane 7. juni. Det var godt frammøte og gode tilbakemeldingar frå deltakarane på begge desse samlingane.

#### *Lokalt gitt eksamen i grunnskulen*

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføringa av lokalt gitt eksamen i fylket.

Dette året har vi prioritert å delta på 5 av 6 regionssamlingar og informert om det som er relevant for lokalt gitt eksamen i kap 3 i forskrift til opplæringslova.

På oppdrag frå Utdanningsdirektoratet har vi gjennomført kartlegging av lokalt gitt eksamen i to kommunar i Hordaland. Rapport frå denne kartlegginga vart sendt inn til direktoratet i september.

Vi fekk inn 4 klager på munnleg eksamen. Ei av desse fekk medhald.

#### *Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring*

Hordaland har både eit regionalt og nasjonalt ansvar for å oppnemne sensorar og gjennomføre sensur etter sentralgitt eksamen haust og vår. I dei faga vi har ansvar for var det til våreksamen om lag 25 000 påmeldte kandidatar frå 300 skular, og vi oppnemnte 277 sensorar. Omfanget til hausteksamen er mykje mindre.

Tilgangen på sensorar er bra i dei fleste faga. Unntaket er norsk, der det var svært vanskeleg å skaffe tilstrekkeleg med sensorar til våreksamen. Denne negative utviklinga ser ut til å halde fram, og vi er bekymra for om vi klarer å gjennomføre sensur i norsk hovud- og sidemål på ein forsvarleg måte i framtida.

Omfanget av sensorskolering var svært stort. Dette er positivt, og vi får gode tilbakemeldingar frå mange sensorar.

Det er uheldig at nokre sensorar ikkje deltek på skolering. Derfor er det positivt at Utdanningsdirektoratet vurderer om dette skal gjerast obligatorisk.

#### *Lokal gitt eksamen i vidaregåande opplæring*

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføring av lokal gitt eksamen i fylket.

#### *Bruk av resultat i tilsynsarbeidet*

Fylkesmannen bruker aktivt resultatata frå eksamen og nasjonale prøver i analysearbeid og risikovurderinga

i samband med tilsyn.

Karakterstatistikk etter sentralgitt eksamen i vidaregåande opplæring vert tatt ut frå PAS og bearbeidd og presentert på samlingar for fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane.

Kompetanse mv

Kontoret har høg kompetanse. Vi er sårbare når same personar er nytta samstundes på dette området med tillegg av klage og tilsynsarbeid.

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avviking av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?	X		

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleiere med høy andel elever med fritak
2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	i Hordaland er fritaksprosenten på 1,7. Det er godt under landssnittet for fritak	Det er variasjon i fritak frå kommune til kommune. 12 av dei 33 kommunane i fylket ligg over landssnittet.	Nokre av desse er kommunar med lågt elevtal, som får stor prosentutteljing på statistikken.	Fylkesmannen planlegg skriftleg tilsyn med tre av kommunane som har høg fritaksprosent.

### 31.7 Tilskuddsforvaltning

Tilskot knytt til leirskuleopplæring, er forvalta etter føresetnadene frå sentralt hald. Oppgåvene er utførte jfr. oppdragsbrev.

Det er eiga rapportering på desse områda:

Del1-økonomirapportering/Del 2-tilskottsforvaltning. 3 tertialrapport er sendt Udir,jfr.fullmaktsbrev.

Vi har ikkje indikasjonar på at tilskota ikkje vert nytta i tråd med regelverket, men det burde vore nytta meir tid til stikkprøvekontrollar. Dette er eit ressurspørsmål. Mykje kontrollarbeid skjer gjennom vanleg sakshandsaming.

## Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

### 32.2 Kompetanseutvikling

Strategi for arbeidet er :

*Samarbeid med alle aktørane i samarbeidsgruppa for kompetanseutvikling og pådrivar i høve skoleeigarane*

*Tildele midlar i høve embetsopdraget*

Tiltak knytt til Kompetanse for kvalitet, Strategi for vidareutdanning av lærarar, og tildelinga av midlar til etterutdanning, er utført i høve til oppdraget. Arbeidet blei koordinert i ei samarbeidsgruppe for kompetanseutvikling, som er breitt samansett av dei ulike aktørane frå skoleeigarar og kompetansemiljø: Kommunane, fylkeskommunen, dei fire utdanningsinstitusjonane i fylket, representant frå lærarorganisasjonane, Statped Vest, KS og FM.

Gruppa har vore ein viktig arena for drøfting og informasjonsutveksling om ulike tema som gjeld

kompetanseutvikling. Samarbeidsgruppa er også ei kontaktpunkt og møteplass mellom partane som har ansvar for ulike sider av "Kompetanse for kvalitet" i vårt fylke.

Fylkesmannen har drive informasjonsarbeid om "Kompetanse for kvalitet" på ulike samlingar, på nettsidene våre og ved å svara på spørsmål.

#### *a) vidareutdanning*

Fylkesmannen har tildelt midlar til vidareutdanning etter tildelingsbrev frå Utdanningsdirektoratet datert 18.02.2010. Til dei statleg finansierte vidareutdanningsplassane kom det inn 124 søknadar i 2010 (115 i 2009). Det blei tildelt støtte til 124 lærarar (102 i 2009). I ettertid har ein lærar trekt seg og midlane vart overført til ein annan lærar i ein annan kommune.

Til vidareutdanning på andre fagområde har vi tildelt midlar til 35 lærarar (28 i 2009). Ein lærar har trekt seg og midlane vart tilbakebetalt frå skuleeigar og overført til etterutdanning.

#### *b) etterutdanning*

I Hordaland vart midlane tildelt skuleeigarane i juni 2010 etter retningslinene i tildelingsbrev frå Utdanningsdirektoratet datert 16.03.2010. Tilleggsmidlar tildelt i brev frå Utdanningsdirektoratet den 10.09.2010 vart tildelt kommunar, privatskular og fylkeskommunen i september og oktober.

I Fylkesmannen si tildeling var det særleg lagt vekt på dei fem prioriterte områda vurdering, leseopplæring, rekneopplæring, rådgjeving og fag- og yrkesopplæring. I tillegg vart det teke særleg omsyn til kommunar med svake resultat på nasjonale prøvar. Tilleggsmidlane til etterutdanning vart fordelt etter same prinsipp.

4 kommunar søkte ikkje om midlar til etterutdanning. Summen av søknadane frå skuleeigarane var høgare enn dei midlane som var til disposisjon. Alle skuleeigarane fekk likevel innfridd søknadane fullt ut når det gjaldt dei prioriterte områda då tilleggsføringane vart fordelte i september og oktober.

#### *c) rapportering på bruk av midlane til kompetanseutvikling*

Ikkje alle skuleeigarar rapporterte innan fristen 27. april 2010. I tillegg mangla rapportering på tilleggsføringane frå ein del skuleeigarar. Det vart difor ein del arbeid med puring og opprettingar på skuleeigarane sine rapportar .

#### *Vurdering*

To av kommunane i Hordaland har ikkje deltakarar på vidareutdanning med frikjøp ved utgangen av 2010. 7 privatskular og Statsped Vest har deltakarar på ordninga. Totalt sett har det vore ein auke på 29 deltakarar i ordninga frå 2009 til 2010.

Geografisk fordeling av studieplassar i nokre fag har medført mykje ekstraarbeid. Det gjeld særleg leseopplæring 1. Alle deltakarane frå Hordaland tek no dette studiet på NLA høgskolen i Bergen.

Av søknadane og søknadsprosessen kom det fram at det er ulik kompetanse og kapasitet hjå skuleeigarane når det gjeld arbeidet med "Kompetanse for kvalitet".

#### *Det regionale GNIST-samarbeidet*

Fylkesmannen i samarbeid med KS tok initiativ til å få i gang det fylkesvise samarbeidet. Alle dei lokale partnarane vart inviterte til eit oppstartmøte i januar 2010, der ein diskuterte organisering av arbeidet og kva tiltak ein bør satse på lokalt. Den sentrale prosjektleiinga var og representert. Partnarane konkluderte med at ein skulle satse på fire område: rekruttering av nye lærarar, rettleiing av nyutdanna, samarbeid med skuleeigarane om praksis i lærarutdanninga og etter- og vidareutdanning. Det blei sett ned eit arbeidsutval med representantar for KS, Utdanningsforbundet, Høgskulen Stord/Haugesund, Universitetet i Bergen, Norsk Studentorganisasjon og Fylkesmannen.

Arbeidsutvalet har hatt jamlege møte. Eit viktig punkt har vore å tilpasse arbeidet i GNIST til dei samarbeidsstrukturane som allereie var etablert i fylket mellom UH-sektoren, skuleeigarane og organisasjonane. Arbeidsutvalet har elles følgd opp dei fire prioriterte områda. Sentrale tiltak har vore å arrangere såkalla stjernetreff som ledd i kampanjen "Har du det i deg?" for å rekruttere studentar til lærarutdanninga. Vi har arrangert dagsamling for partnarane i GNIST og skuleeigarane med tema rettleiing av nyutdanna og praksis i ny grunnskulelærarutdanning, der Utdanningsdirektoratet også var ti stades. Eit tredje tiltak har vore planlegging av korleis GNIST skal profilere seg på Utdanningsmessa i Bergen i februar 2011, samt ulike tiltak overfor media.

Fylkesmannen vurderer det slik at samarbeidet i arbeidsutvalet har vore godt, og at ein har fått gjennomført dei tiltaka som var planlagte. Vi har og hatt god kontakt med prosjektleiinga sentralt og, fleire i utvalet har deltatt på sentrale samlingar.

### 32.3 Skoleporten

FM Hordaland har auka tidsbruken på dette området i høve til i fjor og har i 2010 brukt om lag fem veker til arbeid i samband med Skoleporten. Det har vore noko større behov for rettleiing enn i fjor, og i hovudsak har førespurnadene handla om malen for tilstandsrapporteringa i Skoleporten. Måloppnåing i høve til brukarstøtte- og rettleiingsfunksjon og i høve til at Skoleporten vert brukt som grunnlag for tilsynsarbeidet, er god.

Tidlegare år har vi brukt lite ressursar knytt til oppdraget om å leggja til rette for at Skoleporten vert brukt som ledd i lokal kvalitetsvurdering. Dette har vore eit bevisst val då kommunane i lang tid ga tilbakemeldingar på eit lite brukarvenleg system og gamle data. I 2010 ser vi positive resultat av arbeidet med Skoleporten både når det gjeld raskare tilgjengelege data og nyttige hjelpemiddel som til dømes malen for tilstandsrapport. Vi har derfor styrka arbeidet med denne delen av oppdraget. Gjennom arbeidet med prøveprosjektet for statleg rettleiarkorps har kontoret og fått god kunnskap om ståtdanalyser og organisasjonsanalysen, og vi har skapt forventningar til skoleeigaranalysen som nytt verktøy på Skoleporten i 2011.

#### 1. Har embetet oppdatert brukarstøtte- og veiledningsfunksjon?

Ja

#### Øvrige kommentarer

Kontoret deltok med to personar på Utdanningsdirektoratet si samling i 2010, og vi gjer bruk av den elektroniske rettleiinga til skoleporten.no. I nokre høve har vi vendt oss til direktoratet. Mellom anna var Utdanningsdirektoratet v/Geir Inge Barsnes med embeta frå Sør-Vestlandet på ei samling i Bergen med gjennomgang av malen for tilstandsrapporten og til dels også rapportgeneratoren i Skoleporten generelt. Dette var ein svært nyttig dag i vår førebuing for brukarstøtte og rettleiing til kommunane.

#### 2. Benytter embetet Skoleporten i tilsynsarbeidet?

Ja

#### Beskriv hvordan

I årets nasjonale tilsyn har vi særleg nytta resultatane frå området Læringsmiljø i Skoleporten. Saman med ein del data frå GSI som ikkje er overførte til Skoleporten, er dette eit viktig informasjonsgrunnlag for tilsynsarbeidet vårt.

#### 3. I hvilken grad brukes Skoleportens elementer i lokal kvalitetsvurdering?

Fylkesmannen hadde planlagt ei dagsamling for kommunane om malen for tilstandsrapportering i Skoleporten. Grunna sjukdom måtte vi henta inn kompetanse frå Fylkesmannen i Aust-Agder for å få gjennomført samlinga. Ein god indikator på nytteverdien av samlinga, er at talet på kommunar som ba om rettleiing over telefon, vart betydeleg mindre. I og med at Hordaland har pilotert ordninga med Statleg rettleiarkorps, har ståtdanalysen og organisasjonsanalysen blitt nytta av deltakarkommunane. Ståtdanalysen blir og nytta i samband med ekstern vurdering av skolar i regi av interkommunale vurderingsgrupper. Positive erfaringar frå skolar er blitt vidareformidla, og saman med samlinga "Verktøy for skoleutvikling" er dei ulike elementa i Skoleporten etter kvart godt kjent for kommunane. Mange kommunar har tatt utgangspunkt i malen for tilstandsrapporteringa som ligg i Skoleporten, noko som har bidratt til auka merksemd rundt innhaldet.

#### 4. Innspill fra embetet til forbedringer av Skoleporten:

Kommunane har i fleire år vist til gamle data på Skoleporten. Dette er blitt mykje betre det siste året, og vi meiner at dette arbeidet framleis må ha høg prioritet. "Ferske" data og brukarvennlege rapporter er dei viktigaste elementa for at Skoleporten skal vera nyttig for skoleeigarar og skoleleiarar.

### 32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

#### **Kartlegging av nedlagte skolar**

Gjennom faggruppa for GSI har FM Hordaland vor med å gi innspel til skjemaet som vart brukt i samband med kartlegginga av nedlagte skolar. Resultatet av kartlegginga vart sendt Utdanningsdirektoratet i samsvar med eiga oppdragsbrev.

## Statleg rettleiarkorps

FM Hordaland har brukt ein stor tidsressurs, om lag 10 veker, på arbeidet med statleg rettleiarkorps. Vi har mellom anna

- følgd prøveprosjektet i Hordaland med åtte kommunar og ni skolar våren 2010 og tre kommunar og skolar som vart vidareførte hausten 2010
- vore aktive i rekrutteringsarbeidet med omsyn til nye rettleiarar
- rekruttert nye kommunar til rettleiarordninga
- motivert og rekruttert fylkeskommunen med ein vidaregåande skole til utprøving av tilbodet
- deltatt i ressursgruppa til Utdanningsdirektoratet.

Vi har vidare utarbeidd ei vurdering av tilstanden i aktuelle kommunar, jamfør eige oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet. Vi har drøfta aktuelle støttetiltak med desse kommunane, og alle valde å gå inn i ordninga med statleg rettleiing.

Tre av dei seks kommunane i Sunnhordland deltok i prøveprosjektet etter regionsmodellen der intensjonen var at erfaringar skulle delast i heile regionen. Forum for oppvekst i Sunnhordland har no utarbeidd ein modell for regional vidareføring av ordninga med rettleiarkorps med oppstart vår 2012 etter ein opplæringsperiode for rettleiarane i samarbeid med Høgskulen Stord/Haugesund.

FM Hordaland har god kompetanse på fagfelte skolevurdering og skoleutvikling og meiner at dette, saman med dei strategiane vi har hatt for arbeidet, har ført til god måloppnåing i høve til oppdraget.

## 32.5 Tiltak innen tilpasset opplæring og spesialundervisning - kap. 230.01

Strategien for å utføre oppdraget på resultatområdet har i 2010 vore

å sikre rettleiing og informasjon til kommunane og fylkeskommunen om regelverket, med vekt på opplæringslova kapittel 5

å utforme ei undersøking retta mot skoleeigarane med tanke på kvifor vi har hatt ei stor nedgang i talet på klager på vedtak på spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp dei siste åra.

å vurdere behov for tilsyn på bakgrunn av kunnskap vi får gjennom klager og andre førespurnader

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, har dagelege førespurnader om barn og elevs rettår når det gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. I tillegg til enkelte omfattande klagesaker, bruker vi jamleg tid på å svare på e-post og telefon. Vi rettår eigen informasjon og rettleiing mot ansvarlege for barnehage og skole i kommunane, medan førespurnader til fylkesmannen også er frå føresette i tillegg til tilsette i PPT, skole, barnehage og kommuneadministrasjon.

Vi har i 2010 halde fram med informasjon og veiledning med utgangspunkt i regelverket slik det går fram av "Veileder til opplæringslova om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning", Udir 2009. Vi har ikkje hatt kapasitet til å imøtekomme alle førespurnadene om førelesingar for studentar ved høgskolane, men har prioritert følgjande:

Førelesning på NTNU: Kompetanseutvikling PPT

Førelesing ein dag Høgskolen Stord/Haugesund – vidareutdanning

Førelesing ein halv dag masterstudium logopedi v/UiB

Førelesing ein dag vidareutdanning i PPT-arbeid – Voss

Førelesing på rektorskolen , UiB og H S&F

Tema for førelesingane, jamfør direktoratets kommentar til vår rapportering i 2009, har vore regelverk og sakshandsaming knytt til tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp.

Vi hadde eigne møter våren 2010 med Hordaland fylkeskommune om inntak til vidaregåande opplæring for elevs med særskilte behov og om retten til opplæring ut over tre år for den same gruppa. Vidare har vi hatt



Innlegg på konferanse for alle PP-tenestene i fylket. Omfang tre timar.

Innlegg på konferanse for tilsette i barnevernstenesta. Omfang to timar.

Innlegg på møte med brukarorganisasjonar. Omfang ein dag.

Innlegg for på møte for barnehageansvarlege i to regionar. Omfang to dagar.

Tema også her, jamfør direktoratets kommentar til vår rapportering i 2009, har vore regelverk og sakshandsaming knytt til tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp.

Vi har hausten 2010 utforma ei spørjeundersøking med føremål å få meir kunnskap om kvifor fylkesmannen får færre klagesaker på området. Spørsmåla er knytt til skoleeigar og skolar sine rutinar for sakshandsaming, for slik å kunne identifisere om svikt i sakshandsaminga hindrar at klagane kjem til klageinstansen. Bakgrunnen for dette arbeidet er at vi har registrert færre klagar til fylkesmannen dei seinare åra, samstundes som vi ikkje har grunnlag for å vite kvifor utviklinga har vore slik. Ein type klager på spesialundervisning som aukar er vedtak om spesialundervisning for elevar med cochliaimplantat. Det er ny problematikk som må vurderast ut frå gjeldande regelverk, klagarane opplever at elevane fell mellom regelverk om spesialundervisning og rett til teiknspråk.

Klagesaker på spesialpedagogisk hjelp har ikkje stort omfang, og dreier seg ofte om at vedtaket ikkje synleggjer det reelle tilbudet til barnet, og dette får konsekvens for foreldrebetalinga i barnhagen.

Vi har vurdert at det ikkje har vore kapasitet med eigeninitiert tilsyn på området i år, men har vore i dialog med ein kommune om avslutting av tilsyn som blei gjennomført like før jul 2009. Vi har også vore i dialog med fleire kommunar om bruk av segregerte opplæringstinstitusjonar utanfor nærskolen, dette med bakgrunn i rundskriv Udir-3-2010.

Utdanningsavdelinga har god kontakt med Statped vest. Leiar er alltid invitert til å vere med på våre møtar minimum tre gangar årleg med kommunane og fylkeskommunen.

I høve ressursane i embetet, meiner vi at vi har vi oppfylt oppdraget. Utdanningsavdelinga har brei og lang erfaring og kompetanse på regelverket om tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp. Strategien i 2010 har vore å prioritere veiledning retta mot kommunane og PPT, særleg gjeld dette sakshandsaming knytt til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

Kommentar til ressursrapportering.

Oppgaven på dette området, måtte på grunn av sykdom deles på flere. Vi har også knyttet til oss ekstern kompetanse både i forhold til undersøkelse og forberedelse til tilsyn på området. Ledelsen og andre medarbeidare har også bidratt på dette fagområdet. Midler på 32.5 har også vært knyttet til klage på spesialundervisning 31.2 og veiledning 31.4

## **Resultatområde 33 Tilsyns- og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet**

### **33.1 Tilskuddsforvaltning**

Fylkesmannen i Hordaland har i tråd med departementet sine retningslinjer forvalta dei statlege tilskottsordningane på barnehage-området. Sama sett er det i 2010 utbetalt kr 2 756 013 848,-.

Skilnad mellom tilskottsforvaltning og stikkprøvekontroll er ikkje lett å dfra i det daglege arbeidet. Det er dagleg kontroll, telefon, e post og kontroll av "rimelighet". Vi journalfører det som er arkiverdig utan at vi har ein eigen logg for det samla arbeidet

For meir informasjon om tilskottsforvaltninga viser vi til eigne rapporteringsskjemaer.

Fylkesmannen er første instans for nokre vedtak og klageorgan for andre typer. Når det gjeld klage på vedtak hjå oss som førsteinstans for statstilskot har vi fatta vedtak i tilsaman 11 saker. Saker er sendt Kunnskapdepartementet.

Når det gjeld åpne barnehagar kom det inn 8 klager. To er til avgjerd i departementet. Ei fekk medhald hjå oss. Ei klage fekk avslag i KD. 4 saker er hjå oss i påvente av avgjerd i saker i KD.

Vi har også ei større sak til utgeriing om tilskot til ein midlertidig barnehage

### 33.2 Klagesaksbehandling

Strategi for arbeidet er:

Bruk av god kompetanse kombinert med effektiv sakshandsaming.

Omfattande rettleiing er god førebygging og kvalitetssikring.

Fylkesmannen er både klageorgan og førsteinstans. Vi reknar med at skjema gjeld oss som klageorgan

Vår strategi på området likeverdig behandling har vært å ha god fagleg kompetanse slik at vi kan fatte vedtak med rett innhald og som stamstundes har god rettleiing til kommunane og klager

Vi har prioritert rettleiing og presisering av dei nye reglane. Derfor har vi nokre klagesakar, hovudsakleg frå 2010, ikkje ferdigbehandla.

Fylkesmannen oppheva kommunen sitt vedtak i samtlege saker vi hadde til behandling om likeverdig behandling i 2010. Krevjande saker for kommunane. Vi vil fortsette med rettleiing mht sakshandsamingsreglar og mht dei nye reglane om likeverdig behandling.

Sakene er svært arbeidskrevjande også for fylkesmannen. Dei krev både økonomisk, juridisk og barnehagefaglig kompetanse. Problemstillingene har blitt mer komplekse ettersom kompetansen har auka i alle ledd. Viser til sak sendt departementet til orientering ved e-post av 17.02.2010.

Når det gjeld klage på vedtak hjå oss som førsteinstans for statstilskot har vi fatta vedtak i tilsaman 11 saker. Saker er sendt Kunnskapdepartementet.

Når det gjeld åpne barnehagar kom det inn 8 klager. To er til avgjerd i departementet. Ei fekk medhald hjå oss. Ei klage fekk avslag i KD. 4 saker er hjå oss i påvente av avgjerd i saker i KD.

Vi har også ei større sak til utgeriing om tilskot til ein midlertidig barnehage

Kontoret har den kompetanse, men styrking av økonomisk kompetanse er naudsynt.

Type Klage	Klager gis medhold/delvis medhold	Klager gis ikke medhold	Opphevet/returnert	Sum	Sum innkommet 2009
Barnehageloven § 10					
Forskrift om familiebarnehager § 7					
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd § 6	0	4	0	4	4
Forskrift om foreldrebetaling § 5					
Barnehageloven § 16					
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4					
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3					
<b>Merknad</b>					

Barnehageloven § 10: Klagen/ saken ble avvist. Det går mykje tid til rettleiing. Kommunar tek ofte kontakt når

dei har klager. Kontoret må trekkje ei gense mellom rettleiing og meir konkrete råd. Klage på våre vedtak er ikkje tatt med her. Sjå eiga punkt om rapportering

### 33.3 Informasjon og veiledning

Strategi for arbeidet er:

Omfattande rettleiing er god førebygging og kvalitetssikring.

God service er prioritert

Oppdraget er utført og målet er nådd.

Vi utfører oppdraget ved å:

a. Delta på/arrangere møte med kommunar, barnehageeigarar og sektoren elles for å gi informasjon og vegleiing.

Utfrå risikovurdering var det bl.a. avsett 1 dag x 2 til informasjon og veiledning om likeverdig behandling. Dette både med tanke på kvaliteten på dei vedtak som blei fattet i 2010, og opplæring i forhold til nytt regelverk i 2011. Tanken har vore at ein får mest effektiv bruk av ressursane ved å jobbe godt "preventivt" i forhold til dei nye regaene. Dess meir informasjon/ kunnskap kommunene får i forkant, dess færre "unødvendige" klagesaker får vi (vonaleg) i etterkant. Med "unødvendige" tenker vi her f.eks. på saker der kommunen har misforstått reglane.

**1. Tiltak:** Møte for NAFO deltakere Bergen **Dato:** 15.04 **Målgruppe:** Ansatte barnehager **Omfang:** 3 timer **Antall deltakere:** ca 30

**2. Tiltak:** Møte på høgskolen om rekruttering av menn til barnehagene **Dato:** 22.04 **Målgruppe:** Ansatte høgskoler, representanter fylkesmenn og barnehager **Omfang:** 4 timer **Antall deltakere:** ca 10

**3. Tiltak:** Kurs om §5.7 og Rundskriv f-02/2010 **Dato:** 04.05 **Målgruppe:** Kommuneansatte, PPT og barnehageansatte i kursregion Midthordland **Omfang:** 4 timer **Antall deltakere:** ca 40

**4. Tiltak:** Samling om Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd **Dato:** 23.04 **Målgruppe:** kommunene i Hordaland **Omfang:** 5 timer **Antall deltakere:** ca 30

**5. Tiltak:** Kontaktmøte med kommunene. Ett av temaene var de nye reglene om likeverdig behandling. **Dato:** 08.06 **Målgruppe:** Barnehagefagleg ansvarlege i kommunene **Omfang:** 6 timer **Antall deltakere:** 61

**6. Tiltak:** Kurs i tilsyn for kommunene i Ytre Midthordland **Dato:** 08.09 **Målgruppe:** Opplæring av tilsynskorps - systemrevisjonsmetoden **Omfang:** 5 timer **Antall deltakere:** ca 30

**7. Tiltak:** Kontaktmøte med kommunene **Dato:** 07.12 **Målgruppe:** Barnehageansvarleg i kommunane **Omfang:** 6 timer **Antall deltakere:** ca 50

**8. Tiltak:** Samling. Tema var ny forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege midlar til ikkje-kommunale barnehagar. **Dato:** 08.12 **Målgruppe:** Kommunane i Hordaland **Omfang:** 6 timer **Antall deltakere:** ca 50

b. Informasjon og veiledning gjennom e-post og brev

Fylkesmannen har i 2010 hatt stor pågang pr e-post frå kommunar, barnehageeigare og foreldre, der dei ber oss om å tolke reglane i barnehagelova. Det blei i 2010 sent svar på 34 e-postar der fylkesmannen gav ei presisering av korleis barnehagelova er å forstå. Dette i tillegg til diverse brev og e-poster med svar på spørsmål om likeverdig behandling.

c. Informasjon og veiledning pr. telefon

En stor del av rettleiingsoppgåven har i 2010 bestått i å svare på telefonhenvendelser frå kommunar, barnehageeigarar og foreldre, både når det gjeld krav i barnehagelova, forskrift om likeverdig behandling og andre tilhøve i sektoren.

d. Informasjon via nettet.

Fylkesmannen i Hordaland har brukt mykje tid på å informere om reglene om likeverdig behandling via nettet. Vi har mellom anna lagt ut alle klagesaker vi har avgjort der vi har tatt stilling til nye, "prinsipielle" spørsmål. Vi har dessuten lagt ut diverse brev fra departementet som vi, mer eller mindre tilfeldig, har fått ihende og som mellom anna kommunene hverken har fått tilsendt direkte fra departementet eller har tilgang til på nettet. (De er f.eks. bare publisert på FM-nett eller er bare sendt til en privatperson eller til en kommune. )

--0--

Vi vil ellers nevne at Fylkesmannen i Hordaland brukte mye tid på vår høringsuttalelse av 30.06.2010. (Høring av nytt finansieringssystem for ikke-kommunale barnehager i en rammefinansiert sektor). Også her var tanken at en får den beste utnyttelsen av ressursene ved å jobbe "preventivt".

To ansatte hos Fylkesmannen i Hordaland holdt heldags kurs for Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund 21.04.2010. Deltakerne var hovedsaklig ansatt i kommuner rundt omkring i landet. Ca 90 deltakere.

Fylkesmannen i Hordaland får mange spørsmål fra andre fylkesmenn når det gjelder reglene om likeverdig behandling og vår tolkning av disse.

### 33.4 Tilsyn

Overordna strategi for tilsynsarbeidet i 2010 var

å nytta vår gode kompetanse på systemrevisjon på ein effektiv måte.

å gjennomføre tilsyn basert på risikovurdering/hendingar

Oppdraget er utført og målet er nådd

Fylkesmannen utførte i 2010 tre tilsyn på barnehageområdet.

#### Tilsyn 1 og 2:

##### Metode:

To av tilsynene var planlagte tilsyn etter systemrevisjonsmetoden. For å være mest mulig gjenkjennelig for kommunene, tilpasset vi oss til en viss grad skoleområdets fremgangsmåte for tilsyn. Dette omhandla mellom anna bruk av pålegg ved eventuelle avvik og de prosedyrer som her medfølger.

##### Utvalgkriterier tema:

Tema for disse tilsynene var **kommunen som tilsynsmyndighet**. Bakgrunn for valg av tema er at kommunens tilsyn med barnehagene er særlig aktuelt etter at kommunen er tildelt stadig flere oppgaver på barnehageområdet. At tilsynet utføres på en riktig måte får betydning for både rettsikkerhet og kvalitet i barnehagesektoren. Erfaringer med tilsyn med dette tema så langt avdekkjer flere avvik. Vi ser at det særlig er utfordringer forbundet med interkommunalt tilsyn som det er viktig å fokusere på. Kommunens tilsyn med barnehagene var også et av de prioriterte områdene fra Kunnskapsdepartementet.

##### Utvalgkriterier kommune:

Fylkesmannen valgte Austrheim og Vaksdal kommune som tilsynsobjekter.

Vaksdal ble valgt fordi fylkesmannen hadde lite kunnskap om barnehagesektoren i denne kommunen, og vi ønsket økt kunnskap om kommunen sitt arbeid som barnehagemyndighet. Vi var heller ikkje kjent med om kommunen var en del av et interkommunalt samarbeid.

Austrheim kommune har i en tid vært en del av eit interkommunalt samarbeidsprosjekt. Samarbeidet har no vart ei tid og Fylkesmannen ønsket større kjennskap til dette arbeidet og eventuelle problemstillinger rundt interkommunalt samarbeid om tilsyn.

Begge dei to kommunane har gitt melding om at avvika er lukka.

#### Tilsyn nr 3

## Utvalg kommune og tema:

Fylkesmannen fikk ein henvendelse frå Utdanningsforbyundet som ba oss om å sjå på styrarstrukturen i Vaksdal kommune. På bakgrunn av den informasjonen vi fekk, valgte vi å åpne tilsyn mot kommunen om dette tema.

### Metode:

Varsel om tilsyn, innhenting av informasjon, møte med kommunen, innhente ytterligere informasjon, dokumentgranskning, foreløpig rapport.

Foreløpig rapport sendt til kommunen og kommunen har kommentert den, men tilsynet er ikkje avslutta.

Tilsynsobjekt:	<b>Vaksdal kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Tilsynet omhandla følgjande emne: Tema for tilsynet var om kommunen som lokal barnehagemynde fører tilsyn med verksemdar etter barnehagelova, jf barnehagelova § 16.
Avvik/funn:	Det vart gitt eit avvik under tilsynet. Avvik 1 Vaksdal kommune oppfyller ikkje si tilsynsplikt etter barnehagelova
Frist for lukking av avvik:	01.03.2011
Pålegg:	Ja
Merknad:	Pålegg: Vaksdal må føre tilsyn med kvar einskild barnehage i kommunen og sikre at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen må ha ein plan med omtale av: kva tilsynet omfattar, kven som skal utføre det (delegasjon) korleis det skal utførast og kor ofte det skal utøvast
Ressursbruk:	3 ukeverk
Kommentar:	Vaksdal kommune skal gje ei skriftleg erklæring på at lovbrota er retta og dokumentere at det er gjort endringar i samsvar med pålegga. Frist for innsending av slik erklæring er 01.03. 2011 Dette var eit planlagt tilsyn

Tilsynsobjekt:	<b>Vaksdal kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Tilsynet undersøkte om kommunen som barnehagemynde sikrar at barnehagane i Vaksdal har ei styrarressurs som er i samsvar med krav i barnehagelova, jf § 17 og rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.
Avvik/funn:	Avvik 1 Vaksdal kommune har ikkje sikra nok tid til dei daglege styraroppgåvene som må utførast i barnehagane og at barnehagane har en pedagogressurs som er i samsvar med krav i loven.
Frist for lukking av avvik:	11.02.2011
Pålegg:	Ja
Merknad:	Pålegg: Vaksdal kommune må sikre at det blir avsett nok tid til dei styraroppgåvene som må utførast i den enskilde barnehage. Kommunen må og sikre at kvar barnehage har ein

	pedagogressurs som er i samsvar med krav i loven. Tid til styraroppgåver må kome i tillegg til norma om pedagogisk bemanning.
Ressursbruk:	3 ukeverk
Kommentar:	Dersom kommunen har merknader til varselet om pålegg, må desse sendast Fylkesmannen innan 11. februar 2011. Endeleg dato for lukking ikke fastsatt
Tilsynsobjekt:	<b>Austrheim kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Tilsynet omhandla følgjande emne: Tema for tilsynet var om kommunen som lokal barnehagemynde fører tilsyn med verksemdar etter barnehagelova, jf barnehagelova § 16.
Avvik/funn:	Avvik Det vart gitt eit avvik under tilsynet. Avvik 1 Austrheim kommune fører ikkje tilsyn etter kommunale prioriteringar med omsyn til å vurdera risiko, tema og hyppigheit.
Frist for lukking av avvik:	08.01.2011
Pålegg:	Ja
Merknad:	Pålegg: Austrheim kommune må ha ein kommunal prioritering som ligg til grunn for korleis tilsyn skal gjennomførast i kommunen Kommunen må i sitt arbeid mellom anna ta stilling til: kva tilsynet skal omfatta, korleis det skal utførast, og kor ofte det skal utøvast
Ressursbruk:	3 ukeverk
Kommentar:	Dersom kommunen har merknader til varselet, må desse sendast Fylkesmannen innan 8. januar Dette var eit planlagt tilsyn

## Resultatområde 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

### 34.1 Tilgjengelig barnehagetilbud

Oppdraget er utført og målet er nådd.

Fylkesmannen har gjennom ulike tiltak overvaka barnehagesituasjonen i Hordaland. Fylkesmannen har gjennom rettleiing pr telefon og e-post svart på kva retten til barnehageplass medfører for kommuner og foreldre. Alle kommunane i Hordaland innfridde retten til barnehageplass i 2009. I mars 2010 ble det utarbeida eit elektronisk spørjeskjema som vart sendt til alle kommunane. Der blei det mellom anna spurt om dei trudde dei kom til å oppfylle retten i hausten 2010. 3-4 kommunar rapporterte at dei var usikre. Fylkesmannen fylgte desse kommunane tett med rettleiing om regelverket og informasjon om ulike løysingar som kunne gje fleire barnehageplassar. Alle kommunane i Hordaland oppfylte plikta til å gje barn med rett til barnehageplass plass hausten 2010.

Fylkesmannen vurderer kommunane sin innsats og arbeid med barnehageutbygging som positiv. Vi ser likevel at det er ein del utfordringar når det gjeld godkjenning av barnehagar. Fylkesmannen har difor ved fleire høve teke opp regelverket knytta til godkjenning, med kommunane.

## 34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Oppdraget er utført og målet er nådd.

Hordaland mottok i 2010 :

Kr 3 225 000 til kompetansearbeid

Kr 1 100 000 til utviklingsmidlar

Kr 550 000 til kompetansetiltak retta mot arbeid med minoritetsspråklege barn.

### Kompetansetiltak i barnehagen:

Kvalitetsutvikling i barnehagesektoren i Hordaland ble ivareteken ved å bruke alle kompetansemidlane og delar av kvalitetsmidlane til dette arbeidet. Midlane blei tildelt tiltak i kommunane og kursregionane som byggjer på kompetansestrategien frå Kunnskapsdepartementet.

Hordaland tildelte i 2010 kr 3 955 350,- til kompetansetiltak i kommunane. Kravet for å få tildelt slike midlar er at kvar kommune utarbeider ein kompetanseplan og at rapport om bruken av midlane som var tildelt tildelt i 2009 skulle være levert. Minst 30% av dei tildelte midlane skulle gå til utviklingsarbeid i den enkelte barnehage, midlar som både private og offentlege barnehage kunne søkje på. Midlane blir tildelte etter en kjent fordelingsnøkkel etter talet på barnehagar og barn i barnehagane i kommunen. Det er ei forutsetning for tildelinga at midlane kjem både private og offentlege barnehagar til gode. Kommunen skal rapportere bruken av midlane og oppgi kva tiltak som er utført, kva barnehager som har vore med og kva yrkesgrupper som har delteke.

### Kvalitetsutvikling i barnehagen (utviklingsmidlar)

Delar av desse midlane blei delt ut til kompetansearbeid i kommunene. Dei resterande midlane ble brukt til ulike samlingar med kommunane. Brennautvalet sin rapport "Med forskertrang og lekelyst" og resultat fra evaluering av kompetanseutvikling i barnehagesektoren ved Asplan Viak, er eksempler på to av temaene som ble teke opp på desse samlingane.

### Kompetansetiltak retta mot arbeid med minoritetsspråklege barn

Fylkesmannen tildelte i alt 553 000 til ulike prosjekt/utviklingsarbeid/kompetansetiltak retta mot arbeid med minoritetsspråklege barn i barnehagane. Både kommunar og barnehagar kunne søkje på desse midlane. Fylkesmannen mottok 30 søknader og tildelte midlar til 14 prosjekt både på kommunenivå og i den enkelte barnehage. Fylkesmannen la i si utvelging særleg vekt på realisme, overføringsverdi og kommunens prioritering av prosjekta. Fylkesmannen har samarbeida med Høgskolen i Bergen, som har medverka med kursing og vegleing på mange av prosjekta.

På samling med kommunane i juni informerte prosjektleiar frå Høgskolen i Bergen, Ingeborg Veim, om avslutta NAFO- prosjekt i Hordaland og drøfta vegen vidare med kommunane.

### Særskilte utfordringer på rekrutteringsområdet

Fra over lang tid å ha hatt god tilgang på utdanna førskolelærarar, melde kommunene i 2007/08 om at det no var større utfordringar med å få tak i kvalifisert personale. Fylkesmannen bestemte difor å etterspørje talet på dispensasjonar om hausten kvart år, slik at vi skulle ha ei god oversikt over tilstanden i sektoren. Dei siste åra har imidlertid talet på dispensasjonar lagt jamnt lågt samanlikna med landet elles. Det blei difor bestemt at det ikkje var behov for ei ekstra rapportering i 2010. I 2010 var det totalt 152 dispensasjonar i barnehagene i Hordaland, mens tilsvarende tal for 2009 var 150. Vi har hatt dialog med nokre kommunar der talet dispensasjonar er særleg høgt, og vegleia desse i forhold til mogelege tiltak frå kommunen si side.

## 34.3 Andre satsingsområder

Oppdraget er utført og målet er nådd.

### *Beskrivelse og vurdering av lokalt arbeid med likestilling i barnehagene*

Fylkesmannen tildelte 90 000 kr til Høgskolen i Bergen og prosjektet " Mannlege førskulelærarstudentar møter

utdanninga". Bakgrunnen for prosjektet er at undersøkelser viser at mannlige førskulestudentar i større grad enn kvinnelege sluttar før endt utdanning. Gjennom dette prosjektet vil representantar frå høgskulen følgje dei mannlige førskolelærarstudentane tettare enn det som er vanleg i utdanninga. Gjennom tett oppfølging av den einkilde mannlige student ønskjer ein å bidra til at fleire menn fullfører utdanninga og kjem i arbeid i barnehagene. Rapport om bruk av midlane skal leverast innen 01.06.11

Fylkesmannen har og samarbeida med Eidsvågneset barnehage som er ein demonstrasjonsbarnehage. Vi har i samarbeid med barnehagen oppmoda alle interesserte til å ta kontakt med Eidsvågneset barnehage for å høyre kva dei har gjort for å rekruttere og behalde så mange menn i personalet. Tilbodet har blitt brukt både i Hordaland og i Sogn og Fjordane.

## Ressursrapportering

Vi gjer merksam på at sensorhonorar er med i ressursrapporten på res.omr. 31.5.

---

Direktoratet har gjennomgåande tinga ei vurdering av "egen måloppnåelse på dette resultatområdet sett i lys av a) embetets ressurser, b) kompetanse, c) metodikk og strategier og d) andre forhold i fylket"

I 2010 hadde Utdanningsavdelinga 18 personar disponible i 19 stillingar. (Ei stilling er disponert av ADMA til Kommunal og Justisavdelinga) Grunna sjukdom og permisjonar har avdelinga hatt samla om lag 16,5 årsverk til disposisjon i 2010. Den økonomiska stoda til embete har gjort at det ikkje er mogeleg å tilsetje vikar.

Fylkesmannen vil gjennomføre ei nedbemanninga på 10 personar for å betra den økonomiske stoda.

### Leiing og merkantil

Avdelinga har to leiarar og ei merkantil stilling som også har oppgåver knytt til sakshandsaming

### Landsdekkande området - kriminalomsorg

Utdanningsavdelinga har eit landsdekkjande ansvar for opplæring innafor kriminalomsorga. Her er det tre tilsette. To fast tilsette og ein som er på prosjekt. I tillegg kjem den delen som er leiing. Prosjektstillinga knytt til St.meld. 27 (2004-2005) går ut i 2011, men det har kome lovnad om at denne skal gjerast fast. Det er knapt midlar til løn i løyvingane på eige kapittel.

### Introduksjonsordning og opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Avdelinga nyttar om lag eit halvt årsverk til dette området. Dette skjer av midlar på særkapittel frå UDIR. Arbeidet med tilskot frå BLD/AID/ IMDI har auka mykje utan at det er kome til nye ressursar

### Barnehage

Dette fagområdet kom til utdanningsavdelinga med to årsverk. Avdelinga internt har styrka området slik at fagområdet disponerer omlag tre årsverk. Hordaland er eit stort barnehagefylke og tre årsverk er for lite for å dekkje oppgåvene i embetsoppdraget. I embetsoppdrag for 2011 er det opplyst at alle embete får ein lik sum for å styrka tilsyn i 2011, men Hordaland får mindre uttelling av slik midlar enn små fylke. Endringa i oppdrag frå KD til embete i 2011 gjer at krava til kva kompetanse vi treng må endrast.

### Skole

På dette området har avdelinga sju tilsette og to tilsette på rettsvillkårsavtale. I 2010 har sjukdom, permisjonar og arbeid med oppdrag med introduksjonsordning og opplæring i norsk og samfunnskunnskap har gjort at knappe to årsverk kjem til fråtrekk Dette betyr at embetsoppdraget oppdrag må løysast ved å disponera 7 årsverk med tillegg av andel av leiinga. I tillegg er det lagt inn mykje gratis arbeid og overtid for å nå målkrava. Kontoret har også kjøpt inn ekstern kompetanse. Vi har ikkje nådd målkrav om å bruka same innsats som i 2009 på tilsynsområdet

### Vurdering

Avdelinga har gjennomgåande høg kompetanse og løyser oppdraga innanfor barnehage og opplæring på ein god måte. Utan dei to tillsette på rettsvillkårsavtalen, som er lønna av Utdanningsdirektoratet, hadde avdelinga ikkje



kunna utføra oppgåvene i embetsoppdraget. Kontoret er sårbar for fråvær. Vi må knytta til oss fleire personar. Dette må skje gjennom:

- Ekstra midlar til tilsyn på post 62155 og 62156 må nyttast til tilsetjing
- Stilling nytta til kommunaljuridisk avdeling må tilbakeførast.
- Embete må gå gjennom budsjettfordelingsmodell i samband med omorganisering.
- Det må tilsetjast fleire på barnehage for midlar som er lova i 2011.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 1 552 552,43	kr 542 070,60
31.4 Informasjon og veiledning	kr 727 393,43	kr 385 727,97
31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartl. prøver	kr 571 861,41	kr 10 141 525,47
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 980 699,47	kr 655 304,25
32.2 Kompetanseutvikling	kr 92 862,99	kr 72 597,88
32.3 Skoleporten	kr 69 075,42	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 290 385,55	kr 4 564,00
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 536 151,14	kr 82 471,86
33.2 Klagesaksbehandling	kr 336 117,94	kr 0,00
33.4 Tilsyn	kr 121 700,82	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 146 628,89	kr 1 141,00
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 108 726,23	kr 0,00
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 658 988,05	kr 751 354,40
Andre oppgaver under KD	kr 252 895,49	kr 1 997,66
Sum:	kr 6 446 039,00	kr 12 638 755,00

## Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

### 81.2 Planlagt tilsyn

Det er gjennomført 9 systemrevisjoner i 2010 fordelt på temaene tvang og makt (sosialtjenesteloven kap. 4a), helse-, sosial-, og barneverntjenester til risikoutsatte barn i barne- og avlastningsboliger og forebygging og behandling av underernæring hos eldre i hjemmetjenesten. Avvik er gitt i 8 av kommunene innenfor alle temaområdene. Det er vidare gjennomført fire stikkprøvetilsyn med tema saksbehandling ved avlastning til eldre.

### 81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

Av dei 139 klagesakene Fylkesmannen behandla etter denne lova i 2010, omhandla 134 saker sosiale tenester og fem saker gjaldt tiltak for rusmiddelavhengige.

Klagane på sosiale tenester fordeler seg slik på tenestetype (tala for 2009 i parantes):

Omsorgsløn	40 (45)
Praktisk bistand/heimhjelp	35 (16)
Avlastning	22 (19)
Støttekontakt	14 (30)
Brukarstyrt personleg assistanse	14 (15)
Anna *)	8 (5)

\*) I gruppa "anna" ligg i 2010 m.a. tre klagar på eigenbetaling for kommunale heimetenester og to klagar gjeld individuell plan.

Dei fleste påklaga vedtaka vart stadfesta, i alt 84 prosent, medan 9 prosent av vedtaka vart endra til gunst for klagar. Utfallet av klagebehandlinga i 2010 var slik:

Utfall	Antall	(Prosent)
Stadfesta	117	(84%)
Endra/omgjort	13	(9%)
Oppheva og tilbakesendt	8	(6%)
Avvist	1	(1%)
<b>I alt</b>	<b>139</b>	<b>(100%)</b>

Om lag to tredelar av klagesakene kom frå Bergen (83 saker), medan dei resterande fordelte seg på 14 andre kommunar.

Fylkesmannen skal behandla 90 prosent av sosialklagesakene innan tre månader. Dette kravet haldt vi ikkje i 2010, etter som vi berre behandla 63 prosent av klagane innan tre månader. I første halvår var saksbehandlingstida innanfor fristen, medan vi ved utgangen av 2010 hadde ei saksbehandlingstid på 5 ½ månad. Ved utgangen av 2010 låg det 39 ubehandla klagesaker etter sosialtenestelova hjå Fylkesmannen.

## Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningingen

Helsetilsynet i Hordaland vurderte 308 tilsynssaker i 2010. Talet på nye tilsynssaker auka med 36 prosent frå 2009 og med 85 prosent på fire år.

Samanlikna med dei to føregåande åra har talet på innkomne pasientrettsklager gått opp med meir enn 50 prosent. Det var flest klager på økonomisk stønad til transport ved pasientreiser. Dei fleste klagene på kommunale tenester galdt rett til pleie- og omsorgstenester, innunder dette også rett til plass i sjukeheim. I spesialisthelsetenesta var det flest klager på retten til nødvendig helsehjelp for pasientar med rusproblem.

### 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

I 2010 behandla vi 308 saker. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 161 dagar. Det kom inn 344 nye saker.

### 82.2 Planlagt tilsyn

Helsetilsynet i Hordaland har gjennomført 25 tilsyn med verksemder (systemrevisjonar) i 2010. Tilsyn frå tidlegare år er følgde opp inntil verksemdene har retta påpeikte manglar i høve til krav i helselovgjevinga. Dei fleste tilsyn med kommunale helsetenester gjaldt tenestetilbod til eldre. Oppsummering av erfaringar frå tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester er melde tilbake til kommunane i eigne møte. Manglar som er påpeika ved fleire tilsyn er svikt i opplæring. Det gjeld spesielt opplæring og kompetanse om tiltak for å førebyggje og oppdage ernæringssvikt hos eldre som får heimetenester.

Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, Helsetilsynet i Rogaland og Helsetilsynet i Hordaland samarbeider godt om planlegging og koordinering av tilsyn med spesialisthelsetenesta og møte med regionalt helseføretak.

### 82.3 Klagesaker

Vi behandla 97 klagesaker etter kommunehelsetenestelova og pasientrettslova. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 48 dagar. Det kom inn 110 saker.

### 82.9 Andre oppdrag

I 2010 mottok Helsetilsynet i Hordaland 85 meldingar etter spesialisthelsetenestelova § 3-3. Av dei kom 50 frå Helse Fonna og andre private med avtale med Helse Vest RHF. Helse Bergen er med pilotprosjektet eMeSS og sende 42 meldingar. Sjølv om det er ein liten nedgang frå 92 meldingar i 2009, er talet på oppretta tilsynssaker

tredobla. På bakgrunn av dei mottekne meldingane i 2010 blei det oppretta 22 tilsynssaker. Dette styrkjer inntrykket frå tidlegare år om at det er meir alvorlege saker som blir melde.

Vi fekk 17 meldingar om tvangsinnlegging etter sosialtjenesteloven (LOST) §§ 6-2, 6-2a for 14 personar. To av meldingane galdt oppheving av vedtak etter LOST § 6-3 og ei melding galdt stadfesting av mellombels vedtak etter LOST § 6-2.

## **Resultatområde 42 Familierett**

### **42.4 Veiledning og informasjon**

Besvart mange henvendelser om separasjon og skilsmisser både over telefon og i resepsjon. Svart på mange telefonhenvendelser om barn. Kan i større grad vise til skjema og info på våre nettsider om sep./skilsmisser, men fortsatt mange henvendelser.

## **Resultatområde 43 Krisetiltak**

### **43.1 Tilsyn med kommunenes ansvar for et tilbud om krisesenter**

Fylkesmannen har i 2010 ikkje prioritert å utføre oppgåver på dette feltet pga ressursituasjon.

### **43.2 Informasjon og veiledning**

Fylkesmannen har i 2010 ikkje prioritert å utføre oppgåver på dette feltet pga ressursituasjon.

## **Resultatområde 44 Familievern**

Vi førte tilsyn med alle familievernkontorene i 2009 og fant det ikke nødvendig med nytt tilsyn for noen av disse i 2010.

### **45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning**

Tildelte informasjonsmidlar er i 2010 brukt som del av opplæringstiltak gjennomført av Øyvind Kvello for alle tilsette i kommunale barneverntenester i Hordaland

## **Resultatområde 46 Universell utforming**

Handlingsplan for arbeidet med universell utforming hos FmHo vart ferdigstilt i 2010 av ei tverrfagleg arbeidsgruppe. Planen vart presentert for leiinga og dei tilsette på internseminar om universell utforming 16.04.2010. På seminaret vart også handlingsplanen Norge universelt utformet 2025 presentert ved repr frå Miljøverndepartementet. I arbeidet med handlingsplanen vart diskriminerings- og tilgjengelighetslova gjennomgått og det vart sett på dei ulike arbeidsfeltene til fylkesmannen i høve til UU. UU i informasjonsarbeid og kommunikasjon var ein viktig del. Andre tiltak er konkret oppfølging i Statens Hus og universell utforming ved innkjøp og tenester.

## Resultatområde 47 Innvandring og integrering

### 47.1 Statsborgerseremonier

Til forskjell frå tidligare år var det mindre variasjon mellom seremoniane mot deltaking. Vi er fornøyd med at vi held oss på eit rimeleg høgt nivå, men skulle gjerne sett ein auke frå året før.

Deltakinga synes å ha stabilisert seg, og det er vanskeleg å se kva anna vi kan gjere enn å arrangere gode seremoniar. Tilbakemeldingane på seremoniane i Håkonshallen er svært gode.

Vi vil vurdere purring på invitasjon for 2011, men er ikkje heilt overbevist om at eit slik press ikkje vert misoppfatta - det er ein frivillig markering vi tilbyr.

#### Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMHO	2	24,5
<b>Sum</b>	<b>2</b>	

### 47.2 Bosetting av flyktninger

Vi har pga ressursituasjonen og totalsituasjonen innen området her i fylket ikke prioritert dette området.

### 47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

#### KLAGESAKAR

Fylkesmannen har avgjort 8 klagesaker etter introduksjonslova. Av desse gjaldt 6 introduksjonsordninga og 2 opplæring i norsk og samfunnsfag.

Utfall av sakene: 1 klage fekk medhald, 4 fekk avslag, i 2 saker vart kommunen sitt vedtak oppheva og sent i retur for ny behandling og 1 sak vart sendt i retur pga manglande saksbehandling.

Fylkesmannen har i tillegg til den konkrete sakshandsbehandlinga hatt ein del rettleiing på telefon.

### 47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Dei ulike tilskota er utbetalte til kommunane etter at søknadene er komne inn til Fylkesmannen. Dette gjeld både for overgangsordninga på grunnlag av rapportering i GSI og dei tilskota som er registrerte i NIR. For forbruket i 2010 har IMDI fått egne rapportar. Overgangsordninga tok slutt 1. september 2010.

I samarbeid med VOX og IMDI har Fylkesmannen i Hordaland arrangert kurs for lærarar og leiarar i samband med undervisning i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Fylkesmannen har vore med på IMDI sitt informasjonsmøte i høve NIR / Jira, og i tillegg har det blitt gjeve mykje rettleiing over telefon til dei ulike kommunane.

Klagesaker er rapportert under 47.3.

## Resultatområde 48 Likestilling

### Likestilling internt i embetet

Fylkesmannen er oppteken av at alle får samme anledning til jobbutvikling, tildeling av kompetanseoppbyggjande arbedisoppgåver, leiaroppgåver og leiarutvikling, lønnsopprykk og avansement, uavhengig av kjønn, alder, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. Vi arbeider for å få ein rimeleg balanse mellom kjønna i leiarstillingar på alle nivå. Fylkesmannen i Hordaland arbeider aktivt for å fremme likestilling og hindre diskriminering gjennom ein bevisst personalpolitikk og personalleiing. Det går fram av tilpasningsavtalen at det ved nedsetting av interne arbeidsgrupper o.l. skal sikrast jamn kjønnsfordeling. I tillegg skal avdelingsleiing og embetsleiing alltid vurdere kjønnsrelevans ved tilsettingar, og særleg vurdere kvinnerepresentasjon i leiargruppa.

Pr. 1.12.2010 hadde embetet 189 tilsette. Av desse var 105 kvinner ( 56 %) og 84 menn ( 44 %). Leiargruppa består av 18 personar, derav 6 kvinner (33 %) og 12 menn (67%). Kjønnfordelinga har vore stabil dei siste åra. Kvinner dominerer innafor konsulentkodene ( saksbehandlargruppe I), medan kjønnfordelinga i høgare saksbehandlargruppe er jamnare fordelt. Menn ligg noko høgare plassert i løn enn kvinner. Forskjellen er likevel liten og ligg jamnt over på 1-2 lønnstrinn. Embetet har særkilt fokus på å rette opp eventuelle kjønnsbaserte forskjellar i høve til lokale lønnsforhandlingar. Mellom anna er ein obs på at dei som er i foreldrepermisjon og omsorgspermisjon skal ha like store sjansar for å nå fram med sine krav som andre. I lokalt lønnsoppgjer i 2010 hadde leiinga mellom anna fokus på å få flytta ein større andel kvinner over i stillingskode 1364 seniorrådgjevar, for å utjamne forskjellar.

Embetet utarbeider hvert år en personal- og likestillingsrapport.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 765 153,69	kr 0,00
42 Familierett	kr 1 301 639,74	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 3 028,70	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 1 375 844,38	kr 0,00
47 Integrering	kr 43 888,20	kr 219 018,67
Andre oppgaver under BLD	kr 779,00	kr 0,00
Sum:	kr 3 490 333,00	kr 219 018,00

## Justis- og politidepartementet

### Resultatområde 51 Siviladministrasjon

#### 51.2 Vergemålsloven

Nettverk for overformynderiene i Norge har holdt kurs i vårt distrikt.

**Oppgaver etter vergemålsloven**

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMHO	15	0
<b>Sum</b>	<b>15</b>	<b>0</b>

**51.5 Tomtefestelov**

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje motteke saker på dette feltet i 2010.

**Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet**

**53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer**

Intern og ekstern presentasjon av ny Plan- og bygningslov med spesielt konsekvensene av denne for samfunnssikkerhetsarbeid, bl.a. for å ivareta veilednings- og kontrollfunksjonen overfor kommunene.

FylkesROS Hordaland 2009 presentert oktober 2009 (m.a. med vektlegging av klimatiske utfordringar og sikring av kritisk infrastrukturstur. Pådrivarrolla og oppfølging av tiltak har i mindre vore prioritert i 2010. Dette arbeidet vil og gå over fleire år. Dette er og tema for oppfølging i fleire regionale fora og samarbeidsorgan (eksempelvis fylkesberedskapsrådet, statsetatsforum med fleire).

**53.2 Samfunnsplanlegging**

Fylkesmannen har ved samlingar og annan kontakt til m.a. beredskapskontakt og planleggarar i kommunane fokusert på prosesser for oppfølging av samfunnssikkerheit i planlegging etter plan- og bygningsloven på regionalt og kommunalt nivå.

Krav til ROS i samfunnssikkerhetsarbeid, m.a. etter plan- og bygningsloven, etter bestemmelsene om kommunal beredskapsplikt og etter sektorlover har i serleg grad vore tema i beredskapstilsyna. Utfordringar til klima er og tema som er vektlagt sterkare enn tidlegare.

Ved revisjon/oppdatering av kommunedelplan vert det gjeve innspel til samfunnssikkerheit, jfr. bestemmelsene om kommunal beredskapsplikt.

**53.5 Planlegging innen kraftforsyning, flom- og skredfare**

Fylkesmannen har hatt tilgang til oppdatert informasjon om flaum- og skredutsette område i fylket. I hovedsak vert og innspel knytt til desse områda tilført andre relevante instansar (eksempelvis NVE). Innspel og kontakt med NVE i førekant av t.d. høyring i arealplansaker kunne vore betre for å få tydlegare og samordna tilbakemelding til kommunale planmyndigheiter.

Beredskapsmessige innspel frå Fylkesmannen til m.a. NVE i konsesjonssaker etter energi- og vassdragslovgivningen har vi i mindre grad makta å få formidla.

**Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser**

**54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet**

Fylkesmannen får i hovedsak inn dei fleste overordna krise/beredskapsplanverk frå kommunane når dei vert revidert/oppdatert. Det vert og gjeve tilbakemelding og råd til dei fleste kommunane. Beredskapsplanverket vert og særskilt vurdert gjennomgått i samband med dei kommunale beredskapstilsyna.

Kontakt vedrørende skjermingsverdige objekt vert i hovedsak gjennomført med politiet, forsvaret og i noko grad objektigarar. I plan og utbyggingssaker vert det og gjort objektvurderingar i samråd med forsvaret og politiet.

Fylkesmannen sitt kriseplanverk (SBS) delen har ikkje vore prioritert i 2010 utover ei samling/øving for embetet si kriseleiing.

Samordning og regional krisehandtering har m.a. vore prioriterte tema i samband med samlingar i fylkesberedskapsrådet og det regionale atomberedskapsutvalet.

## 54.2 Øvelser

2010 har i øvingssamanheng vore eit mellomår for store øvingar spesielt for kommunane. Det er i samsvar med embetsoppdraget likevel gjennomført varslingsøvingar med kommunane. I denne samanheng er det nye krisestøtteverktøyet DSB-CIM nytta.

6 av kommunane i Hordaland deltok også i ei atomberedskapsøving relatert til uønskt hending med reaktor fartøy i innseglingsleia til Haakonssvern.

Vidare i øving og samlingar for fylkesberedskapsrådet, atomberedskapsutvalet og embetsleiinga.

## 54.6 Regional samordning

Atomberedskapsutvalet har i 2010 hatt ei dagssamling med fagleg opplæring og ei krisehandteringsøving (uønska hending med reaktor fartøy).

Fylkesmannen har i 2010 berre handtert nokre få mobfritaks saker for kommunar og prioriterte bedrifter. Fylkesmannen har også i 2010 prioritert vernepliktsverket sitt krav til å redusera talet verksemdar med fritak som ikkje er "viktige" ved ei mobilisering.

Frivillige organisasjonar har også i 2010 m.a. delteke i fylkesberedskapsrådet. Ved beredskapstilsyn i kommunane har det også vore fokusert på at kommunale beredskapsråd må ha ei breid samansetjing herunder at frivillige organisasjonar er respresentert.

## 54.8 Felles digitalt nødnett

Gjeld ikkje Hordaland 2010

## 54.9 Atomberedskap og strålevern

26. oktober samling og øving for det regional atomberedskapsutvalet i Hordaland. Det er og utført oppdatering i mal for kommunane sin plan for atomberedskap. Arbeidet med utplassering av jodtablettar i resterande 4 av 6 kommunar i innseglingsleia til Haakonssvern er igang. Dette er venta fullført i 2011. Det har gått litt treg med å få inn lager og distribusjonsplanar for nokre av kommunane.

Det er og i 2010 gjennomført dagsamling for kommunaleplanleggarar der Statens Strålevern hadde presentasjonar knytt til elektromagnetiskstråling og radon.

## 54.10 Beredskap innen kraftforsyning

Dette området har spesielt i 4. kvartal vore høgt prioritert både av omsyn til kraftsituasjonen og ellers at kraftbortfall er tema for fylkesmannen si "stor" øving med kommunane i Hordaland i 2011.

Det har vore god kontakt til m.a. KDS representant og andre i dette arbeidet. Dette arbeidet har og resultert i ein rettleiar for samhandling mellom kommunane og energiselskapa vedrørende prioritering av elektrisk kraft ved bortfall og rasjonering. I denne samheng har også kommunane delteke i dette arbeidet.

Det er og i 2010 gjennomført ei felles øving for KDSåne, energiselskapa og kommunane i Sunnhordland og Nord-Rogaland.

Når det gjeld dameigarar sitt arbeid med dambrotsbølgekart og kontakt med naudetatane har dette i mindre grad vore prioritert.

Mottak og vidaresending av varsel meldingar frå NVE og MET har dette gått rutinemessig også i 2010 trass i at fylkesmannen ikkje har ei "formell" vaktordning.

## **Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering**

### **55.1 Organisering for krisehåndtering**

Embetet sin Krisestaben (kjernestaben) er utpeikt og tiltenkt deltaking ved behov ved krisehåndtering og øvingar. Staben skal utvidast med ytterlegare personell frå embetet eller ekstrene alt etter kva situasjon som skal krisehandterast. Deler av staben har i 2010 m.a. delteke i atomberedskapsutvalet si samling og øving. Dei har og delteke i ei intern øving når det gjeld bruk av SBS.

Oppdatering av såvel embetet sin kriseplan som kriseorganisasjon herunder øvingar har i liten grad vore prioritert i 2010.

Ved beredskapstilsyn i kommunane er kriseorganisasjon og krisehåndtering tema. Kriseplanar frå kommunane som vert sendt inn til fylkesmannen vert og gjennomgått og det vert gjeve uttale/råd når ein finn det tenleg.

Embetet sine system for gradert meldingsformidling er operative og er testa/brukt i 2010.

Embetet har 4 personar med oppdatert kryptokvalifisering/klarering pr. 2010. Desse er og i stand til å handtera mottak og sending av gradert informasjon på fleire av dei operative systema.

### **55.2 Krisehåndtering**

Regional krisehåndtering vert i hovedsak initiert via heile eller deler av fylkesberedskapsrådet.

Atomberedskapsutvalet i tillegg til fylkesmannen sin kjernestab.

Krisehåndtering er og tema ved beredskapstilsyn i kommunane. Varsling og rapporteringsrutinar vart særskilt testa og øvd i samband ei varslingsøving for alle kommunane 21. desember. Utover dette vert det formidla ulike beredskapsvarsel /meldingar til kommunar og regionale beredskapsorgan.

2010 vart det loggført 17 slike varsel/hendingar.



## 55.3 Evaluering

Evaluering skjer i hovedsak etter øvingar og hendingar m.m.

4.1.2011 intern evaluering etter varslingsøvinga 21.12.2010.

Evaluering etter objektøving 21.10.2010 er ikkje avslutta.

I tillegg føl fylkesmannen ulike situasjonar som har eller kan ha potensiale for krisehandtering i mindre eller større omfang. Evaluering/gjennomgang i høve til embetet si evna til å gjennomføra varsling og rapportering samt ivareta fylkesmannen si rolle som regional samordningsmyndigheit.

Evaluering og lærdom av hendingar utanfor fylket vert og presentert med tanke på om tilsvarande hendingar skulle skje i Hordaland (eksempelvis hendinga i Gulen kommune).

Ved hendingar som utløyer rapportering vert det meldt på samordningskanal til DSB i tillegg til fagrapportering.

Fylkesmannen har i 2010 sendt inn rutinemessig veke rapportar til DSB.

## Ressursrapportering

Utbetalingen på fagkap. gjelder honorar til tolker. Altså er det ikke belastet lønnsutgifter til internt ansatte på annet enn kap. 1510.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
51.2 Vergemålsloven	kr 141 111,38	kr 0,00
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 58 128,10	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 2 087 861,45	kr 94 665,34
52.9 Annet Borgerettigheter (rest 52)	kr 39 341,65	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnsikkerhet	kr 1 227 915,87	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 775 809,45	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 161 806,03	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 95,00	kr 0,00
Sum:	kr 4 492 068,00	kr 94 665,00

## Kommunal- og regionaldepartementet

### Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

#### 61.1 Kommunerettet samordning

Fylkesmannen i Hordaland har i 2010 fortsett arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen.

Organiseringa av dette arbeidet ligg formelt i Kommunal- og Samordningseininga, der samordning av statsetatar og tilsyn ligg, men dei einskilde fagavdelingar samordnar i stor grad praktisk innanfor sine felt - det vere seg

internt eller eksternt mot andre statsetatar.

Det er oppretta et eige statsetatsleiarforum som vert samla med jamne mellomrom. Forumet organiserar også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. I 2010 var klimautfordringar/moglegheiter for fiske/havbruk og jordbruk, barnevern og årets beredskapsøving tema for dag 2.

Embetet deltar på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatar.

Dag 1. vart i sin heilskap via Fylkesmannen si rolle som "samordnande tillitsmann" for kommunane (under overskrifta "Eit nytt tilbod"). I tillegg til fylkesmannen sitt innlegg var tankar om samordning av regional stat v/statsetatsleiar, kommunane sitt syn på statlege krav og resultat av Difi undersøking om kommunane sitt forhold til Fylkesmannen. Dagen vart avslutta med ein brei debatt.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve, og for 2010 har vi fortsatt arbeidet med tema som barn- og unges oppvekstmiljø, samfunnssikkerheit og beredskap, samordna informasjonsstrategi og samordning innan plansaker nemnast. Kvar 14. dag blir det haldt internt møte med avdelingsleiarane – noko som bidrar til samordning innerter og utetter. Dette møtet har i 2010 vorte utvida og endra med det mål å gjere leiarmøtet til eit sterkare styringsverktøy.

Det eksisterer eit tverrfagleg forum for plansaker internt på embetet. Forumet er med jamne mellomrom utvida til å også omfatte fylkeskommunen og inviterte kommunar.

Embetet arrangerer årleg 50-60 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde. Andre statsetatar deltar også der dette er teneleg.

Høsten 2010 har embetet satt i gang ein omorganisering. Målet er ein meir effektiv og smidig organisasjon, men i dette ligg også at samansettinga av organisasjonen skal bidra til betre samordning internt. Ved å samle t.d. plan- og byggesaker/samfunnssikkerheit, helse/sosial/barnevern m.v. på ein betre måte bør trongen til avdelingsoverskridande arbeid bli redusert.

Samordning er eit vanskeleg felt. Kva som er god samordning er vanskeleg å måle. Fylkesmannen har tatt utgangspunkt i KRD sine retningslinjer (rundskriv av 9. feb 2004 - publ. nr. H-2143). Vi meiner vi etterlever dei mål og prinsipp som ligg til grunn, og dei særlege områder for fylkesmannens samordningsansvar skal såleis vere ivaretatt.

## 61.2 Omstilling og fornying i kommunene

Fylkesmannein i Hordaland har lagt vekt på synleggjøring av den faktiske stoda i kommunane, enten det gjeld saksfelt, kommuneøkonomi eller anna. På den måte ønsker FM å kartlegge trongen til fornying. På det økonomiske område er bruken av KOSTRA sentral.

Fylkesmannen satt i 2010 av kr. 4,5,- mill frå ordinær skjønnsnett til prosjektskjønn. Dei fleste prosjekta var interkommunale prosjekt. Ei sterkare samhandling mellom småkommunar er naudsamt for at oppgåver skal kunne løysast. Mange kommunar er for små til å klare oppgåvande sjølv.

For tilsynsarbeid vert det vist til eget ressursområde

Prioriteringa av interkommunale tiltak har vore velukka, og eit utstrakt interkommunalt samarbeid er ein realitet. Fylkesmannen ser likevel at det er trng til ein endring i retning meir forpliktande § 28-samarbeid.

Kvalitetskommuneprosjektet blei også i 2010 støtta. Som tidligare stilte FM sin kompetanse og arbeidskraft til rådvelde, men som tidligare ønskte ikke KS assistanse - dette gjeld etter kva vi forstår dei fleste fylker. Det er derfor vanskeleg å gi konkrete tilbakemeldingar for 2010 om kva som nytta, eller ikkje nytta.

## 61.3 Samordning av statlig tilsyn

Det har vor avholdt 3 møter i Tilsynsforum. Det har vor nedsatt ei gruppe som skal syte for at embetet og Statens

Helsetilsyn i Hordaland harmoniserer sitt tilsyn overfor kommunane. Dette gjeld metode. Det er verdteke at det skal utvekslast kontrollopplysningar med Hordaland fylkeskommune. Kontrollsjefen i fylkeskommunen skal være med på eit møte i Tilsynsforum pr år.

Embetet er blitt engasjert av Statens kartverk til å forestå opplæring i tilsyn som systemrevisjon etter matrikkelloven.

## **Resultatområde 62 Kommuneøkonomi**

### **62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i Kommuneloven**

FM går kvart år gjennom samlege 33 budsjett. Budsjett og økonomiplanane til ROBEK-kommunane vart prioritert først. Samlege kommunar får ei skriftleg og grundig tilbakemelding på budsjett og økonomiplan. Ein kommune har i løpet av året blitt meldt ut av ROBEK slik at det pr årsskiftet er fire Hordalandskommunar i registeret.

På denne måten kan FM skaffe seg god øversikt over stoda i kommunane (framoverretta i motsetning til rekneskapstal). Vi veit at kommunane set pris på denne tilbakemeldinga.

FM har i 2010 godkjent 15 låneopptak (utanom låneopptak godkjent i samband med lovlegkontroll av budsjett) og "avtalar om leige".

FM har i 2010 godkjent 21 vedtak knytt nye garantiar, eller endring av eksisterande garantiar. Eit vedtak vart ikkje godkjent.

Det har vert to lovelgkontrollar knytt til økonomibestemmingar i 2010. Den eine saken, knytt til Bergen kommune og utbytte BKK, ligg hos departementet. Den andre saka var knytt til Sveio kommune og utdanning. Fylkesmannen valte her å ikkje oppheve budsjettvedaket, men nytte utdanningslova.

### **62.2 Økonomiforvaltning - veiledning**

Vi har sendt brev til kommunane via e-post med informasjon om statsbudsjettet og kommuneproposisjonen så snart dette vart offentleg. Samstundes blir ein enda meir detaljert informasjon lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.

Fylkesmannen sine økonomirådgjevarar er i tett dialog med kommunane under heile prosessen. Vidare held fylkesmannen personleg innlegg om verknadene av statsbudsjettet for kommunane i Hordaland under KS sin haustkonferanse.

Vi har også i 2010 gått gjennom alle kommunale årsbudsjett og sendt brev med individuell tilbakemelding til alle kommunane, også dei som ikkje er i ROBEK. Denne ressurskrevjande praksis gir, saman med gjennomgang av rekneskapane, fylkesmannen god oversikt over den økonomiske tilstanden i fylket.

Embetsleiinga og økonomirådgjevarane møter ofte den einssilde kommune for ein gjennomgang av status og utfordringar. Fylkesmannen personleg deltek gjerne på desse møtene.

Vi har særleg lagt vekt på å halda ein tett kontakt med kommunar som står oppført i ROBEK eller som står i fare for å komme på denne lista. Vi har sett krav om gjennomføring av konkrete innsparingstiltak, men har overlate til kommunane sjølve å gjere framlegg om aktuelle tiltak.

I 2010 heldt vi tilbake 4,5 mill kroner som blei gitt til omstillingstiltak i kommunesektoren.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har i alle tilgjengelege fora, og pr. brev, oppmoda kommunane til å nytte KOSTRA. Ved publisering av foreløpige tal har vi merka at nokre kommunar har vist mangelfull rapportering. Dette har vi påpeikt og følgd særskild opp. Resultatet er at

medan 11 kommunar i 2006 ikkje rapporterte førebelse resultat og balansetal for 2005, fekk me allereie året etter ein sterk betring med berre tre kommunar som mangla ved førebels rapportering. Sidan har det svingt litt rundt dette talet. Problemet her er sårbarheit på personalområdet. Ein sjukemelding eller skifte av ansatt i den kritiske fasen rundt nyttår kan gå ut over rapporteringa.

Fylkesmannen har brukt KOSTRA i sin dialog med kommunane og i anna statistikk og har også i år utarbeida samanfattande rapportarom den økonomiske stoda i alle fylket sine kommunar (førebelse og endelege tal).

Rapportane gjeld perioden 2005-2009. I tillegg er det lagt ut 2009-tal for den einskilde sektor i den einskilde kommune i form av rapportgeneratorar. Både rapport og rapportgenerator er lagt ut på heimesidene våre og elles marknadsført overfor kommunane. Denne bruken av KOSTRA har vert nyttig for kvalitetssikring av tala.

FM har vert invitert til lokallag og kommunar i samband med budsjettprosessen for 2011 og har nytta høve til å forklare den økonomiske stoda for kommunen ved hjelp av inntektssystem, statsbudsjett og KOSTRA.

For 2010 har Fylkesmannen fordelt ein skjønnsnett på kr. 140,0 mill. Av desse vart kr. 4,5 mill gitt i prosjektskjønn.

Av ramma på kr. 135,6 mill. for 2011 er kr. 17,5 mill. førebels ikkje fordelt mellom kommunane. Fylkesmannen vil auke andelen til fornying og prosjekt.

## Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

### 63.1 Kommunalrett

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMHO	8	8	0	0	0	0	0	1
<b>Sum</b>	<b>8</b>	<b>8</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

### 63.2 Valg

Det var ikkje val i 2010

## Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Vi mottok 16 klagesaker etter offentleglova i 2010 og handsama 10 av desse klagesakene i 2010. I tillegg handsama vi i 2010 ei klagesak frå 2009. I 2011 har vi til no handsama to av klagesakene frå 2010. Fire av sakene er til no ikkje handsama. Desse må utgreiast meir.

Resultatet av handsama 2010-saker: I fem saker er resultatet stadfestet, ei sak er delvis stadfestet og delvis omgjort, medan to saker er opphevet og to saker blei gjort om. Av 2010-saker som er handsama i 2011 er ei sak stadfestet og ei opphevet.

## Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

## 65.1 Kommuneinndeling

1 sak under arbeid i 2010:

- Endring av kommunegrense Kvinnherad-Jondal

## 65.2 Interkommunalt samarbeid

Fylkesmannen har oppfordra til Interkommunalt samarbeid. Det har vert skaffa til rådvelde ein oversikt over arbeidet frå dei forskjellige regionråd som syner høg aktivitet på dette feltet.

Fylkesmannen oppfordrar til meir samarbeid etter ny § 28 og særleg ser vi trong til dette i samband med den nye samhandlingsreforma.

I samband med tildeling av prosjektskjønn har vi tidligare lagt til grunn at det er ein føremon at prosjekta er interkommunale. Det har også vert tilfellet i 2010.

## Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

### 66.2 Saker om ekspropriasjon

Vi har handsama til saman 6 saker om oreigning:

To av sakene gjeld klage over kommunens vedtak om å gje løyve til oreigning til gjennomføring av reguleringsplan, jfr. plan- og bygningslova 1985 § 35. Fylkesmannen stadfesta kommunen sine vedtak.

Vi har som førsteinstans gjeve samtykkje til oreigning i medhald av oreigningslova § 2 nr. 47 i ei sak. Vedtaket er ikkje påklaga.

Fylkesmannen har i to saker gjeve løyve til å ta grunnen i bruk før rettsleg skjøn er halde (samtykkje til førehandstiltreding), jfr. oreigningslova § 25. Ein søknad om samtykkje til førehandstiltreding er avslått. Vedtaka er ikkje påklaga.

### 66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

### 66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
62 Kommuneøkonomi	kr 827 896,92	kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 5 177 826,59	kr 0,01
Andre oppgaver under KRD	kr 442 445,24	kr 0,00
Sum:	kr 6 448 168,00	kr 0,00

## Arbeidsdepartementet

### Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

#### 73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Etter ein jamn nedgang i talet på klagesaker snudde trenden i 2010. I alt behandla vi 283 klagar etter lov om sosiale tenester i arbeidsforvaltninga, noko som representerer ein auke på 21 prosent i høve til året før. Klagane på økonomisk sosialhjelp i 2010 fordeler seg slik (tala for 2009 i parantes):

Økonomisk sosialstønad	255	(214)
Refusjon i trygdeytning	12	(13)
Bruk av vilkår	4	(2)
Kvalifiseringsstønad	4	(0)
Mellombels butilbod	3	(0)
Stønadsform	1	(4)
Anna	4	(1)

Dei fleste påklaga vedtaka vart stadfesta, i alt 84 prosent, medan 8 prosent av vedtaka vart endra til gunst for klagar. Utfallet av klagebehandlinga i 2010 var slik:

Stadfesta	238	( 84 prosent)
Endra/omgjort	23	( 8 prosent)
Oppheva og tilbakesendt	20	( 7 prosent)
Avvist	2	( 1 prosent)
<b>I alt</b>	<b>283</b>	<b>(100 prosent)</b>

To tredelar av klagane kom frå Bergen, medan den siste tredelen fordeler seg på 17 andre hordalandskommunar. Utviklinga dei siste fire åra har vore slik når det gjeld antall klagar behandla av Fylkesmannen i Hordaland:

2007:	391
2008:	250
2009:	234
2010:	283

Når det gjeld opplæring i lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga, herunder om samanhengen til lov om arbeids- og velferdsforvaltninga § 14a, viser vi til rapportpunkt 73.2.

Fylkesmannen skal behandla 90 prosent av sosialklagesakene innan tre månader. Dette kravet haldt vi ikkje i 2010, etter som vi berre behandla 62 prosent av klagane innan tre månader. I første halvår var saksbehandlingstida innanfor fristen, medan vi ved utgangen av 2010 hadde ei saksbehandlingstid på 5 ½ månad. Fylkesmannen behandla 21 prosent fleire klagesaker i 2010 enn året før, men likevel auka talet ubehandla saker med 89 prosentrå 72, fordi det kom inn 64 fleire saker enn det Fylkesmannen behandla.

Fylkesmannen hadde i 2010 i oppdrag å gje innspel til Arbeids- og velferdsdirektoratet sitt arbeid med å utarbeida

nytt rundskriv i samband med ny lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Dette har vi gjort ved å gje innspel på dei aktuelle arenaer, samt ved frikjøp av personellressurs i samband med rundskrivsarbeidet til direktoratet.

### **73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen - formidlingstiltak og kompetanseutvikling**

Det er etablert fire nettverk knytt til arbeidet med kvalifiseringsprogrammet(kvp). Nettverka er sett i saman geografisk, og det er nøkkelpersonell som arbeider med Kvp som deltek i nettverka. Nettverka har vore i gang i omlag to og eit halvt år, og det har vore to samlingar i kvart av nettverka i 2010. I 2010 etablerte vi også eit nytt nettverk for gruppeleiarar/fagansvarlege for kvp i Bergen sine byelskontor - dette gjeld tilsette både frå stat og kommune sida i Nav kontora. Alle Nav kontor har fått tilbod om kompetansetiltak knytt til kvalifiseringsprogrammet. Det har vore gitt omfattande opplæring, rettleiing og nettverkssamlingar knytt til arbeidet med kvalifiseringsprogrammet. Kvp er no avslutta som prosjekt og det er skrive eigen sluttrapport som er sendt til AVdir. innan fristen den 16. desember.

På rusområdet har det vore gjennomført satsingar lagt opp som prosessgrupper på tema knytt til m.a. og rus og psykiske lidningar, arbeidet med LAR brukarar og individuell plan. Gruppene har møtt over fleire samlingar, der det er omlag seks veker mellom kvar samling. Det har vore prosessleiarar som har følgd og leia arbeidet i gruppene, og det har vore trekt inn eksterne innleiarar i gruppene. Utviklingsarbeidet knytt til arbeidet med tidlig intervensjon overfor risikoutsette barn som vart sett i gong seint på året i 2008 har vore vidareført i 2010. Det er etablert nettverk knytt til dette arbeidet som pågår i sju kommunar / bydelar.

Det har vore invitert til to nettverkssamlingar for kommunar som har bustadsosiale prosjekt.

Likeverdig regional samarbeidsarena(Nav forum) har vore vidareført og det har vore faste møter to gonger per år. Møta er lagt til Statens Hus og det er Fylkesmannen som ut frå sekretariatfsfunksjonen ordnar med møteinnkalling og referat etter møta. Fastes saker i Nav forum er gjensidig informasjonsutveksling, status på etablerings løp i Hordaland, og status på Kvp.

Det har vore invitert til fagsamlingar og leiarsamlingar for å gi status på arbeidet med Nav reforma og særskilt Kvp. Andre tema har vore erfaringsspreiing frå rusprosjekta i Hordaland.

På området økonomisk rådgjeving har det blitt gjennomført fagsamlingar og nettverkssamlingar

#### **Avvik:**

Det har ikkje vore avvik

### **73.3 Kvalifiseringsprogrammet**

Fylkesmannen har frikjøpt sju kompetanseretleiarar i ein stillingsbrøk på tilsaman 1,70% til å arbeide med den faglege implementeringa av Kvp i 2010. I tillegg har fylkesmannen sin koordinator arbeida 100% på dette området. Fylkesmannen og kompetanseretleiarane har i fellesskap løyst oppgåvene knytt til implementeringa av Kvp, og arbeidet er gjort i samarbeide med Nav Hordaland.

I samband med gjennomføringa av arbeidet knytt til kvalifiseringsprogrammet(Kvp) har Fylkesmannen utarbeida ein handlingsplan som viser aktiviteten. Av handlingsplanen går følgjande fram om målsetnaden for arbeidet i

2010:

1. Gi alle ansatte i NAV kontorene mer kunnskap om kvalifiseringsprogrammet.
2. Gi tilbud om to nettverkssamlingar for alle NAV-kontor
3. Gi tilbud om eksternt faglig veiledning i grupper
3. Gi tilbud om saksveiledning fra GGB, utover nettverkssamlingene til de som ønsker dette.

Egen plan for besøksrunder etableres

4. Arbeidsmetoden AI = Appreciative inquiry, er en filosofi om hva som kjennetegner det gode liv i organisasjoner, team og prosjekter. Metoden ligger til grunn for arbeidet med kvalifiseringsprogrammet i Hordaland

5. Vi skal være rausere i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet og det skal tilrettelegges for å spre glød – glede – og begeistring til ansatte og brukere i NAV kontorene.

6. Det er et mål at 892 personer i Hordaland deltar i kvalifiseringsprogrammet innen årsskiftet.

7. Vi er inne i siste arbeidsår som prosjekt og har som mål at arbeidet med Kvp skal stå fjellstøtt i 2011

Kompetanserettleiarane har vore på farten og operative ute i Nav kontora gjennom heile året. besøksrundar til kontora er gjennomført, nettverk er gjennomført, kvalitetsbesøksrunde er gjennomført, fagsamlingar og leiarsamlingar er gjennomført.

Det er etablert fire nettverk knytt til arbeidet med kvalifiseringsprogrammet(kvp). Nettverka er sett i saman geografisk, og det er nøkkelpersonell som arbeider med Kvp som deltek i nettverka. Nettverka har vore i gang i omlag to og eit halvt år, og det har vore to samlingar i kvart av nettverka i 2010. I 2010 etablerte vi også eit nytt nettverk for gruppeleiarar/fagansvarlege for kvp i Bergen sine byelskontor - dette gjeld tilsette både frå stat og kommune sida i Nav kontora.

Forutan opplæring, rettleiing, fagdagar og nettverkssamlingar i regi av kompetanserettleiarane har fylkesmannen i løpet av 2009/ 2010 fått på plass 14 grupper med fagleg rettleiing(prosessrettleiing). Det er sju deltakarar i kvar gruppe som skal treffast 10 gonger. To av gruppene vart ferdige i 2009, og dei øvreste vart ferdige i 2010. Tilsaman 100 tilsette i Nav kontora deltek på rettleiinga.

I juni har det vore leiarsamling for Sosial og Nav leiarar, der den eine dagen var avsett til arbeidet med Kvp. Vidare blei det gjennomført ei stor dagarsamling med 140 deltakarar i desember månad der tema var Kvp, og erfaringsspreiing frå rusprosjekt i Hordaland.

I november 2009 vart det sett i gong ei eiga satsing (prosjekt)knytt til å få rusavhengige til å betre kunna nyttiggjera seg kvalifiseringsprogrammet. Sju kommunar/ Nav kontor deltek i satsinga som har gått i heile 2010 der deltakande kontor får månadleg fagleg rettleiing og blir tilført kompetanse knytt til gjennomføringa av prosjektet. I 2010 har det også vore halde to x 2 dagers fagsamlingar for dei som deltek i dette prosjektet

Derneft har det året igjennom vore sju møter og samlingar mellom Fylkesmannen og kompetanserettleiarane. Både for å planleggje og evaluere innsatsen vår igjennom året.

Kvp er no avslutta som prosjekt og det er skriva eigen sluttrapport som er sendt til AVdir. innan fristen den 16. desember.

#### **Avvik:**

Det har ikkje vore avvik

### **73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning**

Økonomisk rådgjeving var også i 2010 eit satsingsområde frå Arbeids- og velferdsdirektoratet si side. Fylkesmannen i Hordaland er eit av tre embete som fekk tilført stillingsressursar for å hjelpe dei andre fylkesmannsembeta med kompetansehevande tiltak og generell rettleiing. Fylkesmannen i Hordaland har regionsansvar for Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder og Aust Agder.

Fylkesmannen deltok i fleire møte i Nasjonal arbeidsgruppe (NAG) for økonomisk rådgjeving i kommunar og Nav-kontor, samt i ei eiga kompetansegruppe i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet. I tillegg kjem eit regionkontaktsmøte i Oslo i regi av Fylkesmannen i Oslo og Akershus.

I samband med oppstart av nettverk i Rogaland, samt for sosialtenesta i ni kommunar i Hardanger, har fylkesmannen deltatt på fleire møte.

I Nordhordland er det etablert eit kommunalt nettverk (gjeldsforum) der åtte kommunar deltek. Fylkesmannen er invitert til å delta på eit av desse møta på våren 2011.



Trongen for etablering av kommunale nettverk er veksende. På vårparten 2011 står Møre og Romsdal for tur, og Fylkesmannen i Hordaland vil også delta på desse møta.

I Hordaland blei det arrangert eit grunnkurs i fyrste halvår og eit vidaregåande kurs anndre halvår. Fylkesmannen driv opplæring av Nav-tilsette i eigenutvikla dataverkty til bruk i den daglege saksbehandlinga. I 2010 vart sosialtenesta i Nav Ytrebygda og Nav Laksevåg gitt denne opplæringa.

Det er etablert eit Økonomisk Samarbeidsforum (ØSF) i Bergen for kommunale økonomiske rådgjevarar i Nav i Hordaland. Samarbeidsforumet, som er eit fagleg forum, hadde seks samlingar i meldingsåret. For det kombinerte økonomisk samarbeidsforumet og nettverket i Hardanger-regionen er det fastsett eit møte i januar 2011.

Regionansvarleg var medførelsar på fem grunnkurs og to vidaregåande kurs utanfor Hordaland, og var i tillegg observatør ved eit vidaregåande kurs i Rogaland. Kursverksemd og andre kompetansefremmande tiltak er halde i samsvar med dei rammer som er utarbeidd i NAG og etter dei behov som er meldt inn i frå fylkesmennene i regionen og kommunane i Hordaland.

Regionansvarleg har deltatt på kurs i systemrevisjon og vore observatør på to tilsyn i økonomisk rådgjeving.

Det vart nytta i overkant av ei stilling på ressursområdet. Det vil ikkje vere unaturlig å auka ressursbruken ved framleis opptrapping av arbeidet med økonomisk rådgjeving i 2011.

### **73.5 Boligsosialt arbeid**

I 2010 tildelte Fylkesmannen i Hordaland 5 ½ million kr til elleve bustadsosiale tiltak i seks kommunar. Fem av dei elleve tiltaka var nye i 2010. Det var i alt sytten søknader, og seks søknader vart avslått. Alle midlane som Fylkesmannen fekk overført til bustadsosialt arbeid vart vidarefordelt til dei tiltaka som fekk innvilga søknadene sine.

Tildelinga var i samsvar med fullmakt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet, og vart betalt ut over statsbudsjettet kapittel 0621.63, som eit ledd i kampen mot fattigdom. Bergen har fått tilskot til seks bustadsosiale tiltak, medan dei fem andre kommunane har eitt tiltak kvar. Tilskota vart slik fordelt på kommunar/tiltak og tilskotsbeløp:

Askøy kommune	451 840
Bergen kommune/Prosjekt overgang	988 029
Bergen kommune/Fana-Ytrebygda: I bolig	500 000
Bergen kommune/Fana-Ytrebygda: Boligskole	463 133
Bergen kommune/Årstad: Prosjekt Snu	500 000
Bergen kommune/Kringsjøveien	500 000
Bergen kommune/Stubs gate	500 000
Odda kommune	508 025
Osterøy kommune	500 000
Voss kommune	500 000
Øygarden kommune	139 813
<b>I alt</b>	<b>5 550 840</b>

I lag med Husbanken sitt regionkontor gjennomførte Fylkesmannen i 2010 eit større fagseminar samt ei nettverkssamling med kommunane, for å følgja opp og vidareutvikla det strategiske arbeidet på det bustadsosiale området. Fylkesmannen arrangerte 19. november 2010 ei dagssamling for leiarar og for dei som arbeider med utviklingsoppgåver ved sosialtenestene/NAV-kontora i fylket. Målet for samlinga var å oppdatera deltakarane på statlege satsingar på rus/sosial-området i 2011, og å informera om kva statlege ordningar som kommunane kan søkja løyvingar frå i 2011.

### **73.6 Barnefattigdom**

2010 var første året fylkesmennene fekk i oppgåve å utbetala tilskot til kommunalt arbeid mot barnefattigdom, og Fylkesmannen i Hordaland tildelte om lag 1,6 million kr til tre tiltak i vårt fylke. To av desse tiltaka var nye i 2010. Det var i alt sju søknader, og fire søknader vart avslått. Alle midlane som Fylkesmannen fekk overført til tiltak mot barnefattigdom vart vidarefordelt til dei tiltaka som fekk innvilga søknadene sine.

Tildelinga var i samsvar med fullmakt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet, og vart betalt ut over statsbudsjettet kapittel 0621.63, som eit ledd i kampen mot fattigdom. Tilskota vart slik fordelt på kommunar/tiltak og

tilskotsbeløp:

Kvam herad	630 000
Bergen kommune/Fyllingsdalen bydel	600 000
Stord kommune	400 000
<b>I alt</b>	<b>1 630 000</b>

Dei aktuelle kommunane vart invitert til å vera med på det fagsminaret Fylkesmannen arrangerte i lag med Husbanken sitt regionkontor kopla opp mot bustadsosialt arbeid.

Fylkesmannen arrangerte 19. november 2010 ei dagssamling for leiarar og for dei som arbeider med utviklingsoppgåver ved sosialtenestene/NAV-kontora i fylket. Målet for samlinga var å oppdatera deltakarane på statlege satsingar på rus/sosial-området i 2011, og å informera om kva statlege ordningar som kommunane kan søkja løyvingar frå i 2011.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 76 538,41	kr 837 360,02
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 2 132 966,29	kr 88 197,14
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 8 299,05	kr 0,00
Andre oppgaver under AD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 2 217 803,00	kr 925 557,00

## Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

### 75.1 Habilitering og rehabilitering – nasjonal strategi

Det er koordinerte einingar for habilitering og rehabilitering i helseføretaka og kommunane. Med tilskot frå Helsedirektoratet blei det arrangert fagdag om funksjonen til koordinerte eining for kommunane i opptaksområda til Helse Bergen og Helse Fonna.

Det varierer mellom kommunane korleis koordinerte eining er organisert og kva oppgåver som er lagt til desse einingane. Enkelte einingar er sårbare ved at funksjonen er lagt til enkeltpersonar.

Systemansvaret for individuell plan og ansvaret for opplæring av koordinatarar er fleire stader lagt til einingsleiarar for ulike tenestemråde.

Kommunane og spesialisthelsetenesta har inngått samarbeidsavtaler og det blir arbeidd med å få til gode pasientforløp. Svar vi har fått frå helsestasjonane tilsier at samarbeidsrutinane med spesialisthelsetenesta kan vidareutviklast.

I 2010 bad Helsedirektoratet ikkje om bistand til gjennomføring av prosjekt om organisering av tilbod til barn og unge.

### 75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

Tilrettelegging av tenestetilbod for barn med nedsett funksjonsevne og deira familie er teke opp i enkeltsaket, i møte der universell utforming har vore tema, i undervisning og generelt om tilrettelegging for barn og unge i uttalar til kommunale planar.

### 75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Ved årsskiftet 2009-2010 hadde 15 personar under 50 år fast plass i sjukeheim. Dei budde i fem forskjellige kommunar. Fire av dei 15 personane hadde individuell plan. Tre av dei ønskte eit anna butilbod, men planar om flytting var ikkje utarbeidde.

Ut frå opplysningane som ligg føre i dei enkelte tilfella meiner vi at kommunane har følgd opp personane dette gjeld på ein tilfredsstillande måte og at avgjerda om å tilby fast plass i sjukeheim/omsorgsbustad med heildøgns helse- og omsorgstenester er forsvarleg. I kontakten med kommunane har vi lagt vekt på behovet for utarbeiding av individuelle planar.

## **Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling**

### **76.1 Samarbeid mellom 1. og 2.linjetjenesten**

Det er inngått samarbeidsavtaler mellom kommunane og helseføretaka og fleire samarbeidsprosjekt er i gang. Oversikt over samarbeidsavtalar går fram av nettsidene til Helse Bergen og Helse Fonna. Døme på god praksis kan vere den overordna samarbeidsavtalen mellom Helse Bergen og kommunane og opprettinga av dei fire overordna samarbeidsutvala, sjå nettsida til Helse Bergen - samhandling. I tillegg fører vi oversikt over alle samhandlingsprosjekt.

### **76.2 Individuell plan**

Arbeidet i kommunane er følgd opp i enkeltesaker og i møte. Det er ikkje alle kommunane som har lagt systemansvaret til koordinerande eining slik Helsedirektoratet tilrår. Ansvar er i staden lagt leiarar for ulike tenesteeiningar. Kartlegginga som Helsedirektoratet skulle gjere blei utsett.

### **76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten**

Helseavdelingar har gitt råd og rettleiing om kvalitetsforbetring ved behandling av enkeltsaker, oppfølging av tilsyn, i møte og kurs. I samarbeid med Kunnskapsenteret gjennomførte vi læringsnettverk i systematisk forbetningsarbeid for tilsette i helsestasjons- og skulehelsetenesta i Bergen kommune.

Vi har arrangert meir enn 20 møte, kurs og samlingar der føremålet var å bidra til kvalitetsforbetring av tenestene og hatt ca. 40 undervisningsoppdrag for ulike grupper av helsepersonell i kommune- og spesialisthelsetenesta og studentar på høgkolane m.fl.

### **76.5 Felles digitalt nødnett**

Hordaland er ikkje blant fylka som fekk oppdrag på dette området i 2010.

## **Resultatområde 77 Andre oppdrag**

### **77.1 Helsemessig og sosial beredskap**

Fylkesmannen har oversikt over dei kommunale helse- og beredskapsplanane. Vi har skrive til alle kommunane om å innarbeide kommunale smittevernplanar i kommunal planstrategi. Vi har også etterspurt reviderte smittevernplanar, her inkludert smittevernplanar frå alle. Pandemien og vaksinasjonen i den samanheng, fungerte som ei øving av planane. Hendinga blei brukt til å justere smittervern- og pandemiplanar. Helse Vest RHF har starta ein omfattande revisjon og harmonisering av beredskapsplanar for alle helseføretaka. Vi deltok på seminar om dette arbeidet. Tema var særleg CBRN-beredskap og legemiddelberedskap.

Atomberedskapsutvalet hadde eitt møte i 2010 og ei øving der dei seks aktuelle kommunane i innseglinga til

Bergen var til stades for å drøfte og øve på relevante problemstillingar som gjeld organisering og oppgåvedeling ved ei eventuell uønskt hending med reaktorfarty. Representantar frå naudetatar og Statens strålevern deltok også. Fylkesberedskapsrådet hadde eit utvida møte i med oppdateringar og orientering om relevante beredskapssituasjonar i høve til klima, regional brannberedskap og infrastrukturutvikling i Bergensområdet.

Det regionale, breie samarbeidet er svært godt. Det er etablert eit nettverk av leiarar som kjenner kvarandre og som ved behov lett kan ta kontakt.

Fleire medarbeidarar i embetet deltok på den årlege SAMRED-konferansen. I helseavdelinga blei det gjennomført systematiske komptansehevande tiltak innan beredskap siste året.

## 77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Vi har behandla 19 saker i 2010. Den gjennomsnittelege saksbehandlingstida var 13 dagar.

**Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMHO	19	13
<b>Sum</b>	<b>19</b>	

## 77.3 Særfradrag

Vi behandla 145 saker i 2010. Den gjennomsnittelege saksbehandlingstida var 58 dagar.

**Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMHO	145	58
<b>Sum</b>	<b>145</b>	

## 77.4 Førerkortsaker

Dei 1754 som det vart treft vedtak i fordelte seg slik:

Dispensasjonssaker - 876, tilråding om inndraging - 612,

råd og rettleiing - 66, melding om bruk av optisk korreksjon - 21,

retur av saker - 23, tilråding – helsekrav oppfylt - 155, og

avslutta utan avgjerd - 1.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dispensasjonssaker der søknaden var tilstrekkeleg opplyst var 20 dagar. I saker som galdt melding om inndraging var saksbehandlingstida om lag ei veke.

**Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMHO	1754	3
<b>Sum</b>	<b>1754</b>	

## 77.5 Pasientjournaler

Fylkesmannen mottok ingen arkiv for oppbevaring i 2010.

**Pasientjournaler. Antall saker.**

Embeter	Antall
FMHO	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## 77.7 Helse- og omsorgsmelding (tidligere Helse og sosialmelding)

## 77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasientrettighetsloven kap. 4A

Behovet for ytterlegare opplæring i helsetenesta om pasientrettslova kapittel 4 A blir vurdert fortløpande. I 2009 arrangerte vi fleire heildagskurs. I 2010 har vi halde foredrag på seminar og møte som verksemder i helsetenesta sjølv har arrangert om pasientrettslova kap. 4 A. Dette er ei prioritert oppgåve og terskelen vår for å delta i møte med tenestene er låg. Vi meiner at det framleis er eit stort behov for opplæring i dette regelverket.

Mange av dei vedtaka som blir treft etter pasientrettslova kap. 4A er svært mangelfullt utfylte. Nesten ein tredjedel av vedtaka vi mottar, blir oppheva av oss pga feil bruk av regelverket eller fordi vedtaka er for dårleg grunnlagt. Vi gir rettleiing per telefon eller per brev i ein stor del av vedtaka. Berre om lag ein tredjedel av vedtaka som vi får kopi av, kan vi ta til etterretning. Gjennomgangen av mottatte vedtak i 2008 og 2009 viser at 11 av 33 kommunar ikkje har sendt inn vedtak etter pasientrettslova kap. 4 A.

I tillegg til fortløpande rettleiing, har vi hatt undervisning for følgjande:

Sjukepleiarar og legar m.fl i pleie- og omsorgstenesta i Odda kommune. Fylkeskonferansen for leiarar og tilsette i pleie- og omsorgstenestene i fylket. Klinikksjefar i Den offentlege tannhelsetenesta (DOT). Tannlegar, tannpleiarar og sekretærer i DOT Bergen og DOT Aust. I alt om lag 360 personar.

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

### 83.1 Folkehelsearbeid generelt

Folkehelseperspektivet er vurdert i alle relevante planprogram og høyringar av kommuneplanar som har kome inn til Fylkesmannen i Hordaland. I 2010 hadde vi i alt fire planprogram for kommuneplanprosessar og seks kommuneplanar eller delplanar på høyring der folkehelseperspektivet blei vurdert.

Basis for rådgevinga til kommunane er strategiane for nedbygging av sosiale helseskilnader, universell utforming og nasjonale mål for fysisk aktivitet, kosthald og tobakksførebygging. Folkehelsemåla er gjennomgåande svakt konkretiserte i planprogramma, men dei er likevel med i fleire planprogram no enn tidlegare år.

I 2010 har vi hatt fleire planar på høyring som har ivareteke folkehelsemåla på ein god måte. Det blir vist til Kommunehelseprofilar i alle uttalar til planprogram og verktøyet blir ofte demonstrert i planforum. Utskrift av kommunebarometeret for aktuell kommune blir lagt ved planuttalen frå Fylkesmannen til kommunen. Andre verkty som systematisk blir tilrådde i planuttalane, er Vestfold fylkeskommune sin rettleiar om helse i plan og barnetrakk.

Partnerskap for folkehelse har skipa til nettverkskonferansar for partnerskapskommunane med relevant oppdatering på dei sentrale områda i folkehelsearbeidet. Fylkesmannen i Hordaland er partner i partnerskap for folkehelse i Hordaland og deltek fast i arbeidsutvalet og folkehelsegruppa. Til no har ti kommunar, Helse Bergen og fleire frivillige organisasjonar forplikta seg til å vere med i partnerskapen.

Folkehelse er eitt av fem prioriterte innsatsområde i Regional planstrategi for Hordaland 2010 – 2012. Hausten 2010 starta arbeidet med å lage eigen fylkesdelsplan for folkehelse i Hordaland. Utkast til planprogram var tema for ei kommunesamling i desember. Planen skal vere ferdig i 2012.

Fylkesmannen har gjort seg til ein tydeleg forkjempar for betre luftkvalitet i Bergen gjennom motsegn til kommuneplan for Bergen og i media. Vi har og oppretta eige meny punkt for planlegging på nettstaden vår. Der gir vi kommunane råd om planlegging og tilgang til aktuelt regelverk for dei områda som det skal takast omsyn til i planlegginga, mellom anna omsynet til folkehelsa.

**Folkehelsearbeid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	10	
<b>Sum</b>	<b>10</b>	

### 83.2 Miljørettet helsevern

Justis- og forvaltningsavdelinga handsamar klagesaker etter kommunehelsetjenestelova kapittel 4a om miljøretta helsevern. Det kom inn 2 slike klagesaker i 2010. Avdelinga har i 2010 i tillegg handsama og avgjort 1 klagesak som kom inn i slutten av 2009.

### 83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse

Vi arrangerte konferanse om førebygging av tobakkskadar 27. mai. Interessa for slike tiltak har vore dalande i seinare tid, det same gjeld interessa for røykesluttkurs. Vi har brukt nettsida vårt aktivt for å fremje arbeid mot tobakkskadar og deltaking i FRI-programmet. Hordaland har i dag 53 prosent oppslutning om programmet, og som tidlegare er det høgast deltaking i områda utanom Bergen.

I 2010 fordelte vi i alt kr. 503 000 til sju lokale tiltak for å førebyggje seksuelt smittsame sjukdommar og uønskte svangerskap.

Fylkesmannen gjennomførte undersøking i dei fylkeskommunale vidaregåande skulane om dei hadde lagt til rette for 60 minutt dagleg fysisk aktivitet, om dei følgde nasjonale råd om mattilbod i kantiner, tobakksfri skuletid / tobakksfritt skuleområde og tilbod om hjelp til å slutte å røykje gjennomført i desember 2010. 23 av 47 skular svarte.

- Ein av skulane har lagt til rette for 60 minutt dagleg fysisk aktivitet for alle elevane (Arna vgs.)
- Åtte svarer at dei følgjer nasjonale råd om mattilbod i kantine.
- Sju svarer at dei har tobakksfri skuletid.
- Hordaland fylkesting har vedteke røykfrie skuleområde for alle, men berre ti svarer at dei klarer å halde det.
- Sju tilbyr røykesluthjelp, men fleire seier at dette etter kvart er blitt mindre aktuelt fordi det er færre elevar som røykjer.

### 83.6 Smittevern

Helseavdelinga fekk ingen søknader om dispensasjonar frå forskrift om smittevern i helsetjenesten, eller klager etter forskrift om tuberkulosekontroll og forskrift om hygienekrav for frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hullvirksomhet i 2010.

Vi arrangerte smittevernkonferanse i september 2010. Tema var retningsliner for forsvarleg antibiotikabruk i helseinstitusjon, infeksjonsregistrering i sjukeheimar, erfaringar frå influensapandemien og presentasjon av smittevernprogram for kommunale pleie- og omsorgstenester. Smittevernprogrammet er utarbeidd i samarbeid med Regionalt kompetansesenter i smittevern, Haukeland universitetssjukes og kommunane Kvam og Sund.

Vi følgjer med på og har oversikt over arbeidet med smittevern i kommunane. Oppdatert oversikt over smittevernlegar er lett tilgjengeleg på nettsida vår. Denne informasjonen blir oppdatert kvart år.

## Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

### 84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Det årlege møtet for kommuneoverlegar var 7. og 8. juni 2010. Kommuneoverlegane var også inviterte til smittevernkonferansen der vi mellom anna presenterte smittevernprogram for andre einingar enn sjukeheimar. Utanom desse møta er informasjon om ulike nasjonale satingssområde og lokale tiltak formidla i brev og artiklar på nettsida vår.

Det er stabilitet i fastlegeordninga. I fleire kommunar der folketalet aukar, er det lite ledig kapasitet. Det kom ingen søknader om dispensasjon frå fastlegeordninga i 2010.

Det er ikkje vesentlege endringar i tid som er avsett til offentlege allmenntjenestiske oppgåver. Legetid i helsestasjons- og skolehelsetenesta og i sjukeheimar er knapp, og fleire kommunar har ikkje bestemt kva tid dei skal innfri lokal norm for legebemanning i sjukeheimar.

Det er omfattande bruk av vikarar i fleire legevaktordningar. Få legar som deltek, oppnådd alder for fritak frå legevakt og mange vikarar, fører kvar på sin måte til sårbarheit i legevaktordningane. Eit fåtal av kommunane har rutinar for å vurdere om legane har nødvendige kvalifikasjonar til å delta i vakt og det er store skilnader i opplæring og oppfølging av vikarlegar.

## 84.2 Turnustjeneste

**Turnuslegar:** Det var 32 turnuslegar i kommunehelsetenesta i Hordaland i tidsrommet 15.02.10-15.08.10.

I 2010 har vi skaffa 40 turnusplassar for perioden 15.08.10-15.02.11 og 36 turnusplassar for perioden 15.02.11-15.08.11. I trekninga for perioden 15.08.10-15.02.11 stod fire personar på venteliste medan vi venta på at kommunane skulle opprette nye plassar etter pålegg frå oss. Ei av dei som stod på venteliste blei overført til SAFH og fekk plass i eit anna fylke, elles løyste vi utfordringa lokalt. I turnusvalet for perioden 15.02.11-15.08.11 var det ingen kandidatar på venteliste.

For turnuslegane i kommunehelsetenesta er det arrangert kurs i akuttmedisin-legevaktmedisin vår og haust, og tre samlingar med gruppebasert rettleiing vår og haust. Kursa og samlingane blei arrangerte i samarbeid med fagpersonar ved Nordhordland legevakt. Kursa og samlingane har svært god oppslutning frå turnuslegane. Vi har diskutert å utvide kurset i akuttmedisin eller sende deltakarane i to puljar slik at det blir meir tid til at kvar deltakar kan øve på praktiske ferdigheiter. Det vil gje betre læringsutbyte for kvar deltakar. Kurset blei først laga for om lag 25 deltakarar, men etter den tid har talet på turnuslegar gått opp til 36-40 personar i kvart kull.

Hausten 2010 arrangerte vi ei samling for turnusrettleiarar i kommunane, med vel 20 deltakarar og eit breitt fagleg program.

Vi har henta inn evaluering av kommuneturnus frå turnuslegane i Hordaland på slutten av turnusperiodane. Informasjonen nyttar vi for å sjå til at alle turnusstadene held god nok kvalitet og gir eit fagleg forsvarleg tilbod til kandidatane.

Vi har avgrensa kunnskap om korleis ordninga med obligatorisk praktisk teneste i sjukeheim fungerer. Vi tok opp temaet på turnusrettleiararsamlinga hausten 2010. Somme av rettleiarane peikte på at ti dagar obligatorisk teneste i sjukeheim er i minste laget. Ei anna tilbakemelding var at turnusstaden sjølv kan leggje inn fleire dagar med sjukeheimsteneste i opplegget for turnuslegen. Vi bad òg om innspel på korleis kandidatane kan få best mogleg fagleg utbyte av denne delen av tenesta slik rammene er i dag. Her var tilbakemeldinga at det kan vere nyttig å samle dei ti dagane mest mogleg i tid, for å gi turnuslegen ei intensiv innføring i denne typen arbeid. I evalueringane stadfester turnuslegane at dei har hatt teneste i sjukeheim, men dei har få kommentarar til innhaldet. Vi vil hente inn meir informasjon om erfaringane til turnuslegane på dette området ved neste evaluering.

**Turnusfysioterapeutar:** Vi har ansvaret for å administrere turnustenesta for fysioterapeutar i region Vest og samarbeider med dei andre embeta i regionen om å skaffe turnusplassar. Region Vest manglar plassar i spesialisthelsetenesta. For å få nok plassar er det nødvendig å få disponere plassar i region Nord. Turnusåret 15.08.2010-15.08.2011 er det 28 turnusplassar i Hordaland. Vi har gjennomført samling for turnusrettleiarane og bruker evalueringsskjema til vurdering av behov for tilbakemelding til dei enkelte turnusplassane.

Turnuslegar og- fysioterapeutar i kommunehelsetenesta i Hordaland deltek på kurs i offentlig helsearbeid som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane arrangerer vår og haust.

## 84.3 Klagesaksbehandling etter lov om helsetjenesten i kommunene, pasientrettighetsloven og lov om sosiale tjenester

Vi behandla 97 saker etter kommunehelsetenestelova og pasientrettslova. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 48 dagar. Det kom inn 110 saker.

Lov om helsetjenesten i kommunene med tilhørende forskrifter. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO		
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

#### 84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Det er samarbeid mellom kommunale helsetenester og spesialisthelsetenesta og regelverket om individuell plan er kjent.

#### 84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger, familiegjennforente og direktebosatte overføringsflyktninger

Helseavdelinga har ikkje gjennomført særskilt kartlegging og kan ikkje svare utfyllande på spørsmålet om kva kommunar som har eit tilfredsstillande tenestetilbud til asylsøkjjarar, flyktningar og familiesameinte. Alle kommunane gir tenester, men behova er svært forskjellige. Skilnader i kultur og språk byr på særskilte utfordringar. Vi har lagt vekt på å formidle den allmenne retten til informasjon om helsetenester og eigen helsetilstand og plikta som helsetenesta har, til å skaffe og bruke tolk når det trengst.

Informasjon om og forventningar til at kommunane skal følgje tilrådingar frå Helsedirektoratet om helsetilbud til asylsøkjjarar, flyktningar og familiesameinte, er formidla i brev og på nettsida vår. Vi var medarrangør ved konferanse som Integrerings- og mangfoldsdirektoratet arrangerte i november om tilrettelegging av offentlege tenester for mangfaldet i befolkninga, brukardialog og samfunnsdeltaking.

#### 84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) i samarbeid med Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen og NAV gjennomførte konferansen "I samme båt - tilrettelegging for integrering" i november. Tema for konferansen var tilrettelegging av dei offentlege tenestene for eit mangfaldig samfunn, brukardialog og samfunnsdeltaking.

#### 84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjoner

- Vurdere hva slags faglig nivå mottakene holder, deriblant hvilket tilbud som gis til barn og menn som har vært utsatt for seksuelt overgrep og hvilket tilbud som gis til personer som har vært utsatt for vold i nære relasjoner.

Valdtektsmottaket ved Haugesund sjukehus HF gir tilbud til dei til Helse-Fonna-kommunane i sør. Valdtektsmottaket ved Bergen legevakt gir tilbud til resten av kommunane. Bergen legevakt, Barneklubben og Kvinneklubben i Helse Bergen har felles prosedyre for mottak, utgreiing og oppfølging av barn som er utsette for seksuelle overgrep.

Vi har organisert nettverk og gjennomført to nettverksamlingar om vald i nære relasjonar – tiltak mot kjønnslemlesting og tvangsgifte inkludert. To møte i året gir god oversikt over kven som arbeider med kva og kva kommunar som har avtale med overgrepsmottak og livshjelpa på legevakta i Bergen. Ved kontakt til kommunane om utarbeiding av handlingsplan mot vald i nære relasjonar har 12 svart at dei ikkje har slik plan. To kommunar har begynt planarbeidet. 19 kommunar svara ikkje. Mottaka gjer godt arbeid og det faglege nivået er tilfredsstillande. Det er behov for å styrkje kompetansen tli å vurdere skadar hos barn, for betre å kunne avdekkje overgrep. Stiftinga Alternativ til vald arbeider med etablering i Bergen og vil bidra til at tilbodet til menn som har vore utsette for seksuelle overgrep. Det er nødvendig å utvikle samarbeidet mellom overgrepsmottaka og kommunane og vektleggje behovet for at kommunane utarbeider eigne handlingsplanar.

#### 84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten

Faglege retningslinjer, rettleiarar og rapportar om helsetilstanden til barn og unge og forhold som påverkar



denne er gjort kjent ved nettoppslag og gjennom kontakten med kommunane. Innhald og prioritering i helsestasjons- og skolehelsetenesta blir vektlagt i Fylkesmannen sine uttalar til samfunnsdelen av kommuneplanprogramma. Ei kartlegging av helsestasjons- og skulehelsetenesta viser at det skilnader i samarbeidet imellom dei ulike tenestene. Det er ikkje vesentlege endringar i talet på utførte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta frå 2008 til 2009.

## **84.9 Svangerskapsomsorgen**

Fylkesmannen følgjer med på situasjonen i kommunane. Vi har ikkje fått meldingar om kapasitetsproblem. Helse Bergen og Bergen kommune samarbeider om eit Jordmor-heim prosjekt. Fjell kommune har også oppretta eit slikt tilbod. Dei fekk samhandlingsprisen i 2010 for dette tiltaket. Talet på utførte jordmorårsverk i kommunane var omlag det same i 2009 som året før.

## **84.10 Kjønnslemlestelse**

I samarbeid med RVTS vest og Bufetat vest gjennomførte vi tverrfagleg nettverkssamling om kjønnslemlesting og tvangsgifte 22. og 23. november i Bergen. Her var også frivillig underlivsundersøking av jenter tema. Nettverksamlinga er og ei oppfølging av samarbeidet om vald i nære relasjonar. Også frivillige organisasjonar og "berørte grupper" deltok.

## **84.11 Tannhelse**

Fylkesmannen samarbeider med fylkestannlegen gjennom partnerskap for folkehelse. Fylkestannlegen har eigen folkehelserådgjevar. Den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland har i mange år hatt samarbeidsavtalar og arbeid tett med ulike institusjonar og tenesteområde i kommunane. For å optimalisera samarbeidet og bevisstgjera kommuneleiinga i kvar einskild kommune, har tannhelsetenesta i 2010 inngått eller i ferd med inngå overordna samarbeidsavtale med alle kommunane i Hordaland med unntak av Bergen. Så snart overordna avtale er underteikna, vil nye avtalar på institusjonsnivå bli inngått eller fornya med helsestasjons- og skulehelsetenesta, pleie og omsorgstenesta, helse- og sosialtenesta og rusomsorga, tenester for psykisk utviklingshemma, barnevern . Tilsvarande avtale er og inngått med statlege asylmottak.

## **Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten**

### **85.1 Abortloven**

### **85.2 Sterilisering**

Vi behandla ingen saker i 2010.

### **85.3 Lov om transplantasjon**

Vi mottok ingen saker på dette området i 2010.

### **85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler**

I 2010 har vi innvilga 454 søknader om spesielt løyve og 34 søknader om generelt løyve til å forskrive sentralstimulerande legemiddel. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var ei veke.

**Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	488	1
<b>Sum</b>	<b>488</b>	

## 85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Vi mottok ingen saker på dette området i 2010

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## Resultatområde 86 Omsorgstjenester

Fylkesmannen i Hordaland har lagt ansvaret for å følge opp Omsorgsplan 2015 til helseavdelinga og justis- og forvaltningsavdelinga. Arbeidet er forankra i ei Koordineringsgruppe der assisterande fylkesmann er leiar.

I 2010 har vi hatt fokus strategiane i Omsorgsplan 2015 og på informasjon, opplæring, initiativ til og støtte til prosjekt som kan bidra til å realisere delplanar og samarbeid med etablerte fagmiljø.

### 86.1 Omsorgsplan 2015

Eit av hovudmåla våre for 2010 var å kome i tettare dialog med kommunar og samarbeidspartnarar. Til saman var vi i møte med 13 pleie- og omsorgsleiarar hausten 2010. Dette arbeidet held fram i 2011.

Kommunal planlegging: Nokre kommunar har starta med arbeidet med helse og omsorgsplan som i hovudsak blir ein delplan til kommuneplanen. Helse- og omsorgsplanlegging er tema i plannettverket der helse- og omsorgsleiarar med ansvar for tenesteutvikling i kommunane er invitert saman med samfunnsplanleggjarar i januar 2011.

Søknader om investeringstilskot er behandla fortløpande. I 2010 gav vi tilråding om tilskot til 10 byggjeprojekt i åtte kommunar, fordelt på 20 sjukeheims plassar og 28 omsorgsbustader.

Rapporteringa kommunane sender inn for tildelte midlar til kompetansehevande tiltak, gjev oss nyttig kunnskap. Måltala for Demensomsorgens ABC er for låge i Hordaland. Kommunane i fylket vart difor inviterte til å søkje på ekstramidlar hausten 2010.

Aktiv Omsorg/ Partnerskap med familie og lokalsamfunn: I løpet av 2010 har Fylkesmannen i Hordaland i lag med Senter for omsorgsforskning Vest, utvikla prosjektet "Kommunar i dans med frivillig innsats". Målsettinga er å utvikle samspelet mellom kommunar, den frivillige uformelle omsorga i familien og frivillige lag og organisasjonar. Fem kommunar er tekne ut til å delta i denne satsinga.

Vi arrangerte ein to dagars konferanse på Omsorgsplan 2015 for kommunane saman med KS. Tema var framtidens alderdom og ny teknologi, lovverk og frivillig innsats i omsorgsarbeidet. Målsettinga var å spreie gode eksempel og bidra til erfaringsutveksling.

Fylkesmannen har etablert eit nettverk for sjukeheimslegar. Vi har to dagssamlingar kvart år. Interessen for dette har vært stor med opp mot 70 legar som deltakarar kavr gong. Programmet blir utarbeidd av vår geriater i samarbeid med legar i Bergen kommune.

Fylkesmannen i Hordaland er med i to nettverk, det eine saman med Senter for omsorgsforskning region Vest, USH, UHT og KS i Hordaland. Det er og etablert eit regionnettverk mellom USH,UST Senter for omsorgsforskning region Vest og representantar frå Fylkesmannen i Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland. Hensikta med nettverka er å utveksle informasjon om verksemdar, prosjekt, planar og idear.

### 86.2 Demensplan 2015

Fylkesmannen har delteke i møte med direktoratet, Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse og ved samarbeid med ulike kompetansmiljø og utvalde. Demens, og spesielt utgreiing av demens og tenestetilbod til personar med demens, kapasitet i tenestene og utfordringar som gjeld bemanning og opplæring er tekne opp i møte med pleie- og omsorgsleiarar hausten 2010. Fleire av dei opplyser at dagsenter kan bli tekne ut av tenestetilbodet fordi oppgåver som ikkje er lovfesta blir salderte i budsjetta.

Vi har hatt møte med NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus, Løvåsen undervisningssykehjem, Bjørgene undervisningssykehjem og Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse for å avklare ansvarsfordeling, oppgåver og kapasitet.

NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus har i 11 år fått tilskot til å bidra med opplæring om demens og drive nettverk for kommunane. I samarbeid med Løvåsen undervisningssykehjemmer det gjennomført tre kurs om ernæring til eldre og med særleg merksemd på ernæring til personar med demens.

Opplæringsprogrammet *Demensomsorgens ABC* er løfta fram i kurs og møte med kommunane. Det blir og gitt tilskot frå Kompetanseløftet 2015. Berre halvparten av kommunane i fylket har teke i bruk Demensomsorgens ABC. Vi inviterte kommunane til å søkje ekstra tilskot hausten 2010. Sju nye kommunar med til saman 411 deltakar starta opp. Av dei er det 206 som starta med Eldreomsorgens ABC.

Tilbod om pårørandeskular og samtalegrupper er godt. Vi samarbeider med Nasjonalforeningen for folkehelsen og har hatt møte med dei om samarbeid med pårørande. Målet er at alle pårørande til personar med demens skal ha eit tilbod.

Vi har vore pådrivar for at nye omsorgsplassar som blir bygde/ombygde med midlar frå investeringstilskotet er tilpassa og tilrettelagt for personar med demens og kognitiv svikt. Det har vore eigne møte med kommunar for å drøfte einskilde prosjekt. Vi har og delteke i møte med Husbanken og einskilde kommunar.

Vi har hatt og vil ha fokus på "aktiv omsorg". Kommunane er inviterte til til kurs i bruk av musikk i sjukeheimskvardagen og 11 kommunar har takka ja til tilbodet. Kurset blir halde i kommunane frå januar til mars 2011 av ein musikkterapeut med lang erfaring med musikkterapi for eldre. Ved å halde kursa i dei einskilde kommunane får fleire høve til å vere med. Dette har vi fått gode tilbakemeldingar på.

Bergen Røde Kors sykehjem har fått støtte til eit musikkprosjekt, der målet er å utvikle tenestetilbodet til personar med demens ved å bruke ulike musikktiltak til å redusere førekomst av uro.

Ingen kommunar brukar systematisk individuell plan til personar med demens. Vi meiner dette verktøyet er viktig for å sikre heilskapelege tenester og at ei større satsing på dette feltet er nødvendig.

I samarbeid med KS og kommunane arrangert vi ein to dagars konferanse for personell i helse- og omsorgstenestene der demens var eit av tema. Det var særleg vekt på bruk av teknologi og regelverk.

Vi har undersøkt korleis kommunane gjev informasjon om tenestetilbodet til personar med demens på nettsidene sine. I august 2010 var det ein kommune som gav slik informasjon.

### **86.3 Kompetanseløftet 2015**

Oppsummering av planar og resultatrapport for kommunane i Hordaland blei sendt til Helsedirektoratet 2.03.2010.

Fagskoleutdanning blei ikkje starta opp i Fusa og på Fitjar hausten 2010. I staden blei det starta opp eit utdanningstilbod om eldreomsorg med 12 deltakarar frå Odda kommune og 8 frå Bergen kommune. Utdanningstilbod om funksjonsnedsetting og rus blei ikkje starta opp fordi skolane ikkje fekk mange nok søkjarar. Fylkesmannen har ikkje fullstendig oversikt over kor mange som deltek på dei ulike skolane fordi det er store private tilbydarar som AOF og NKS. Vi har fått opplyst at 40 personar frå Bergen tek utdanning hos desse aktørane. Bergen kommune meiner fagskoletilbodet for helse- og sosialfag er diskriminert samanlikna med teknisk fag som har mykje betre økonomi.

Bergen kommune har senka målalet for kor mange nye vakse helsefagarbeidarar dei har sett som mål å utdanne. Det realistiske talet ligg mellom 500 og 600 personar. Kommunen meiner dei har tatt ut potensialet hos dei tilsette. Dei ser at det er eit nedre nivå for å klare teoretiske fag. Kommunane meiner og dei har teke ut potensialet for kor mange som kan ta desentralisert høgskoleutdanning.

Vi har og fått tilbakemelding på at det er vanskeleg å motivere tilsette i å ta utdanning. Tilsette ønskjer kurs, men

alle ønsker ikkje ei utdanning som krev økonomisk investering, eksamen og skriftleg arbeid.

Små kommunar har informert oss om at det er krevjande å ha nok tilsette med tilstrekkeleg kompetanse til å ivareta alle oppgåvene. I Ulvik kommune har dei 11 nasjonalitetar som er tilsett i pleie- og omsorg og med berre 1110 innbyggjarar krev det mykje av kommunen.

Høgskolen i Bergen måtte avlyse oppstart i fem kliniske vidareutdanningar i sjukepleie denne hausten. Skolen melder at dei har søkjarar, men at dei trekkjer seg fordi arbeidsgjevar ikkje finansierer utdanninga. Instituttleiarar skulle ønske det vart satsa på kompetanse som Samhandlingsreformen legg opp til.

På slutten av året fekk Bergen kommune eit ekstra tilskot på kroner 380 000 til leiarutdanning.

## 86.4 Investeringstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger

Søknader om tilskot vart vurderte fortløpande og prioriterte i høve til kunnskapen vi til ei kvar tid har om dekningsgrad og behov i dei aktuelle kommunane. Vi gav tilråding om investeringstilskot til 10 byggjeprojekt i åtte kommunar, 20 sjukeheimplassar og 28 omsorgsbustader, og om tilskot til fellesareal til to kommunar.

I 2010 kartla vi kva planar og vedtak kommunane har om å byggje sjukeheimar og bustader for heildøgns omsorg. Målet for Hordaland er 1180 plassar. Vi fekk svar frå 32 kommunar. Seks kommunar har ikkje planar. Kommunane vil byggje eller utbetre til saman 1485 omsorgsbustader og sjukeheimplassar dei komande åra. Planane omfattar 566 nye omsorgsbustader og 519 sjukeheimplassar, i tillegg til utbetring av 133 omsorgsbustader og 267 sjukeheimplassar. I alt planlegg kommunane å byggje vel 25 prosent fleire plassar enn Hordaland sin del av regjeringa sitt måltal for nye plassar. Det er gjort politisk vedtak for 825 av plassane.

Rapporteringar frå kommunane til Statistisk sentralbyrå (Kostra-tal) viser at det i tidsrommet 2006-2009 var ein tilvekst på 57 sjukeheimplassar i fylket, ei endring frå 3914 til 3971. I 2009 var det ein auke i talet på sjukeheimplassar i seks kommunar og ein reduksjon i fem kommunar. Det er om lag 20 institusjonsplassar per hundre innbyggjarar over 80 år.

Tilgangen på sjukeheimplassar og bustader for heildøgns helse – og omsorgstenester er mindre enn behovet. I kommunane i Hordaland er terskelen for å få slik plass høg.

Fylkesmannen har deltatt på dei halvårlege møta med Husbanken som er ein viktig møteplass for å kunne ivareta alle sider ved denne tilskotsordninga. Kommunane sine utfordringar og lav søknadsinngang har vore diskutert. Husbankens ramme for investeringstilskotet vil ikkje bli brukt opp i 2010, då søknadsinngangen er svært liten. Dette skyldast i hovudsak at kommunen ikkje har konkrete planar for igangsetting innan kort tid, og at fleire planar skyvast framover i tid. Foreløpig har kommunane vert noko avventande når det gjeld å søkje om investeringstilskot. Fylkesmannen vurderer dette at kommunane har ikkje økonomiske føresetnader for å byggje og drifte sjukeheimar på ein forsvarleg måte. Fleire kommunar valte å revurdere og utsetje byggjeplanane sine. Det er og eit misforhold mellom statens forventningar ovanfor kommunane, og kommunane sine evne til å planlegge og gjennomføre prosjekter, spesielt med tanke på svak kommuneøkonomi, varierende grad av planleggingskompetanse og at ”ting tar tid”.

Vi har delteke på fagdag saman med Husbanken, KS og ni kommunar. Målet var å diskutere utfordringar og dele erfaringar med kvarandre. Fylkesmannen har og delteke på møte med Husbanken og einssilde kommunar.

Vi har vore på kommunebesøk i underutval for samarbeidsrådet region Voss og region Nordhordland i 2010. Investeringstilskotet var eit av hovudtema. Til saman var vi i møte med 13 pleie- og omsorgsleiarar hausten 2010.

## 86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten

Vi har informert om tilgjengeleg opplæringsmateriell om etisk kompetanseheving og er kjende med at to kommunar, Bergen og Stord har inngått avtale om å delta i etikkprosjektet til KS. Vi har eit godt samarbeid med KS.

I 2010 har vi halde eitt saksbehandlingskurs for tilsette i pleie- og omsorgssektoren. Det var deltakarar frå dei fleste kommunane i fylket. Vi arrangerte også temadag om IPLOS med 150 deltakarar frå 29 kommunar. IPLOS blir teke opp som eige tema i kommunedialogen. Vi spør systematisk etter IPLOS i klager som gjeld heimesjukepleie og plass i sjukeheim.

I samarbeid med Senter for smittevern, Haukeland universitetssjukehus, Sund kommune og Kvam herad har vi laga ein rettleiar for smittevern i omsorgsbustader. Rettleiaren vart presentert på smittevernkonferansen i september 2010 og er sendt ut til kommunane, pleie- og omsorgstenesta i kommunane, helseføretaka m. fl.

I møte med kommunane og spesialisthelsetenesta har vi formidla erfaringar frå tilsyn med helse- og omsorgstenester til eldre. Der tema var trygge helse- og omsorgstenester. Føremålet var å bidra til at desse erfaringane blir brukte til læring og forbetring i tenestene.

Legetenester i sjukeheimar: Fleire av kommunane i dette fylket har gjort administrativt, men ikkje politisk vedtak om fastsetting av lokal norm. Ein kommune har framleis ikkje bestemt kva den lokale norma skal vere. Langtfrå alle har teke stilling til kva år dei tek sikte på å innfri og sidan evaluere norma. Sjølv om det kan vere feil i rapporteringane til Statistisk sentralbyrå, viser KOSTRA-tal 2009 at legedekkinga på sjukeheimane i fylket er låg.

Det er ikkje tilfredsstillande at ikkje alle kommunane har planar og sett tidsfristar for å innfri lokal norm. Sjølv om det er nødvendig å ta omsyn til ulike lokale tilhøve og at behovet for legebemanning er ulikt i ulike typar sjukeheimplassar, tilseier endra forventingar til kva pasientar kommunane får ansvar for, at dei lokale normene bør reviderast og oppjusterast.

Det er også behov for å lage og oppdatere planar for å auke kompetansen og bemanninga i sjukeheimane. Dette gjeld fleire faggrupper, men det er eit stort etterslep i legebemanninga og denne kompetansen er ein nøkkelfaktor. Styrking av legetenesta er ikkje berre eit spørsmål om timar. Det er viktig å leggje til rette for utvikling av eit fagmiljø for sjukeheimsmedisin. Mange sjukeheimslegar arbeider aleine. Dei vil ha behov for å utvide og oppdatere kompetanse og ha tilgang til eit fagleg nettverk.

Det er ikkje tilfredsstillande at ikkje alle kommunane har planar og sett tidsfristar for å innfri lokal norm. Sjølv om det er nødvendig å ta omsyn til ulike lokale tilhøve og at behovet for legebemanning er ulikt i ulike typar sjukeheimplassar, tilseier endra forventingar til kva pasientar kommunane får ansvar for, at dei lokale normene bør reviderast og oppjusterast. Dette er formidla til alle kommunane.

To gonger i året arrangerer vi samlingar for sjukeheimslegar i fylket. Desse samlingane er blitt ein viktig møtestad for fagleg oppdatering, drøfting og nettverksbygging mellom legane.

Det er også behov for å lage og oppdatere planar for å auke kompetansen og bemanninga i sjukeheimane. Dette gjeld fleire faggrupper, men det er eit stort etterslep i legebemanninga og denne kompetansen er ein nøkkelfaktor. Styrking av legetenesta er ikkje berre eit spørsmål om timar. Det er viktig å leggje til rette for utvikling av eit fagmiljø for sjukeheimsmedisin. Mange sjukeheimslegar arbeider aleine. Dei vil ha behov for å utvide og oppdatere kompetanse og ha tilgang til eit fagleg nettverk.

## **86.6 Undervisningssykehjem/ Undervisningshjemmetjenester/Lindrende behandling**

Vi er med i styringsrådet og samarbeider nært med Løvåsen undervisningssykehjem. Fleire forskings- og fagutviklingsprosjekt er igang. Utfordringa er å spreie dei gode døma og bidra til at god praksis blir omsett i praktisk arbeid.

For informasjonsutveksling og samarbeid har vi oppretta eit fagnettverk mellom undervisningssjukeheimen (USH), undervisningsheimetenestene (UST), Senter for omsorgsforskning region Vest, KS og fylkesmannen. Det er også oppretta eit nettverk i regionen mellom USH, UST, Senter for omsorgsforskning region Vest, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Rogaland.

I samarbeid med Kompetansesenter for lindrande behandling i helseregion Vest vurderte, prioriterte vi søknader om tilskot til lindrande behandling og omsorg ved livets slutt. Ved tildeling av tilskot følgde Helsedirektoratet innstillinga vår.

## **86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten**

Dei siste åra har vi gjennomført to kurs i saksbehandling kvart år. Kurset er aktuelt for leiarar og tilsette i kommunane som har ansvar for å treffe vedtak etter sosialtenestelova kapittel 4 og kommunehelsetenestelova § 2-1. På grunn av ressursituasjonen vår blei det berre arrangert eitt kurs i 2010. Kurset hadde om lag 40 deltakare

frå 15 av kommunane i Hordaland. I den perioden vi har hatt slike kurs har dei fleste kommunane i fylket deltatt.

Eventuelle manglar i saksbehandlinga blir også påpeikte i behandlinga av enkeltsaker, og vi gir ofte råd og rettleiing om dette pr. telefon.

Kommunane er jamt over flinke til å leggje ved IPLOS-registreringa når dei oversender klagesaker som pleie- og omsorg. I dei tilfella registreringa manglar, etterspør vi denne dersom saka ikkje er godt nok opplyst til å treffe vedtak. Vi viser elles til omtale på resultatområde 86.10.

## **86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn**

I 2010 har vi arbeida målretta med tema: "Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn". Vi ønskjer å vise konkrete døme på kva som ligg i omgrepet aktiv omsorg, jf. Rundskriv I-5/2007 der aktiv omsorg er omtalt tenesteprofil.

I løpet av våren og hausen 2010 har vi i lag med Senter for omsorgsforskning Vest, utvikla og laga prosjektet "Kommunar i dans med frivillig innsats". Dette prosjektet skal prøve å gjere kommunane gode til å samspele med frivillig uformell omsorg i familien og mot frivillige lag og organisasjonar. Fem kommunar er tekne ut til å vere med. Kvar kommune får 50 000 kroner for å delta. Kommunane og forskarar kjem i lag og gode modellar og metodar blir utvikla gjennom aksjonsforskning. Fyrste samling for kommunane er i mars 2011. Prosjektet blir avslutta i september 2012. Fylkesmannen i Hordaland er med på å finansiere dette prosjektet gjennom tilskot frå helsedirektoratet og tildeling av eige skjønnsmiddel.

I juni inviterte vi alle kommunane til ei samling på to dagar i Ulvik. Den eine dagen var det forskjellige tema om frivillig arbeid.

Hausten 2010 inviterte vi kommunane til kurs om musikk i kvardagen på sjukeheimen. 11 kommunar har takka ja til tilbodet. Kurset vert haldne ute i kommunane frå januar til mars 2011. Vi har fått god tilbakemelding på at kurset vart halde ute i dei einskilde kommunane, då får fleire delta. Kurset vert halde av ein musikkterapeut.

Rundskriv om Aktiv omsorg og rett til eigen trus- og livssynsutøving er delt ut på konferansar. Vi har og kjøpt inn boka "Utviklingshemming og tros- og livssynsutøvelse" og sendt boka til alle kommunane i Hordaland. Bergen kommune fekk 16 bøker. Dei ville ha ei bok til alle leiarane for utviklingshemming og ta tema opp i felles møte.

## **86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming**

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte i samarbeid med NAKU konferanse om tvungen somatisk helsehjelp til personar med psykisk utviklingshemming, der eit av tema var grenseoppgangen mellom kapittel 4A i sosialtenestelova og kapittel 4A i pasienretslova. Målgruppa var mellom anna tilsette med ansvar for tenester til utviklingshemma.

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte saman med Helsetilsynet i fylket to konferansar der erfaringar frå gjennomførte tilsyn i 2010 var tema, mellom anna gjennomførte systemrevisjonar med sosialtenestelova kapittel 4A. Konferansane omfatta alle kommunane i Hordaland.

Fylkesmannen i Hordaland gjekk ut over sakshandsamingstida på 3 månader i 59 av 131 saker.

## **86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk**

Vi arrangerte temadag om IPLOS med 150 deltakarar frå 29 kommunar. I fleire møte med kommunane har vi spurt om korleis IPLOS blir brukt. IPLOS-registreringar blir innhenta ved behandling av klager på heimesjukepleie og plass i sjukeheim. Det ergitt rettleiing i enkeltsaker, og vi har følgd opp ein kommune som hadde sendt inn mangelfulle data til SSB. Ei av utfordringane er å få fleire til å sjå nytten av og bruke IPLOS-data i lokal tenesteutvikling. Det er få leiarar i kommunane som spør etter informasjon frå IPLOS.

---

## **Resultatområde 87 Psykisk helse**

## 87.1 Tvungen undersøkelse

## 87.2 Behandling uten eget samtykke

## 87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene

Vi kvalitetssikra og sende rapporteringa frå kommunane til Helsedirektoratet den 11.06.2010, jf. rundskriv IS-24/2009.

Samanstilling om utviklinga i den einskilde kommunen blei sendt 19. april 2010.

Vi arrangerte to nettverkssamlingar for kommunane, distriktpsikiatriske senter og brukarorganisasjonane 7. og 8.12.2010.

## Resultatområde 88 Rusområdet

Rusarbeid 43 466 429

KTP 2 700 000

I alt 46 166 429

Tilskota i 2010 er fordelte slik på kommunane:

Bergen 24 814 800

Stord 3 365 000

Askøy 1 902 000

Os 1 870 000

Lindås 1 525 000

Fjell 1 500 000

Odda 1 500 000

Sveio 1 500 000

Meland 1 330 000

Voss 1 000 000

Osterøy 735 000

Kvam 1 000 000

Bømlo 997 500

Øygarden 700 000

Fitjar 500 000

Sund 500 000

Ullensvang 500 000

Vaksdal 500 000

Tysnes 427 129

I alt 43 466 429

Fylkesmannen har løyvt 46,16 millionar kroner til 58 prosjekt og tiltak for rusavhengige i 19 kommunar i Hordaland. Det er 22,4 millionar meir enn i fjor.

Av 60 innkomne søknadar i 2010 fekk 3 avslag medan ein kommune som fekk tilskot takka nei til tilskotsmidlar då tiltaket vart avvikla i løpet av 2010.

Fylkesmannen har også fått tildelt tilskot til vidare-/ etterutdanning på rusfeltet over statsbudsjettet kapittel 0763 post 61 med kr 1 060 000 til fordeling. Etter utlysing og invitasjon til å søke ble det tildelt kr 1 039 723 til dette formålet. Av 10 innkomne søknadar vart 3 gjeve avslag.

## **88.2 Rusmiddelarbeid**

På rusområdet i 2010 har Fylkesmannen hatt mange ulike kompetansehevande tiltak som har gått fram av aktivitetsskalenderen og alle knyttast til rusoppdraget.

Tre av tiltaka er utvikla og gjennomført i saman med Stiftelsen Bergensklinikkane, Kompetansesenteret. Tilsette både i stat og kommune har vore invitert til desse tiltaka. Dei tre tiltaka har vore på hovudtema: Legemiddelassistert rehabilitering (LAR), individuell plan, rus og psykiske lidningar. Til saman 100 personar har vore påmeldt på desse tiltaka. Dei har vorte gjennomført som prosessgrupper 3 x1 dag per hovudtema. Knytt til hovudtema nemnd ovanfor har følgjande tema vore oppe på dei ulike fagsamlingane:

Avhengigheit til rusmiddel, ungdom og rusmiddel, ungdom med ruslidningar-kva karakteriserer denne grppa, behandlingssmessige konsekvenser. Komorbiditet/dobbeltdiagnosar, personlighets-forstyrningar, ruslidningar og behandling, psykoseproblematikk. Kva er LAR-behandling? Kva er krava i eit behandlingssopplegg med fokus på LAR? Arbeid i ansvarsgruppe, motivasjonsarbeid. Verksame relasjonar, kva er individuell plan - fagleg bakgrunn, erfaringar frå praksis.

Det har vore omlag 4 veker mellom kvar samling, slik at det har vore rom for lokale prosessar knytt til opplærings dagane. Prosessgruppene har vore evaluert av deltakarane som har gjeve gode tilbakemeldingar på denne.

Hausten 2007 vart det sett i gong eit samarbeide med fylkesmannen og kompetansesenteret for rus der vi inviterte kommunane til å delta i eit arbeid for å få utarbeida rusmiddelpolitiske handlingsplanar. Det var laga til eit opplegg med fleire dags samlingar, der siste samlinga var i februar 2008. Til saman 9 kommunar følgde dette tiltaket. Dette vart vidareført i 2010 med same opplegg og siste samling er i januar 2011. 7 kommunar følgde tiltaket.

Seint på året i 2008 vart det sett i gong eit større utviklingsarbeid knytt til arbeidet med tidlig intervensjon overfor risikoutsette barn. Det vil bli etablert nettverk knytt til dette arbeidet som nyleg er sett i gong i sju kommunar / bydelar. Dette arbeidet gjekk i heile 2009. I 2010 vart det gjennomført ein kartlegging på tidlig intervensjon i regi av Kompetansesenter rus region vest, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Hordaland. Det ble med bakgrunn i denne tilbuds kommunene i fylkene å delta i ulike kompetanseutviklingsområder knyttet til unge i risiko og Voksne/indirekte barn. 12 ulike kommunar har svart på dette og et eit eiga opplegg vil bli gjennomført i 2011.

Bergen kommune er i tillegg løyvd tilskot til å vidareføre eit kompetanseutviklingsprogram knytt til arbeidet med barn som veks opp med foreldre som misbruker rusmidlar. Det vil bli invitert til fire fagdagar på tema:rusmiddelforståing, lovgrunnlag, den viktige samtalen og tverrfaglig samarbeid. Bergen kommune fekk midlar til dette i 2008 og 2009, skal no slutføre dette for dei resterande bydelar i 2010.

Fylkesmannen arrangerte 19. november 2010 ei dagssamling for dei som er leiarar for og som arbeider med utviklingsoppgåver ved sosialtenestene/NAVkontora i fylket, for å oppdatera dei på statlege satsingar på rus/sosialområdet i 2011, og informera om kva statlege ordningar som kommunane kan få løyvingar frå i 2011.

I Hordaland er det tre kommunar; Lindås, Stord og Bergen som har fått løyvd tilskot til ordninga med koordinerande tillitsperson (KTP). I april 2010, saman med FM Rogaland og FM Sogn og Fjordane, blei KTP



samla til dagsmøte i Bergen for å utveksla erfaringar m.m. Dette vil bli ei fast samling ein til to gongar i året i Bergen for desse prosjekta. Prosjektet er inne i sitt siste år, nasjonale nettverkssamlingar og prosjektleiarsamlingar er og ein viktig del av aktivitetane til desse prosjekta.

I arbeidet på rusfeltet har det også i 2011, som det var i 2009 og 2010, vore ein klar målsetjing å se det kommunale rusarbeidet i samheng med Kvalifiseringsprogrammet. Det har difor vore arrangert ei stor samling for tilsette i NAV kontora over to dagar i desember kor tema var kvalifiseringsprogrammet og avslutning av dette, og erfaringspreiing fra rusprosjekt i Hordaland. Det var omlag 140 deltakarar. Samlinga var lagt opp som ein erfaringskonferanse.

I juni har det vore leiarsamling for Sosial og Nav leiarar, der ein dag var avsett til arbeidet med Kvp, og ein dag var med fokus på rus.

I november 2009 vart det sett i gong ei eiga satsing (prosjekt)knytt til å få rusavhengige til å betre kunna nyttiggjera seg kvalifiseringsprogrammet. Sju kommunar/ Nav kontor deltek i satsinga som har gått i heile 2010 der deltakande kontor får månadleg fagleg rettleiing og blir tilført kompetanse knytt til gjennomføringa av prosjektet. I 2010 har det også vore halde to x 2 dagars fagsamlingar for dei som deltek i dette prosjektet.

Fylkesmannen har hausten 2010 holdt eit opplæringsprogram i anerkjennande prosjektleiing med ekstern føredragshaldar. Dette programmet har vore retta mot medarbeidarar i dei kommunale rusprosjekta som mottek tilskotsmidlar. Målet for opplæringsprogrammet har vore å gi prosjektmedarbeidarane eit kompetansehevande tilbud. 30 påmeldte deltakarar. Dette vart gjennomført som 2 dag samlingar og ein 2-dagars samling.

Rusrådgiver har i samarbeid med rådgiver på psykisk helse, v/ helseavdelingen hos fylkesmannen arrangert nettverkssamlingar i Bergen og på Stord, 7 og 8 desember. Dette var dag samlingar med 200 påmeldte i Bergen og 100 påmeldte på Stord. Tema var psykisk helse og rus med vekt på relasjons- og motiveringsarbeid og samarbeid på tvers av arenaer og etatar. Målgruppe var: personell i kommunane som arbeider med psykisk helseteneste, rusarbeid og sosialteneste (NAV), distriktspsykiatriske sentre (DPS) og brukarorganisasjonar.

Gjennom 2010 har fylkesmannen delteke på samlinger i regi av Helsedirektoratet knytt til tilskuddsordningane på rus, KTP og LAV, og dei felles rådgiversamlingane på psykisk helse og rus. Fylkesmannen har også delteke på helsedirektoratets høringskonferanse på Stoltenbergutvalget i desember 2010.

### **Statlege tilskot til kommunal rusomsorg 2010**

Fylkesmannen fordeler midlane til til kommunane på oppdrag frå Helsedirektoratet.

### **Samordning av tilskotsordningane**

Tidlegare har Fylkesmannen hatt tre tilskotsordningar på dette området, men i år er midlane samla i ei ordning. Dette medfører at det ikkje er eigne budsjettpostar til desse tre tilskota i 2010:

- Styrking av heilskaplege oppfølgingstenester til rusmiddelmissbrukarar (STYRK),
- Oppfølgingstenester til personar i legemiddelassistert rehabilitering (LAR) og
- Lågterskel helsetiltak for rusmiddelmissbrukarar, herunder tannhelsetenester (LAV).

Den fjerde ordninga, tilskot til forsøk med bruk av tillitspersonar og samordning av psykososialt arbeid (KTP), har framleis eigen budsjettpost.

Midlane er fordelte slik etter ordning:

## **Ressursrapportering**

Under res.omr. 87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet på fagdept. utgjør ca. 2,4 mill. kroner utbetaling av honorar til kontrollkommissjonane.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
81 Tilsyn og klagesaksbeh. etter sosialtj. loven	kr 1 046 929,87	kr 2 420,98
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 5 921 880,73	kr 1 032 230,00

83 Folkehelsearbeid	kr 647 636,71	kr 92 731,19
84 og 85 Primærhelsetj. og Spesialhelsetj.	kr 905 632,77	kr 40 549,93
86 og 75 Omsorgstj, Habilitering og Rehabilitering	kr 1 665 588,26	kr 2 143 262,48
87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet	kr 1 211 341,36	kr 3 872 598,04
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 2 331 636,48	kr 95 674,28
Andre oppgaver under HOD	kr 56 905,44	kr 0,00
Sum:	kr 13 787 551,00	kr 7 279 466,00

## **Samferdselsdepartementet**

### **Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet**

#### **91.1 Avkjørselssaker etter vegloven**

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje handsama klager etter veglova i 2010.

## **Utenriksdepartementet**

### **Resultatområde 92 Oppdrag for utenriksdepartementet**

#### **92.1 Apostiller**

Embetet har behandla 4271 apostiller i 2010.

## **Kulturdepartementet**

### **Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn**

Fylkesmannen har handsama alle mottekne søknader om statstilskott for trdomssamfunn i 2010.

Det er utbetalt støtte for 11.507 medlemmar. (Tilskudd for 289 av disse medlemmane vart utbetalt i 2011 grunna tilbakehald).

Vi har registrert 4 nye trdomssamfunn i 2010. Eit trdomssamfunn vart oppløyst.

Vi viser ellers til eigen årsrapport som er sendt til Kulturdepartementet.

## Resultatområde 96 Gravferdsloven

Fylkesmannen fatta i 2010 57 vedtak etter gravferdslova § 20 andre ledd. Det vart innvilga 51 løyve til oskespreiing. Det er gitt ein del orientering og rettleiing til publikum over telefon.

## Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

### 98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

#### *Innvandrarbakgrunn:*

Embetet har som mål å auke talet på tilsette med innvandrarbakgrunn. I 2010 vart det ikkje tilsett nokon med innvandrarbakgrunn (ssb sin definisjon). I samband med utlysing av ledige stillingar vert alltid personar med innvandrarbakgrunn oppmoda om å søkje. Til tross for dette er det få søkjarar med innvandrarbakgrunn til ledige stillingar hos oss. Søkjarar med innvandrarbakgrunn vert alltid innkalla til intervju dersom dei er kvalifiserte. I 2010 har ein person med innvandrarbakgrunn vore kalla inn til intervju.

#### *Nedsett funksjonsevne:*

I samband med delmål 2 i IA-avtalen (rekruttere personar med nedsett funksjonsevne) har embetet i samarbeid med nav gjennom fleier år hatt personar med nedsett funksjonsevne i arbeidstrening/utprøving av arbeidsevne o.l. I løpet av 2010 har totalt 4 personar hatt arbeidstrening/utprøving av arbeidsevne hos fylkesmannen. Søkjarar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje ledige stillingar, og minst ein søkjar med nedsett funksjonsevne skal kallast inn til intervju under føresetnad av at formelle kvalifikasjonskrav er oppfylde. Det er likevel få søkjarar som tilkjenne gir at dei har nedsett funksjonsevne. I 2010 var ingen personar med nedsett funksjonsevne kalla inn til intervju.

Embetet har kontinuerleg fokus på Universell utforming, og ser dette som eit viktig virkemiddel for å kunne rekruttere og beholde medarbeidarar med nedsett funksjonsevne. Embetet har eigen handlingsplan på området og har sett i verk fleire tiltak.

#### *Seniorpolitikk:*

Fylkesmannen er oppteken av at vi skal legge forholda til rette for å beholde seniorane våre så lenge som råd. Pr. 1. desember 2010 var 15 prosent av dei tilsette i aldersgruppa 60-69 år. *Oppfølging IA*

*Fylkesmannen har eit stabilt lågt sjukefråvær. Totalt sjukefråvær i 2009 var på 5,7 prosent. Det har vore ein svak auke frå 2009 då sjukefråværet var på 4,7 %. Vi reknar med at auken skuldast pandemien som råka hausten 2009 og varte utover vinteren 2010. Vi har i tillegg hatt ein tøff tid med budsjettkutt, innsparingar og omorganisering. Dette kan og ha påverka sjukefråværet i negativ retning. Fylkesmannen har som mål å hindre at tilsette fell ut av arbeidslivet og vert uføretrygda. Som førebyggjande tiltak har embetet i samarbeid med bedriftshelsetjenesta arrangert rygg- og nakkeskule. Det har og vore gitt instruksjonar i trening med "terapi-master". Embetet har kjøpt inn treningsstrikk, balanseputar og dagslyslampar som forebyggjande tiltak mot sjukefråvær. I tillegg har vi lav terskel for å gjennomføre arbeidsplassvurderingar med fysioterapeut. Fylkesmannen vil ha fokus på sjukefråvær framover.*

*Det har vore møte med arbeidslivssenteret for å diskutere virkemidler med sikte på oppfyljing av delmål 2 og 3.*

Revidert IA-avtale medfører at embetet må inngå ny IA-avtale med arbeidslivssenteret, og med partane her hos oss. Dei tillitsvalde vil få ei større rolle i IA-arbeidet framover, og skal ansvarleggjerast saman med leiarar, tilsette og verneombud.

**Tilsatte med innvandrerbakgrunn**

Embete	Antall 2010	% 2010	Antall 2011	% 2011
FMHO	2	1	2	1
<b>Sum</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>1</b>

## 98.2 Kompetanseutvikling

Medarbeidersamtalar og virksomhetsplanar skal danne grunnlag for fordeling av kompetansemidlar ved embetet. På bakgrunn av dette vert det utarbeidd ein opplæringsplan kvart år. Dei tilsette skal sikrast fagleg påfyll og få dekt kompetansebehovet sitt i høve til dei arbeidsoppgåvene dei har. Fylkesmannen er opptatt av at det skal gis lik mulighet til karriereutvikling og personlig utvikling uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne og etnisk bakgrunn.

I 2010 hadde embetet felles opplæringstiltak innan nynorskkompetanse, datakompetanse, skrivekurs, språkseminar og medietrening. Vi tilbyr også deltaking på seniorkursa som Statens pensjonskasse arrangerer.

Verksemda legg opp til kompetansehevingstiltak gjennom felles kurs og seminar. I tillegg til dette kjem individuelle kompetansehevingstiltak som vert avtalt mellom leiar og den einskilde tilsette. Vi ser at det er eit gjennomgåande trekk at fleire under 50 år ønskjer å delta på kompetansehevande tiltak enn det som er tilfelle for aldersgruppa over 50 år.

**Fordeling menn/kvinner i lederstillinger**

Embete	Kunngjorte lederstillinger	% tilsatte kvinner	% tilsatte menn	Antall kvinnelige ledere	Antall mannlige ledere
FMHO	72	61	39	6	12

**Fordeling av kompetansemidler**

Embete	% kompetanse kvinner	% kompetanse menn	% under 50 år	% over 50 år
FMHO	66	34	76	24

## 98.3 Medvirkning

Fylkesmannen er oppteken av å sikre medbestemmelse og medverknad frå tilsette og deira fagorganisasjonar. Embetet har utarbeidd strategier for å sikre medbestemmelse og medverknad for tilsette og organisasjonane deira, retta både mot avdelingsnivå og embetsnivå.

Fylkesmannen ser viktigheten av å ha ein godt og tett dialog med organisasjonane. Foruten fire faste samarbeidsmøte mellom ebetsleiinga og organisasjonane kvart år, vert det halde møte i samband med budsjett og lokale forhandlingar. Det er nedfelt i lokal tilpasningsavtale at møte skal avhaldast dersom ein av partane finn det naudsynt.

I 2010 hadde embetet gåande ein intern omorganiseringsprosess. Prosessen ivaretok medverknad ihht. lov og avtaleverk, mellom anna gjennom partsamansette arbeidsgrupper. I tillegg vart det avhalde informasjonsmøte med alle organisasjonane og allmøte.

Saker som omfatter heile embetet og som er avdelingsoverskridande skal handsamast på embetsnivå. Omorganiseringsprosessen har prega samarbeidet mellom leiinga og dei tillitsvalde i 2010. I tillegg til jamnleg budsjett og økonomioppdateringar grunna stram økonomi og innsparingstiltak. Informasjon om ledige stillingar som lysast ut vert send til alle organisasjonane på embetet. Dette sikrar reell medverknad når det gjeld stillings- og lønsplassering.

Fylkesmannen tilstreber å sikre deltaking frå organisasjonane i interne råd og arbeidsgrupper.

Administrasjonssjefen ved embetet har vore leiar for Nettverksgruppa for vestlandet (samarbeid og medbestemmelse, HTA pkt. 5.6.1). Nettverksgruppa arrangerte to seminar i 2010, og målgruppa var leiarar og tillitsvalde i statlege verksemder i Hordaland og Sogn og Fjordane. Hensikten var å auke samarbeidskompetansen

og sikre medbestemmelse og samarbeid mellom partane i arbeidslivet.

## 98.4 Likestilling og likeverd

Handlingsplan for arbeidet med universell utforming hos FmHo vart ferdigstilt i 2010 av ei tverrfagleg arbeidsgruppe. Planen vart presentert for leiinga og dei tilsette på internseminar om universell utforming 16.04.2010. På seminaret vart også handlingsplanen Norge universelt utformet 2025 presentert ved repr frå Miljøverndepartementet. I arbeidet med handlingsplanen vart diskriminerings- og tilgjengelighetslova gjennomgått og det vart sett på dei ulike arbeidsfelt til fylkesmannen i høve til UU. UU i informasjonsarbeid og kommunikasjon var ein viktig del. Andre tiltak er konkret oppfølging i Statens Hus og universell utforming ved innkjøp og tenester.

Fylkesmannen er oppteken av at alle får samme anledning til jobbutvikling, tildeling av kompetanseoppbyggjande arbeidsoppgåver, leiaroppgåver og leiarutvikling, lønnsopptrykk og avansement, uavhengig av kjønn, alder, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. Vi arbeider for å få ein rimeleg balanse mellom kjønna i leiarstillingar på alle nivå. Fylkesmannen i Hordaland arbeider aktivt for å fremme likestilling og hindre diskriminering gjennom ein bevisst personalpolitikk og personaleiing. Det går fram av tilpasningsavtalen at det ved nedsetting av interne arbeidsgrupper o.l. skal sikrast jamn kjønnsfordeling. I tillegg skal avdelingsleiing og embetsleiing alltid vurdere kjønnsrelevans ved tilsetningar, og særleg vurdere kvinnerepresentasjon i leiargruppa.

Pr. 1.12.2010 hadde embetet 189 tilsette. Av desse var 105 kvinner ( 56 %) og 84 menn ( 44 %). Leiargruppa består av 18 personar, derav 6 kvinner (33 %) og 12 menn (67%). Kjønnsfordelinga har vore stabil dei siste åra. Kvinner dominerer innafor konsulentkodene ( saksbehandlargruppe I), medan kjønnsfordelinga i høgare saksbehandlargruppe er jamnare fordelt. Menn ligg noko høgare plassert i løn enn kvinner. Forskjellen er likevel liten og ligg jamnt over på 1-2 lønnstrinn. Embetet har særkilt fokus på å rette opp eventuelle kjønnsbaserte forskjellar i høve til lokale lønnsforhandlingar. Mellom anna er ein obs på at dei som er i foreldrepermisjon og omsorgspermisjon skal ha like store sjansar for å nå fram med sine krav som andre. I lokalt lønnsoppgjær i 2010 hadde leiinga mellom anna fokus på å få flytta ein større andel kvinner over i stillingskode 1364 seniorrådgjevar, for å utjamne forskjellar.

Embetet utarbeider kvart år ein utfyllande personal- og likestillingsrapport med følgande punkter:

1. Kjønnsfordeling i stillingskategoriar og i gjennomsnittleg lønsplassering
2. Stillingsstruktur og kjønnsfordeling i saksbehandlargruppa
3. Gjennomsnittleg lønsplassering for kvinner og menn
4. Alder og kjønn
5. Kjønnsfordeling ved rekruttering
6. Fordeling av deltidstillingar grunna omsorgsoppgåver i heimen
7. Fråvær ved barns sjukdom
8. Sjukefråvær fordelt på kvinner og menn
9. Sjukefråvær fordelt på alder
10. Tiltak for likestillingsarbeidet ved embetet

## Andre

### Ressursrapportering

På res.omr. 950 er felles driftsutgifter teke med som til dømes husleige og driftskostnadar, IT-utstyr m.m.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 101 530,02	kr 0,00
Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 2 530,81	kr 0,00
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 28 725 795,45	kr 0,00

Sum:

kr 28 829 856,00 kr 0,00